



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 88 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i opplæringslova,
folkehøgskolelova, friskolelova m.m.
(samleproposisjon)



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 88 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i opplæringslova,
folkehøgskolelova, friskolelova m.m.
(samleproposisjon)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4.5.4	Ei felles føresegn for grunnskole og vidaregåande opplæring i opplæringslova kapittel 9 A	34
2	Høyringar	7		Departementet sitt forslag	35
2.1	Plikt til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur og høve til skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring	7	4.6		
2.2	Rett til opplæring i kvensk i grunnskolen og oppnemning til og samansetjing av yrkesopplæringsnemndene	8	5.1 5.2 5.3 5.4	5 Opplæring i kvensk i grunnskolen	36 36 36 37
2.3	Forbod mot tilsetjing i vidaregåande skolar og folkehøgskolar for personar med dom for seksuelt overgrep mot mindreårige	9	5.5 5.5.1 5.5.2	Departementet sine vurderingar .. Om retten til opplæring i finsk eller kvensk .. Om andre merknader frå høyringsinstansane	38 38 39
2.4	Krav til butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsetjast i barnehage eller skole	10	5.6	Departementet sitt forslag	39
3	Plikt til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur med overnatting	12	6	Oppnemning til og samansetjing av yrkesopplæringsnemndene	40
3.1	Bakgrunnen for forslaget	12	6.1	Bakgrunnen for forslaget	40
3.2	Gjeldande rett	12	6.2	Gjeldande rett	40
3.2.1	Opplæringslova	12	6.3	Høyringsforslaget	41
3.2.2	Friskolelova	13	6.4	Høyringsfråsegner	41
3.3	Høyringsforslaget	13	6.4.1	Rett for alle organisasjonane som er representerte i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring, til å vere representerte i yrkesopplæringsnemndene	41
3.4	Høyringsfråsegner	13	6.4.2	Likestilling av praksisbrevkandidatar, elevar, lærlingar og lære­kandidatar	43
3.4.1	Behov for å få lovfesta ei plikt for skoleeigaren	14	6.5	Departementet sine vurderingar ..	43
3.4.2	Om innhaldet i plikta	15	6.5.1	Rett for alle organisasjonane som er representerte i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring, til å vere representerte i yrkesopplæringsnemndene	43
3.4.3	Økonomiske konsekvensar	18	6.5.2	Likestilling av praksisbrevkandidatar, elevar, lærlingar og lære­kandidatar	44
3.5	Departementet sine vurderingar ..	18	6.6	Departementet sitt forslag	44
3.5.1	Behovet for å få lovfesta ei plikt for skoleeigaren	18			
3.5.2	Om innhaldet i plikta	19			
3.6	Departementet sitt forslag	21			
4	Høve til å påleggje skolebyte i vidaregåande opplæring	22	7	Politiattest	45
4.1	Bakgrunnen for forslaget	22	7.1	Bakgrunnen for forslaget	45
4.2	Gjeldande rett	22	7.2	Gjeldande rett	45
4.3	Høyringsforslaget	23	7.2.1	Generelt om bruk av politiattest ...	45
4.4	Høyringsfråsegner	24	7.2.2	Opplæringslova	45
4.5	Departementet sine vurderingar ..	26	7.2.3	Friskolelova	46
4.5.1	Om behovet for ein lovheimel for å påleggje skolebyte i vidaregåande opplæring	26	7.2.4	Folkehøgskolelova	47
4.5.2	Vilkår som må vere oppfylte for at ein skal kunne påleggje skolebyte	28	7.3	Høyringsforslaget	47
4.5.3	Krav til saksbehandlinga	32	7.4	Høyringsfråsegner	47

7.4.1	Generelt om høringa	47	9.4	Yrkeskvalifikasjonslova § 2	56
7.4.2	Konsekvensar av oppført dom på politiattest for seksuelt overgrep mot mindreårige	47	9.5	Yrkeskvalifikasjonslova § 20	56
7.4.3	Obligatorisk framlegging av politiattest ved tilsetjing i folkehøgskole	48	10	Økonomiske og administrative konsekvensar	58
7.5	Departementet sine vurderingar ..	49	10.1	Leirskoleopphald eller annan skoletur	58
7.5.1	Konsekvensar av oppført dom på politiattest for seksuelt overgrep mot mindreårige	49	10.2	Skolebyte	58
7.5.2	Obligatorisk framlegging av politiattest ved tilsetjing i folkehøgskole	50	10.3	Rett til opplæring i kvensk i grunnskolen	59
7.6	Departementet sitt forslag	50	10.4	Samansetjing av yrkesopplæringsnemndene	59
8	Butid	51	10.5	Politiattest	59
8.1	Bakgrunnen for forslaget	51	11	Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget	61
8.2	Gjeldande rett	51	11.1	Endringar i opplæringslova	61
8.2.1	Barnehage og skole	51	11.2	Endringar i friskolelova	64
8.3	Høyringsforslaget	52	11.3	Endringar i folkehøgskolelova	64
8.4	Høyringsfråsegner	52	11.4	Endringar i yrkeskvalifikasjonslova	65
8.5	Departementet sine vurderingar ..	54		Forslag til lov om endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (plikt til å tilby skoletur med overnatting, skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring, opplæring i kvensk, samansetjing av yrkesopplæringsnemnder, politiattest i vidaregåande skole m.m.)	66
8.6	Departementet sitt forslag	55			
9	Endringar i opplæringslova som ikkje har vore på høring	56			
9.1	Innleiing	56			
9.2	Opplæringslova § 2-12	56			
9.3	Opplæringslova § 4-5	56			



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 88 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (samleproposisjon)

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 10. april 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kunnskapsdepartementet legg med dette fram forslag til fleire endringar i opplæringslova, i folkehøgskolelova og i friskolelova.

Departementet foreslår å lovfeste ei plikt for kommunar til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur med overnatting for elevar i grunnskolen. Leirskoleopphaldet eller skoleturen skal ha ei lengd på minst tre overnattingar. Det skal vere ein del av grunnskoleopplæringa og må derfor vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Forslaget er vidare omtalt i kapittel 3.

Kapittel 4 omtaler eit forslag til endring i opplæringslova og i friskolelova som vil gi skoleeigaren høve til å fastsetje skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring. Dette skal gjelde for elevar i både offentlege skolar og friskolar.

Departementet følgjer opp *Målrettet plan for kvensk språk 2017–2021* og foreslår at elevar i grunnskolen som har rett til opplæring i finsk, òg skal ha rett til opplæring i kvensk dersom dei heller ønskjer det. Endringa vil tydeleggjere at elev-

ane har rett til å velje opplæring i kvensk. Forslaget er omtalt i kapittel 5.

Kapittel 6 omtaler eit forslag om å lovfeste ein rett for alle organisasjonane som i dag er representerte i det nasjonale Samarbeidsrådet for fag- og yrkesopplæring, til å vere representerte i dei fylkeskommunale yrkesopplæringsnemndene. Vidare foreslår departementet at når fylkeskommunane skal nemne opp ein representant for elevar, lærlingar eller lære kandidatlar til yrkesopplæringsnemnda, så skal dei òg kunne nemne opp ein praksisbrevkandidat. Forslaget likestillar desse gruppene.

Kapittel 7 omtaler eit forslag om å lovfeste eit forbod mot tilsetjing i vidaregåande skolar og folkehøgskolar for personar som er dømde for seksuelt overgrep mot mindreårig. Forbodet skal òg gjelde i vidaregåande friskolar. Vidare foreslår departementet å innføre plikt til å leggje fram politiattest ved alle tilsetjingar i folkehøgskolar.

Departementet omtaler i kapittel 8 eit forslag om å innføre ein heimel til å utarbeide forskrifter med krav om butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsetjast i barnehage eller skole. Forslaget har vore på høyring, men blir ikkje fremja.

Kapittel 9 omtaler nokre forslag til tekniske endringar i opplæringslova og yrkeskvalifikasjonslova.

2 Høringar

2.1 Plikt til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur og høve til skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring

Eit høyringsnotat med forslag til endringar i opplæringslova og friskolelova blei sendt på høyring 21. september 2018.

Forslaget gjaldt innføring av ei plikt for kommunar til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur med overnatting for elevar i grunnskolen. Vidare foreslo ein å gi skoleeigaren høve til å fastsetje skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring.

Høyringsfristen var 2. januar 2019. Høyringa gjekk ut til desse høyringsinstansane:

Departementa

Barneombodet
 Bufdir
 Datatilsynet
 Folkehelseinstituttet
 Forbrukarombodet
 Forbrukarrådet
 Noregs forskingsråd
 Foreldreutvalet for grunnopplæringa – FUG
 Fylkesmennene
 Kompetanse Noreg
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
 Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar
 Reglerådet
 Riksrevisjonen
 Sametinget
 Sivilombodsmannen
 Språkrådet
 SSB
 Statped
 Sysselmannen på Svalbard
 Utdanningsdirektoratet

Fylkeskommunane
 Kommunane
 Longyearbyen lokalstyre

Sentraleininga for fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Høgskolane
 Universiteta
 Frittstående skolar (godkjende etter friskolelova)
 Private grunnskolar (godkjende etter opplæringslova § 2-12)

Abelia – Forum for friskoler
 Akademikerne
 Antirasistisk Senter
 Atferdssenteret
 Barnevakten
 Blindedeforbundet
 Blå Kors
 Dysleksi Norge
 Elevorganisasjonen
 FAFO Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning
 Fagforbundet
 Fellesorganisasjonen
 Forandringsfabrikken
 Foreldrenettverk Mot Mobbing
 Foreningen Mobbing i Skolen
 Forskarforbundet
 FRI – Foreininga for kjønns- og seksualitetsmangfald
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
 Handikappede Barns Foreldreforening
 Hørselshemmedes barns organisasjon
 Hørselshemmedes Landsforbund
 Innvandrerne Landsorganisasjon
 Institutt for samfunnsforskning
 Kristent Pedagogisk Forum
 Kristne Friskolers Forbund
 KS
 Landsforeningen for barnevernsbarn
 Landsorganisasjonen i Noreg
 Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)
 Lykkelige barn
 Lærernes Yrkesforbund
 Læringsmiljøsenderet UiS
 Mental Helse Ungdom
 MOT

NHO – Næringslivets Hovedorganisasjon
 Nordisk institutt for studium av innovasjon,
 forskning og utdanning
 Norges Døveforbund
 Norges Handikapforbund
 Norges Kvinne- og familieforbund
 Norsk Sykepleierforbund
 Norsk Forbund for Utviklingshemmede
 Norsk Foreldrelag for Funksjonshemmede
 Norsk Fosterhjemforening
 Norsk Leirskoleforening
 Norsk Lektorlag
 Norsk Montessoriforbund
 Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
 Norske Kveners Forbund
 Norske Samers Riksforbund
 OdinStiftelsen
 Organisasjonen mot offentlig diskriminering
 Redd Barna
 Raudekrossen
 Rådet for psykisk helse
 Rådgiverforum Norge
 Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
 organisasjoner
 Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
 Senter for studiar av Holocaust og
 livssynsminoritetar
 Sex og Politikk
 Skeiv Ungdom
 Skolelederforbundet
 Skolenes landsforbund
 Steinerskoleforbundet
 Steinerskolenes foreldreforbund
 Stiftelsen Barnas rettigheter
 Stopp Mobbingen
 Taterne/Romanifolkets
 Menneskerettighetsforening (TRM)
 Unge funksjonshemmede
 Uni Research Helse
 UNICEF Noreg
 Unio
 Utdanningsforbundet
 Virke
 Vaksenopplæringsforbundet
 YS

2.2 Rett til opplæring i kvensk i grunnskolen og oppnemning til og samansetjing av yrkesopplæringsnemndene

Eit høyringsnotat med forslag til endringer i opplæringslova blei sendt på høyring 16. oktober 2018.

Høyringsnotatet inneheldt to forslag. Det første var eit forslag om å presisere at elevar i grunnskolen som har rett til opplæring i finsk, òg har rett til opplæring i kvensk dersom dei heller ønskjer det. Det andre forslaget gjekk ut på å gi alle organisasjonane som i dag er representerte i det nasjonale organet for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa, rett til å vere representerte i dei fylkeskommunale yrkesopplæringsnemndene.

Høyringsfristen var 12. januar 2019. Høyringa gjekk ut til desse høyringsinstansane:

Departementa

Barneombodet
 Diku – Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning
 Fylkesmennene
 Kompetanse Noreg
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
 Regelrådet
 Sametinget
 Statped
 Utdanningsdirektoratet

Fylkeskommunane Kommunane

Høgskolane Universiteta

Abelia – Forum for friskoler
 Akademikerne
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 Elevorganisasjonen
 Fagforbundet
 Fellesorganisasjonen
 FUG
 Halti kvenkultursenter IKS
 Kristne Friskolers Forbund
 KS
 Kvensk institutt
 Kvenlandsforbundet v/Bjørn Seppola
 Landsorganisasjonen i Noreg
 Lærernes Yrkesforbund
 NHO – Næringslivets Hovedorganisasjon
 Norsk-finsk forbund
 Norsk Lektorlag
 Norsk Montessoriforbund
 Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
 Norske Kveners Forbund – Ruijan Kveeniliitto
 Norske Samers Riksforbund
 Organisasjonen mot offentlig diskriminering
 Ruija kvenmuseum

Skolelederforbundet
 Skolenes landsforbund
 Steinerskoleforbundet
 Storfjord språksenter
 Taterne/Romanifolkets
 Menneskerettighetsforening (TRM)
 Unio
 Utdanningsforbundet
 Virke
 YS

2.3 Forbod mot tilsetjing i vidaregåande skolar og folkehøgskolar for personar med dom for seksuelt overgrep mot mindreårige

Eit høyringsnotat med forslag til endringer i opplæringslova, friskolelova og folkehøgskolelova blei sendt på høyring 31. oktober 2018.

Forslaget gjaldt forbod mot tilsetjing i vidaregåande skolar og folkehøgskolar for personar som er dømde for seksuelt overgrep mot mindreårig. Forbodet skal òg gjelde i vidaregåande friskolar. I tillegg inneheldt høyringsnotatet forslag om å innføre ei plikt til å leggje fram politiattest ved alle tilsetjingar i folkehøgskolar. Slik politiattest må ha innhald som skildra i politiregisterlova § 39 første ledd.

Høyringsfristen var 31. januar 2019. Høyringa gjekk ut til desse høyringsinstansane:

Departementa

Barneombodet
 Bufdir
 Datatilsynet
 Folkehelseinstituttet
 Forbrukarombodet
 Forbrukarrådet
 Foreldreutvalget for grunnopplæring – FUG
 Forskingsrådet
 Fylkesmennene
 Kompetanse Noreg
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
 Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar
 Regelrådet
 Riksrevisjonen
 Sametinget
 Sivilombodsmannen
 Språkrådet
 SSB
 Statped

Sysselmannen på Svalbard
 Utdanningsdirektoratet
 Fylkeskommunane
 Longyearbyen lokalstyre
 Oslo kommune
 Sentraleininga for fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Abelia
 Adferdssenteret
 Akademikerne
 Antirasistisk Senter
 Barnevakten
 Blindeforbundet
 Blå Kors
 Dysleksi Norge
 Elevorganisasjonen
 FAFO Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning
 Fagforbundet
 Fellesorganisasjonen
 Folkehøgskolerådet
 Forandringsfabrikken
 Foreldrenettverk Mot Mobbing
 Foreningen Mobbing i Skolen
 Forskarforbundet
 FRI – Foreininga for kjønns- og seksualitetsmangfald
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
 Handikappede Barns Foreldreforening
 Hørselshemmedes barns organisasjon
 Hørselshemmedes Landsforbund
 Informasjonskontor for kristen folkehøgskole
 Informasjonskontor for folkehøgskolen
 Innvandrerne Landsorganisasjon
 Institutt for samfunnsforskning
 Kristent Pedagogisk Forum
 Kristne Friskolers Forbund
 KS
 Landsforeningen for barnevernsbarn
 Landsorganisasjonen i Noreg
 Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)
 Lykkelige barn
 Lærernes Yrkesforbund
 Læringsmiljøsentret UiS
 Mental Helse Ungdom
 MOT
 NHO – Næringslivets Hovedorganisasjon
 Nordisk institutt for studium av innovasjon, forskning og utdanning
 Norges Døveforbund
 Norges Handikapforbund
 Norges Kvinne- og familieforbund

Norsk Sykepleierforbund
 Norsk Forbund for Utviklingshemmede
 Norsk Foreldrelag for Funksjonshemmede
 Norsk Fosterhjemforening
 Norsk Leirskoleforening
 Norsk Lektorlag
 Norsk Montessoriforbund
 Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
 Norske Samers Riksforbund
 Odin-Stiftelsen
 Organisasjonen mot offentlig diskriminering
 Redd Barna
 Raudekrossen
 Rådet for psykisk helse
 Rådgiverforum Norge
 Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
 organisasjoner
 Samarbeidsrådet for tros- og livssynsamfunn
 Senter for studiar av Holocaust og
 livssynsminoritetar
 Sex og Politikk
 Skeiv Ungdom
 Skolelederforbundet
 Skolenes landsforbund
 Steinerskoleforbundet
 Steinerskolenes foreldreforbund
 Stiftelsen Barnas rettigheter
 Stopp Mobbingen
 Taterne/Romanifolkets
 Menneskerettighetsforening (TRM)
 Unge funksjonshemmede
 Uni Research Helse
 UNICEF Noreg
 Unio
 Utdanningsforbundet
 Virke
 Vaksenopplæringsforbundet
 YS

2.4 Krav til butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsetjast i barnehage eller skole

Eit høyringsnotat med forslag til endringar i barnehagelova, opplæringslova og friskolelova blei sendt på høyring 11. desember 2018.

Forslaget gjekk ut på å innføre ein heimel til å utarbeide forskrifter med krav om butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsetjast i barnehage eller skole.

Høyringsfristen var 29. januar 2019. Høyringa gjekk ut til desse høyringsinstansane:

Departementa

Barneombodet
 Bufdir
 Datatilsynet
 Forbrukarombodet
 Forbrukarrådet
 Foreldreutvalget for grunnopplæring – FUG
 Fylkesmennene
 Kompetanse Noreg
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
 Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar
 Regelrådet
 Riksrevisjonen
 Sametinget
 Sivilombodsmannen
 SSB
 Statped
 Sysselmannen på Svalbard
 Utdanningsdirektoratet

Fylkeskommunane
 Kommunane
 Longyearbyen lokalstyre
 Sentraleininga for fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Frittstående grunnskolar
 Frittstående vidaregåande skolar
 Private barnehagar
 Private grunnskolar
 Private vidaregåande skolar

Abelia
 Akademikerne
 Antirasistisk Senter
 Barnevakten
 Elevorganisasjonen
 Fagforbundet
 Fellesorganisasjonen
 Forandringsfabrikken
 Foreldrenettverk Mot Mobbing
 Foreningen Mobbing i Skolen
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
 Handikappede Barns Foreldreforening
 Hørselshemmedes barns organisasjon
 Hørselshemmedes Landsforbund
 Innvandrernes Landsorganisasjon
 Kristent Pedagogisk Forum
 Kristne Friskolers Forbund
 KS
 Landsforeningen for barnevernsbarn
 Landsorganisasjonen i Noreg
 Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)
 Lykkelige barn

Lærernes Yrkesforbund	Raudekrossen
Læringsmiljøsenderet UiS	Rådgiverforum Norge
Mental Helse Ungdom	Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
MOT	Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
NHO – Næringslivets Hovedorganisasjon	Skolelederforbundet
Norges Døveforbund	Skolenes landsforbund
Norges Handikapforbund	Steinerskoleforbundet
Norges Kvinne- og familieforbund	Steinerskolenes foreldreforbund
Norsk Forbund for Utviklingshemmede	Stiftelsen Barnas rettigheter
Norsk Foreldrelag for Funksjonshemmede	Stopp Mobbingen
Norsk Fosterhjemsforening	Taterne/Romanifolkets
Norsk Leirskoleforening	Menneskerettighetsforening (TRM)
Norsk Lektorlag	Unge funksjonshemmede
Norsk Montessoriforbund	UNICEF Noreg
Norske Fag- og Friskolers Landsforbund	Unio
Norske Kveners Forbund	Utdanningsforbundet
Norske Samers Riksforbund	Virke
Odin-Stiftelsen	Vaksenopplæringsforbundet
Organisasjonen mot offentlig diskriminering	YS
Redd Barna	

3 Plikt til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur med overnatting

3.1 Bakgrunnen for forslaget

I høyringsnotatet departementet sende ut 21. september 2018, heiter det om forslaget:

«Det følger av Jeløya-plattformen at regjeringen vil 'lovfeste retten til et leirskoleopphold i løpet av grunnskolen'.

Det er i grunnskolen lang tradisjon for å ta med elever på skoleturer med overnatting. Skoleturene er viktige, sosialt og faglig, og er ofte med på å markere avslutningen av barnetrinnet på 7. trinn og skolegangen på 10. trinn. Leirskoleopphold eller annen skoletur med overnatting er noe mange elever ser frem til. Det kan ha både sosial og faglig verdi for elevene at de får tilbud om en overnattingstur av flere døgn varighet med et pedagogisk opplegg i tråd med kompetansemål i skolens læreplaner.

Det er i dag opp til skoleeier å velge om elevene skal tilbys et leirskoleopphold eller annen skoletur med overnatting. Tall fra 2016 viser at cirka 80 prosent av elevene i offentlig skole får reise på leirskole i løpet av grunnskolen. Det er positivt at så mange får et slikt tilbud. Samtidig når ikke tilbudet alle elever.

Regjeringen ønsker å sikre at alle elever får tilbud om å reise på skoletur i løpet av grunnskolen. Regjeringen foreslår derfor å lovfeste en plikt for kommunen til å tilby alle elever et leirskoleopphold eller en annen tur med overnatting i løpet av grunnskolen.»

3.2 Gjeldande rett

3.2.1 Opplæringslova

Det er inga lovfesta plikt til å tilby leirskole eller annan skoletur i løpet av grunnskolen. Eit klart fleirtal av skolane tilbyr likevel slike turar.

Etter opplæringslova § 2-3 første ledd kan ein del av undervisningstida i grunnskolen brukast til leirskoleopplæring. Det er òg knytt fleire kompe-

tansemål til overnattingsturar i læreplanen for kroppsøving. Etter sjuande årstrinn skal elevane kunne planleggje og gjennomføre ein overnattingstur. Etter tiande årstrinn skal dei kunne planleggje og gjennomføre turar til ulike årstider, også med overnatting ute.

All offentlig grunnskoleopplæring, inkludert opplæring på ein leirskole eller ein skoletur, skal vere i samsvar med opplæringslova med forskrifter, medrekna Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skolen har blant anna plikt til å sørgje for at tilsynet med elevane er forsvarleg ut frå risikoen for at skade eller ulykke kan skje, jf. forskrift til opplæringslova § 12-1. Kommunen som skoleeigar har det overordna ansvaret for tryggleiken til elevane ved leirskoleopphald og andre skoleturar. Kravet til forsvarleg tilsyn gjeld for heile opphaldet, òg for reisa til og frå.

Dersom det blir arrangert skoleturar, skal alle elevar ha høve til å delta. Det gjeld òg elevar med nedsett funksjonsevne. Skolen må dekkje nødvendige kostnader for at dei skal kunne delta, til dømes til assistent. Elevar kan heller ikkje stengjast ute frå skoleturar på grunn av dårleg orden eller oppførsel.

All opplæring skal vere gratis, jf. gratisprinsippet i opplæringslova § 2-15. Det er skolane og skoleeigaren som bestemmer kva for aktivitetar elevane skal gjennomføre, til dømes om dei skal på leirskole. Aktivitetar i regi av skolen skal vere gratis. Dette inneber at skolen må dekkje utgifter til reise, opphald og undervisning. Alle elevar skal kunne delta på lik linje, uavhengig av økonomisk bakgrunn. Skoleeigaren kan ikkje krevje at foreldre eller elevar skal dekkje nokon del av utgiftene til eit leirskoleopphald dei får tilbod om. Dette følgjer klart av gratisprinsippet, jf. omtale i Ot.prp. nr. 94 (2001–2002). Gratisprinsippet stengjer ikkje for at elevar og foreldre frivillig kan bidra økonomisk, på same måte som til andre aktivitetar i skolen.

Kommunar som sender klassar på leirskole, kan søkje om statleg tilskot til opplæring på leirskole. Tilskotet skal medverke til å finansiere opp-

læringsutgiftene under leirskoleopphaldet. Det er Utdanningsdirektoratet som forvaltar tilskotsordninga. Utgifter til sjølve opphaldet, reise m.m. må kommunen derimot dekkje av egne midlar.

Leirskole er ikkje definert i opplæringslova. På Utdanningsdirektoratet sine nettsider om tilskotsordninga til leirskoleopplæring er leirskole og leirskoleopplæring definerte slik:

«Leirskoleopplæring ved bemannet leirskole eller annen aktivitet med varighet på minst tre overnattingar i sammenheng. Med ‘annen aktivitet’ menes det her eksempelvis ekskursjoner eller turer som er en del av grunnopplæringen.»

Dette betyr at kommunar kan få tilskot til eit tradisjonelt leirskoleopphald ved ein av leirskolane i landet, til overnattingsturar på andre stader i Noreg og til turar til utlandet.

Leirskole er ikkje nærmare regulert i opplæringslova, men det følgjer av opplæringslova § 10-3 at:

«Undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsett i den kommunen der leirskolen ligg. Departementet kan gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolestader.»

Det er ikkje gitt forskrifter om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolestader.

3.2.2 Friskolelova

Det følgjer av friskolelova § 2-3 at skolen skal drive verksemda etter læreplanar som er godkjende av departementet. Elles har skolen undervisningsfridom. Friskolar har derfor høve til å tilby leirskole eller andre typar turar for elevane sine. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) for skoleåret 2018–2019 viser at det samla sett i offentlege grunnskolar har vore gjennomført eller er planlagt eit leirskoleopphald for om lag ni prosent av elevane i løpet av skoleåret. Dette svarer til i underkant av eitt årskull. Den tilsvarende delen i frittstående skolar med statstilskot er cirka 12 prosent.

Etter friskolelova § 6-2 tredje ledd kan ikkje grunnskolane krevje ekstra betaling frå elevar eller foreldre utover det som utgjer skolepengar. Det betyr at utgifter til leirskole og andre skoleturar må dekkjast innanfor statstilskot og skolepengar.

Friskolar kan ikkje få tilskot gjennom Utdanningsdirektoratet si tilskotsordning for opplæring på leirskole. Utgiftene kommunane har til leirskoleledeltaking, er med i berekningsgrunnlaget for driftstilskot til dei frittstående grunnskolane. Dei utgiftene friskolane måtte ha til leirskole, forventar ein derfor at det ordinære statstilskotet til friskolane skal dekkje.

3.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo i høyringa ein ny regel i opplæringslova om plikt for kommunane til å tilby eit leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting som del av grunnscoleopplæringa. Departementet foreslo å lovfeste plikta i ny § 13-7 b. Vidare foreslo departementet at lengda på opphaldet må vere minst tre overnattingar, og at det blir fastsett krav om at nokre av aktivitetane på turen er ein del av opplæringa. Forslaget presiserte at elevane skal få opplæring av same omfang som dei ville fått om dei var på skolen. Departementet meinte vidare at det er formålstenleg at overnattingane skjer i samanheng, og bad høyringsinstansane seie korleis dei såg på dette.

Departementet forslo ikkje endringar i friskolelova. Dette grunn gav departementet med at friskolane må ha størst mogleg fridom til å organisere opplæringa, innanfor det grunnleggjande kravet om at friskolane skal tilby jamgod opplæring med den som blir gitt i offentleg skole.

3.4 Høyringsfråsegner

57 høyringsinstansar har kommentert forslaget frå departementet. Blant desse er det eitt fylkesmannsembete, éin fylkeskommune, 30 kommunar, tre friskolar, fem leirskolar og til saman 12 interesseorganisasjonar. 47 høyringsinstansar støttar forslaget frå departementet heilt eller delvis, mens fire uttrykkjer at dei ikkje støttar forslaget. Seks tek ikkje uttrykkeleg stilling til om dei er for eller imot forslaget. Av dei som støttar forslaget heilt eller delvis, er det fleire som føreset at kommunane blir kompenserte fullt ut økonomisk for den plikta dei blir pålagde.

Blant dei som har gitt høyringssvar, er det sju som fullt ut sluttar seg til høyringssvaret frå *Norsk Leirskoleforening*. Dette er *Hitra kommune*, *Porsgrunn kommune*, *Sør-Fron kommune*, *Bjørnsund leirskole*, *Evjetun leirskole*, *Jønnebu leirskole* og *Varden fjellskole*.

Desse høyringsinstansane har kommentert forslaget frå departementet:

Buudir
FUG – Foreldreutvalet for grunnopplæringa
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Universitetet i Sørøst-Norge

Oppland fylkeskommune

Askøy kommune
Balsfjord kommune
Bergen kommune
Bærum kommune
Drammen kommune
Gausdal kommune
Herøy kommune
Hitra kommune
Holmestrand kommune
Klepp kommune
Kongsberg kommune
Kragerø kommune
Kvinnherad kommune
Levanger kommune
Longyearbyen lokalstyre
Nord-Aurdal kommune
Nore og Uvdal kommune
Porsgrunn kommune
Randaberg kommune
Ringerike kommune
Rælingen kommune
Sarpsborg kommune
Ski kommune
Skien kommune
Stavanger kommune
Suldal kommune
Sør-Fron kommune
Tromsø kommune
Ullensaker kommune
Vestre Slidre kommune

Bjørnsund leirskole
Dyrkolbotn fjellstove
Eldar Kyrkebø
Evjetun leirskole
FAU Ullevålsveien skole
Foreldrenettverk Mot Mobbing
Friluftsrådernes landsforbund
Grytøy oppvekstsenter
Handikappede Barns Foreldreforening
Jønnebu leirskule
Kjølsdalen Montessorriskule
KS
Montessorriskolene i Telemark
Norsk Forbund for Utviklingshemmede

Norsk Leirskoleforening
Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
OdinStiftelsen
Skoleleiarforbundet
Skolenes landsforbund
Ulvestad barneskole AS
Utdanningsforbundet
Varden fjellskole

3.4.1 Behov for å få lovfesta ei plikt for skoleeigaren

Offentlege grunnskolar

Dei aller fleste høyringsinstansane er positive til at det blir lovfesta ei plikt for kommunen, sjølv om fleire har innspel til innhaldet i denne plikta.

Dei høyringsinstansane som ikkje støttar lovfesting av ei plikt for skoleeigaren, er *Stavanger kommune*, *Bærum kommune*, *KS* og *Dyrkolbotn fjellstove*. *KS* uttaler:

«Forslaget om plikt til å tilby leirskoleopphold er, etter *KS*' oppfatning, en svært inngripende detaljregulering. Regjeringen selv har som målsetting å redusere statlig detaljstyring og arbeide for hensiktsmessig tidsbruk i skolesektoren. Det fremgår av Prop. 88 S (2017–2018) Kommuneproposisjonen 2019 at 'Regjeringen vil arbeide for å redusere statlig detaljstyring og byråkrati og sørge for at mer makt og myndighet desentraliseres til lokalsamfunn og deres folkevalgte.'. *KS* etterlyser en vurdering av lovforslaget i forhold til styringsprinsippene i den nye kommuneloven. *KS* har i ulike høringer påpekt den manglende utredningen av summen av ulike enkeltforslag om endringer i opplæringsloven. Det vises i den forbindelse til «Veileder for statlig styring av kommunesektoren», der det blant annet står at konsekvensene for kommuner og fylkeskommuner skal tydeliggjøres. Summen av forslag om endringer i opplæringsloven som Kunnskapsdepartementet har fremmet over noe tid, svekker etter *KS* mening både det profesjonelle og lokale handlingsrommet som regjeringen ellers er opptatt av å fremheve.»

Stavanger kommune uttaler:

«Stavanger kommune ser leirskole som en verdifull aktivitet i grunnskoleopplæringen. Stavanger kommune ønsker imidlertid ikke å gå inn for at kommunens plikt til å tilby leirskole/skoletur blir lovfestet.

Stavanger kommune mener at skolene selv må vurdere læringseffekten av denne aktiviteten opp mot andre tiltak. I valget mellom ulike aktiviteter er det forståelig at noen skoler vil ønske å gjøre andre valg enn leirskole for elevene.»

Bærum kommune er generelt positive til leirskolar eller andre skoleturar med overnatting. Kommunen meiner at skoleturar er viktige opplevingar for elevane i skoleløpet deira, både fagleg og sosialt. Når det gjeld lovfesting av ei plikt for skoleeigaren til å tilby dette, uttaler kommunen:

«Bærum kommune mener samtidig at lovfesting ikke er riktig i denne sammenheng. Ordning med overnatting er allerede hjemlet i læreplanen. Videre er den nasjonale tilskuddsordningen organisert slik at kommunene kun får tilskudd om de benytter leirskoler og at oppholdet innbefatter minimum tre overnattinger.»

Frittstående grunnskolar

Departementet bad i høyringsnotatet om innspel på om også friskolar bør få plikt til å tilby leirskole eller annan type overnattingstur.

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund (NFFL) ønskjer ikkje ei tilsvarande plikt for friskolane. I høyringssvaret sitt uttaler dei:

«NFFL representerer friskolene og forslaget til endringer vil bety at friskolene ikke vil pålegges en slik plikt.

[...]

Som departementet skriver, følger det av friskoleloven § 2-3 at friskolene skal drive virksomheten etter læreplaner godkjent av departementet. Ellers har skolen undervisningsfrihet. Dette er et viktig prinsipp å holde fast ved. Friskolene står i dag fritt til å velge å tilby et slikt opphold og de fleste skolene gir i dag elevene tilbud om leirskole eller annen type tur. NFFL er fornøyd med at departementet mener det er viktig at friskolene i så stor grad som mulig skal stå fritt i å organisere egen undervisning og på den måten også å kunne utgjøre et alternativ til det offentlige skoletilbudet.»

Bergen kommune meiner derimot at plikta òg skal omfatte friskolar, og uttaler:

«Bergen kommune mener at alle elever må få lik rett til leirskole uansett hvilken skole de går

på. Leirskole handler om dannelse og integrering og i den sammenheng er leirskolene en unik arena. Bergen kommune mener at også friskolene bør pålegges å tilby leirskole til elevene i løpet av grunnskoleløpet.»

Utdanningsforbundet og *Norsk Leirskoleforening* meiner det same. *Norsk Leirskoleforening* uttaler:

«NLF mener at det er like viktig for alle elever å få leirskole som læringsarena og del av sitt opplæringsmangfold, enten de går på offentlig eller privat skole. NLF mener derfor at loven også bør gjelde for friskoler for at som det står i høringen 'de skal tilby en opplæring jevn god med den som gis i offentlig skole'. Dessuten har friskolene gjennom sitt driftstilskudd allerede fått penger til leirskoleopphold.»

3.4.2 Om innholdet i plikta

Leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting

I høyringsnotatet påpeika departementet kor viktig det er at skolane sjølv kan tilretteleggje turen, blant anna ut frå lokale forhold. Departementet foreslo derfor at plikta burde innrettast slik at skolane sjølv kan velje mellom eit tradisjonelt leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting.

Av dei høyringsinstansane som heilt eller delvis støttar forslaget om å lovfeste ei plikt for skoleeigaren, ønskjer i underkant av ein tredjedel at alternativet *annan skoletur* ikkje blir ført vidare. Av denne tredjedelen utgjør omtrent halvparten leirskolar eller organisasjonar med tilknytning til leirskolar eller friluftsliv/natur. Fleire grunngir innspela sine med eit ønske om at elevane skal gjennomføre ein tradisjonell leirskole med vekt på blant anna friluftsliv. Enkelte høyringsinstansar er òg bekymra for at alternativet *annan skoletur* fører til at skoleeigarar får eit insentiv til å velje enklare løysingar ut frå eit økonomisk motiv.

Av kommunar som ikkje støttar alternativet *annan skoletur*, finn vi *Suldal* og *Nore og Uvdal*. *Nore og Uvdal kommune* peikar på kor viktig naturen er som læringsarena og som ein del av ramma rundt skoleturane. I den samanhengen uttaler kommunen:

«Høyringsforslaget åpner for at loven skal gjelde andre og kortere skoleturer uten denne grunnleggende leirskolerammen. Det betyr at sentrale verdier, kvaliteter og gevinster som kjen-

netegner et fullverdig leirskoleopphold, kan bli reduserte eller forsvinne helt. Det er uheldig, og det gir ikke ro rundt leirskoletilbudet slik lovfestingen er ment å gjøre.»

Også *Utdanningsforbundet* er skeptisk til denne delen av forslaget og uttaler:

«Utdanningsforbundet støttar forslaget om å pålegge kommunane plikt til å tilby leirskuleopphald eller tilsvarende som ein del av grunnskuleopplæringa.

[...]

Når det gjeld departementet sitt forslag til lovtekst, vil denne ikkje ivareta retten til leirskule for elevane, sidan den også opnar for annan type skoletur. Utdanningsforbundet meiner at eit opphald på ein bemanna eller ubemanna leirskule, eller eit tilsvarende opplegg, bør lovfestast. Eit leirskuleopphald omfattar læreplanmål både i generell del/overordna del og i læreplanar for fag, og omfattar tverrfagleg læring og utvikling av heile mennesket. Leirskule handlar om elevaktivitet, handlingskompetanse og praktiske ferdigheiter, både for den einskilde og i samarbeid med andre. Fellesopplevingar gir sosial trening og styrker klasse miljøet. Fysisk aktivitet, friluftsliv og naturen som læringsarena er viktige stikkord.

[...]

Å legge til rette for eit leirskuleopphald eller tilsvarende for elevane betyr ikkje at andre typar turar er utelukka. Desse kan kome i tillegg. Lovteksten bør difor vere: *Kommunen skal tilby elevane eit leirskuleopphald eller eit tilsvarende opphald.*»

Norsk Leirskoleforening støttar heller ikkje forslaget om å likestille tradisjonelle leirskuleopphald og andre skoleturar. Dei viser til at eit fullverdig leirskuleopphald har gevinstar på mange område, blant anna fysisk og psykisk folkehelse, vidareføring av den norske friluftstradisjonen, tverrfagleg djupnelæring, sosial utjamning/tilhøyrse, kulturformidling, fellesopplevingar og styrkt sjølvbiletelivsmestring. Foreininga viser til at det unike særpreget og gevinstane ved leirskuleopphaldet bygger på bruk av naturen som læringsarena, lengda på opphaldet (samanhengande skoleveke) og det at elevar frå ulike skolar oppheld seg saman i eit nytt miljø. Dei uttaler:

«Forslaget åpner for andre typer skoleturer, utenlandsopphold eller kortere lokale varianter. Det kan i noen kommuner bli noe helt

annet enn leirskole, for å spare penger, og forslaget blir en utvanning av leirskolebegrepet. De unike gevinstene ved et fullverdig leirskuleopphold kan svekkes eller gå tapt.»

Enkelte høyringsinstansar meiner at forslaget ikkje samsvarer med fråsegnene i Jeløya-plattformen (som no er ført vidare i ny regjeringsplattform), der berre *leirskole*, og ikkje *annan skoletur*, er nemnd.

Eit klart fleirtal av kommunane som har gitt innspel, har ikkje innvendingar mot alternativet *annan skoletur*. *Herøy kommune* er ein av desse og uttaler:

«Vi vil støtte forslaget som gir skuleeigar handlingsrom til sjølv å vurdere og ta ansvar for det faglege og sosiale innhaldet i leirskuleopphaldet. Det vil vere uheldig om godkjenning av leirskuleopphald, vert knytta kun til bemanna leirskular. [...] Lova må utformast slik at det gir kommunane handlingsrom til sjølv å velje kva type leirskule/skoletur med pedagogisk innhald dei vil tilby – samt på kva årssteg i grunnskulen.»

Eit tilbod for alle elevar

Departementet påpeika i høyringsnotatet at eit leirskuleopphald eller ein annan skoletur er ein del av grunnskuleopplæringa, og at utgangspunktet er at alle skal delta.

Fleire av høyringsinstansane har uttrykt kor viktig det er å leggje til rette for at også elevar med særlege behov skal få eit reelt høve til å delta på leirskuleopphald eller annan skoletur. Blant desse er *Rælingen kommune*, *Bufdir*, *Norsk Forbund for Utviklingshemmede*, *Skolenes landsforbund* og *OdinStiftelsen*. Når det gjeld gruppa med særlege behov, er det fleire som trekkjer fram elevar med nedsett funksjonsevne. *OdinStiftelsen* trekkjer òg fram dei med psykiske utfordringar og uttaler:

«OdinStiftelsen ser utfordringer ved tilpasningene skolen skal gjøre for at alle elever skal kunne delta på leirskole. Som kjent, øker elevenes psykiske helseutfordringer raskere enn noen gang, noe som har betydning for hvilke typer tilpasninger plikten vil omfatte. Eksempelvis, vil en lengre tur, både for elever med nedsatt funksjonsevne eller utsatt for (langvarig) mobbing kunne bli en stor belastning, mens konsekvensen av å ikke bli med på tur kan ha betydning for den sosiale strukturen

mellom de reisende og ikke. OdinStiftelsen mener derfor lovfestingen må favne funksjonsutfordringer av fysisk, men også psykisk art.»

Norsk Forbund for Utviklingshemmede uttaler:

«Vi er svært positive til at det er understreket at plikten til å tilby leirskoleopphold også skal gjelde elever med funksjonsnedsettelse.

Alle mennesker med nedsatt funksjonsevne har lik rett til utdanning. Dette står i konvensjonen for mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) art. 24 nr. 1. Videre står det i artikkel 24 nr. 2. bokstav a), at 'For å virkeliggjøre denne rettighet skal partene sikre a) at mennesker med nedsatt funksjonsevne ikke stenges ute fra det allmenne utdanningssystemet på grunn av nedsatt funksjonsevne, og at barn med nedsatt funksjonsevne ikke stenges ute fra obligatorisk og gratis grunnskoleundervisning eller fra videregående opplæring på grunn av sin nedsatte funksjonsevne.'

[...]

Vi vil avslutningsvis påpeke at det er viktig at regelverket også praktiseres slik at elever med funksjonsnedsettelse faktisk får delta på leirskoleopphold, i henhold til forarbeidene til lovendringen og CRPD artikkel 24.»

Foreldrenettverk mot mobbing påpekar at skoleturar kan vere ei særleg utfordring for dei som er utsette for mobbing, og uttaler:

«For mange barn som blir utsatt for krenkelser og mobbing er leirskole en av de aller største utfordringene. Strukturen som kan holde mobbing og krenkelser er ikke tilstede på en leirskole på samme måte som på skolen. Vi forutsetter at skolene gis de nødvendige personalmessige og kompetansemessige ressurser for å ta alle nødvendige grep for å forebygge, avdekke og stanse mobbing og krenkelser under leirskoleopphold.»

Ein del av grunnskoleopplæringa

Høyringsinstansane som har uttalt seg om det faglege innhaldet, støttar i det store og heile forslaget frå departementet om at dette må vere ein del av grunnskoleopplæringa og opplæringa i fag, men at skolane skal ha fridom til å velje kva for fag og tema som skal vektleggjast på turen.

Lengda på opphaldet og kravet om at overnattingane skal vere samanhengande

Dei fleste høyringsinstansane har ikkje innvendingar mot forslaget om at lengda på opphaldet skal vere minst tre overnattingar.

Enkelte av høyringsinstansane uttaler at opphaldet bør vare like lenge som ei skoleveke, det vil seie med fire overnattingar. Dette er i stor grad dei same som ønskjer ein tradisjonell leirskole utan alternativet *annan skoletur*.

Bergen kommune viser til egne erfaringar som støtte for eit ønske om fire overnattingar. Dei uttaler:

«I Bergen kommune er erfaringen at skoler ønsker et leirskoleopphold med fire netter på leirskolen. Dette gjør at læringsutbyttet blir langt større for den enkelte elev. For mange barn tar det tid å bli trygg på et fremmed sted med nye mennesker; da det oftest også er nye medelever gjennom en leirskoleuke.»

Norsk Leirskoleforening ønskjer ei samanhengande skoleveke frå måndag til fredag. *Utdanningsforbundet* ønskjer òg at opphaldet skal vere på fire overnattingar, og uttaler:

«Utdanningsforbundet meiner at omfanget av opphaldet bør vere minst fire samanhengande overnattingar. Dette er viktig for å skape heilheit og samanheng i opplæringa, og gi tid til å bygge gode relasjonar. Vi ser at det å vere borte frå heimen over fleire dagar kan vere ei utfordring for einskilde elevar, spesielt på barnetrinnet, men vi har tru på at det kan finnast praktiske og gode løysingar for desse elevane.»

Friluftsrådernes Landsforbund uttaler:

«*Varigheten* på en sammenhengende skoleuke bringer elevene inn i 'bobla', ut i naturen og med unike muligheter for *dybdelæring*. Varigheten er viktig for tid til varierte opplevelser, ro, refleksjon og forståelse. Leirskolens pedagogiske plan bygger eksempelvis på mandag-fredag opphold. Erfaring fra leirskoler viser at det er stor forskjell på 3 og 4 døgn opphold. Med første og siste dag som reisedager, reduseres leirskoleoppholdet eller skoleturen fra tre fulle dager; tirsdag, onsdag og torsdag, til to.»

Dei aller fleste høyringsinstansane meiner at opphaldet skal vere *samanhengande*. Blant dei som

støttar dette, er *Skolenes landsforbund*, som uttaler:

«Skolenes landsforbund støtter departementets forslag om at det er mest hensiktsmessig å tilby sammenhengende overnatting, slik at oppholdet ikke stykkes opp i flere små turer.»

Også *Ullensaker kommune* er positiv til at oppholdet skal vere samanhengande, og uttaler:

«Ullensaker kommune mener det er fornuftig med et krav om minst tre overnattinger i sammenheng. Dette er hensiktsmessig også med tanke på at det er mindre ressurskrevende for skolene å organisere og administrere en lengre tur framfor flere kortere turer.»

Bergen kommune er samd og uttaler:

«Bergen kommune menet at det bør settes krav til at leirskoleoppholdet gjennomføres sammenhengende, slik at elevene kan dra veksler på erfaring og kunnskap som de tilegner seg over en periode.»

Holmestrand kommune foreslår derimot at det skal vere mogleg å dele opp turen, og uttaler:

«Turene kan gjennomføres i sammenheng eller som to ulike turer; for eksempel én på barnetrinnet og én på ungdomstrinnet.»

Rælingen kommune støttar ikkje forslaget om at oppholdet skal vere samanhengande. *FAU Ullevål-sveien skole* støttar heller ikkje forslaget og uttaler:

«Minimumskravet om 3 netters overnatting kan imidlertid gjøre at de som trenger det mest blir ekskludert fra dette flotte tilbudet. For elever med særskilte behov, i dette tilfellet Ullevål-sveien spesialskole, er 3 netter hjemmefra vurdert som for lenge for elevgruppen, og de får derfor ikke dra på leirskole. Hvis det hadde vært mulig kortere opphold, har skolen sagt de gjerne ville tatt med elevene på en 3 dagers (2 netters) leirskole.»

3.4.3 Økonomiske konsekvensar

Svært mange av høyringsinstansane kommenterer dei økonomiske konsekvensane av å innføre ei plikt til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur. Fleire påpeikar kor viktig det er at ordninga er fullfinansiert av staten, eller dei føreset at ho skal

vere det. Nokre er kritiske til at dei tidlegare øyremerkte midlane no blir tekne inn som ein del av rammetilskotet. Dei uroar seg for at midlar som ikkje lenger er øyremerkte til leirskoleopphald, no vil kunne bli brukte til andre formål. Dei peikar òg på at dagens tilskotsordning gjer gjesteelevsoppgjera mellom leirskolane/vertskommunane og brukarkommunane enklare. Departementet viser til kapittel 10 for vurdering av dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaget.

3.5 Departementet sine vurderingar

3.5.1 Behovet for å få lovfesta ei plikt for skoleeigaren

Offentlege grunnskolar

Kvar enkelt skoleeigar kan i dag velje om elevane i grunnskolen skal få tilbod om ein skoletur med overnatting. I høyringa viste ein til tal frå 2016 som viste at ca. 80 prosent av elevane fekk dra på leirskole i løpet av grunnskolen. Departementet meiner det er positivt at så mange elevar får høve til å dra på skoletur med overnatting i dag, men understrekar samtidig at det er ca. 20 prosent som ikkje får eit slikt høve. Dette ønskjer departementet å gjere noko med.

Departementet meiner det er tilstrekkeleg å lovfeste ei *plikt* for skoleeigaren til å tilby slike skoleturar, og ikkje ein individuell *rett* for elevane. Dette har ikkje møtt innvendingar frå høyringsinstansane. Ei lovfesta *plikt* for skoleeigaren vil sikre at alle elevane får tilbod om leirskole eller annan skoletur med overnatting i løpet av grunnskolen.

Det store fleirtalet av høyringsinstansane er positive til at det blir innført ei lovfesta plikt for skoleeigaren til å tilby slike skoleturar. *KS* har ei anna oppfatning og meiner lovforslaget er ein svært inngripande detaljregulering. Dei meiner dette strir mot regjeringa sitt mål om å redusere statleg detaljstyring. Vidare uttaler dei at dette er eit av fleire enkeltforslag om endringar i opplæringslova, utan at summen av endringane er vurderte opp mot omsynet til det lokale handlingsrommet. Departementet påpeikar at leirskolar og skoleturar generelt har god lokal forankring. Både skolane og elevane ønskjer at det skal vere mogleg å få gjennomført ein skoletur i løpet av grunnskolen. Slik lovforslaget er utforma, vil skoleeigaren ha stor fridom til å velje innhald og tema for turen. Vidare vil skoleeigaren ha stor fridom til sjølv å velje korleis turen skal organiserast og

gjennomførast, og kan blant anna tilpasse turen til lokale forhold.

Departementet påpeikar òg at ei lovfesting vil dempe presset på gratisprinsippet. Fleire av høyringsinstansane er positive til dette. Lovforslaget er elles ikkje meint å skulle endre gratisprinsippet og tolkinga av dette som er gitt i kapittel 3.2.1. om gjeldande rett.

På bakgrunn av dette foreslår departementet å lovfeste ei plikt for kommunar til å tilby skoletur med overnatting i løpet av grunnskolen.

Frittstående grunnskolar

I høyringa foreslo departementet at friskolane ikkje skal påleggjast ei tilsvarende plikt til å tilby leirskole eller annan skoletur med overnatting.

Bærum kommune er ikkje samd med departementet her og påpeikar at plikta òg må gjelde friskolane for at det skal bli likt for alle elevar. *Norsk Leirskoleforening* meiner det er like viktig for alle elevar å få leirskole som læringsarena og del av opplæringsmangfaldet sitt, uavhengig av om dei går på offentleg eller privat skole. *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund*, derimot, held fram særpreget til friskolane i høyringssvaret sitt og støttar forslaget frå departementet om at friskolane ikkje skal få den same plikta.

Departementet meiner det er viktig å vareta den særskilde stillinga til friskolane. Friskolane skal drive verksemda etter læreplanar som er godkjende av departementet, og dei skal tilby opplæring som er jamgod med den som blir gitt i offentleg skole. Utover dette må skolane ha fridom til å organisere opplæringa sjølv. Departementet konstaterer elles at dei fleste friskolar i dag tilbyr skoleturar.

Departementet foreslår at friskolane ikkje skal påleggjast den same plikta som kommunane til å tilby leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting.

3.5.2 Om innhaldet i plikta

Leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting

Leirskole er ikkje definert i opplæringslova. Skoleeigarar som sender klassar på leirskole, kan søkje om statleg tilskot til opplæringa frå Utdanningsdirektoratet.

Slik departementet ser det, bør skolane framleis, innanfor visse gitte kriterium, kunne velje kva slags tur dei vil tilby elevane sine. Skolane bør kunne leggje turen til rette ut frå lokale forhold og

sjølv velje kva for tema som skal vektleggjast i løpet av turen. I høyringa foreslo derfor departementet at skoleeigaren pliktar å tilby *leirskoleopphald eller ein annan skoletur* med overnatting.

Enkelte av høyringsinstansane meiner at plikta skal avgrensast til dei tradisjonelle leirskolane, og framhevar blant anna at skoleturane bør leggje vekt på natur og friluftsliv. Enkelte høyringsinstansar er òg bekymra for at alternativet *annan skoletur* fører til at skoleeigarar får eit insentiv til å velje enklare og mindre ressurskrevjande løysingar.

Departementet har forståing for at enkelte høyringsinstansar ønskjer å sikre den tradisjonelle leirskolen. Departementet meiner likevel at plikta bør innrettast slik at skoleeigaren og skolane sjølv kan velje. Lokale forhold, tradisjonar og kultur for leirskoleopphald er gode argument for at dette bør liggje til det lokale handlingsrommet. Lokalt handlingsrom gjer det òg mogleg å tilpasse til elevgrupper med spesielle behov eller ønske. Ei slik innretning av plikta er i tråd med dagens retningslinjer for tilskot til leirskoleopphald. Det er òg i samsvar med tradisjonen og praksisen ved skolane i dag.

Eit tilbod for alle elevar

Eit leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting i skoletida er ein del av grunnskoleopplæringa. Utgangspunktet er derfor at alle elevar skal delta. Det er viktig at skolen jobbar aktivt med å leggje til rette for at flest mogleg elevar blir med. Det kan likevel vere grunnar til at elevar ikkje kan eller ønskjer å delta. Ein må ta omsyn til ulike behov i elevgruppa når ein planlegg turen.

For at flest mogleg elevar skal delta, bør skolen planleggje turen i god tid og i samarbeid med foreldre og elevar. Foreldre må få informasjon om kva ein slik tur inneber, og kva turen vil innehalde. Skolen bør til dømes informere om overnatting, transport og måltid og om kor mange vaksne som er til stades. Departementet understrekar at turen skal vere gratis for elevane. Vidare må skolen leggje til rette for at elevar med særlege behov, til dømes funksjonsnedsetjingar, skal kunne delta. Det siste har òg fleire av høyringsinstansane påpeika i høyringssvara sine.

FAU Ullevålsveien skole viser til at kravet om tre netters samanhengande overnatting kan vere utfordrande å gjennomføre for elevar med særskilde behov. Dei viser til erfaringar frå eigen skole. Departementet er oppteke av at lovheimelen i utgangspunktet skal sikre at skoleeigaren tilbyr leirskoleopphald eller annan skoletur med

overnatting til alle elevar, òg dei med særskilde behov. Departementet legg i utgangspunktet til grunn at skoleeigaren skal klare å tilpasse og planleggje turen slik at alle kan delta. Departementet vil derfor ikkje no detaljregulere særskilde ordningar for spesielle grupper av elevar.

Ein del av grunnskoleopplæringa

I høyringa foreslo departementet at nokre av aktivitetane på leirskolen eller skoleturen skulle vere ein del av opplæringa. Forslaget presiserte vidare at elevane skal få opplæring av same omfang som dei ville fått om dei var på skolen. Høyringsinstansane har ikkje vesentlege innvendingar mot forslaget i høyringsnotatet om fagleg innhald.

Tilbodet skolen gir om eit opphald ved ein leirskole eller ein annan type skoletur med overnatting, vil vere ein del av opplæringstilbodet frå skoleeigaren. Leirskolen eller skoleturen skal vere ein del av grunnskoleopplæringa og må derfor vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dette inneber blant anna at skolane må rette seg etter verdigrunnlaget i den generelle delen av læreplanen og kompetansemåla som er fastsette i læreplanane for fag, og at dei må oppfylle minstekrava i fag- og timefordelinga.

I tilskotsordninga for leirskoleopplæring i dag stiller Utdanningsdirektoratet krav om at opphaldet må omfatte undervisning i minimum 5,5 klokkeimar per dag for å utløyse tilskot til leirskoleopphald. Departementet har komme til at det er lite tenleg å lovfeste vilkår om omfanget av opplæringa per dag på leirskolen eller skoleturen. Vidare vurderer departementet det slik at det ikkje er behov for å detaljregulere det faglege innhaldet på skoleturen, utover å påpeike at leirskoleopphaldet eller skoleturen skal vere ein del av grunnskoleopplæringa. Innanfor rammene av læreplanverket bør skolane stå fritt til å planleggje leirskoleopphaldet eller skoleturen. Dette er i samsvar med korleis kommunane og skolane normalt skal organisere og gjennomføre opplæringstilbodet sitt. Krava til fagleg innhald er dermed dei same på ein skoletur som elles i skoleåret.

Departementet vil derfor ikkje fastsetje nærare krav til kva slags fagleg innhald opplæringa på turen skal ha. På bakgrunn av dette foreslår departementet enkelte endringar i ordlyden samanlikna med forslaget som var på høyring. Endringane frå høyringa inneber inga realitetsendring, men er berre ei forenkling av lovteksten. Å vise til at skoleturen skal vere ein del av grunnskoleopplæringa, vil vere tilstrekkeleg til å sikre at

turen skal ha eit fagleg innhald i samsvar med læreplanverket.

Lengda på opphaldet og kravet om at overnattingane skal vere samanhengande

Departementet meiner det må stillast krav om at turen skal vere av ei viss lengd. Det er i dag eit krav om minst tre overnattingar i samanheng for at ein kommune skal få tilskot som bidrag til å finansiere opplæringsutgiftene under eit leirskoleopphald. Slik departementet vurderer det, kan det vere fornuftig å vidareføre kravet om minst tre overnattingar. Dette vil sikre at alle elevar får tilbod om ein tur av ei viss lengd, uansett kva kommune dei bur i.

Fleirtalet av høyringsinstansane har ikkje innvendingar mot kravet om minst tre overnattingar.

Enkelte av høyringsinstansane meiner opphaldet bør vare like lenge som ei skoleveke, det vil seie med fire overnattingar. *Friluftsrådenes Landsforbund* ønskjer seg eit opphald med fire overnattingar, og påpeikar at den pedagogiske planen til leirskolane byggjer på opphald frå måndag til fredag. *Norsk Leirskoleforening* er òg oppteken av at elevane skal få tilbod om fire overnattingar. Departementet konstaterer elles at dei høyringsinstansane som ønskjer tradisjonell leirskole utan alternativet med ein annan skoletur, i stor grad er dei same som ønskjer at opphaldet skal ha fire overnattingar.

Departementet ser positivt på at mange skolar vil velje tradisjonell leirskole eller andre turar med fire overnattingar. Den foreslåtte ordlyden, «minst tre overnattingar», tydeleggjer at tre overnattingar er eit minstekrav. Dersom skoleeigarane vil tilby ein tur med fire overnattingar, har dei høve til dette. Departementet meiner det er viktig at skoleeigarane kan velje kva slags skoletur elevane skal få tilbod om.

Enkelte høyringsinstansar har òg påpeika kor viktig det er at *alle* elevane får tilbod om skoletur, inkludert elevar med særskilde behov. Departementet ønskjer ikkje å setje eit krav om lengd på opphald som enkelte skoleeigarar og elevar kan oppfatte som svært vanskeleg å oppfylle. Departementet meiner at det foreslåtte kravet om minst tre overnattingar er realistisk å oppfylle på ein forvarleg måte.

Departementet meiner det er formålstenleg å stille krav om at overnattingane skal vere samanhengande. Dette er noko dei aller fleste høyringsinstansane støttar. Departementet foreslår derfor å ta inn i lovføresegna at overnattingane skal skje i samanheng.

3.6 Departementet sitt forslag

Departementet foreslår at det i opplæringslova blir lovfesta ei plikt for kommunane til å tilby leirskole eller annan skoletur med overnatting som

del av grunnskoleopplæringa. Ein foreslår å lovfeste plikta i ny § 13-7 b i opplæringslova. Departementet foreslår at oppholdet må ha ei lengd på minst tre overnattingar i samanheng.

4 Høve til å påleggje skolebyte i vidaregåande opplæring

4.1 Bakgrunnen for forslaget

I grunnskolen kan kommunen påleggje ein elev å byte skole, sjølv om eleven og foreldra ikkje ønskjer det. Det er omsynet til andre elevar som kan gi grunn til å flytte ein elev til ein annan skole. Tiltaket kan til dømes brukast dersom eleven mobbar medelevar. Eit tilsvarende høve til å påleggje elevar i vidaregåande å byte skole finst ikkje i dagens regelverk. I vidaregåande opplæring kan ein derimot vise bort ein elev for opptil resten av skoleåret. Dette er ein svært streng reaksjon, som kan ha store negative verknader. Departementet meiner at det er formålstenleg å kunne påleggje skolebyte også i vidaregåande opplæring. Tiltaket kan vere aktuelt i saker der bortvising for resten av skoleåret er uforholdsmessig inngripande, eller der bortvising ikkje er aktuelt av andre årsaker.

4.2 Gjeldande rett

Rett til vidaregåande opplæring

Ungdommar som har fullført grunnskolen, har rett til vidaregåande opplæring. Retten går fram av opplæringslova § 3-1. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for å oppfylle retten.

Elevane blir tekne inn til vidaregåande opplæring etter reglane i forskrift til opplæringslova kapittel 6 og dei lokale forskriftene til fylkeskommunane. Det vanlege er at når ein elev er teken inn til eit utdanningsprogram på ein bestemt skole, har eleven rett til å få opplæringa si der på både Vg1, Vg2 og Vg3. Unntaket er når fylkeskommunen har fritt skoleval. Da må elevane søkje om inntak til kvart skoleår, høvesvis Vg1, Vg2 og Vg3, på det utdanningsprogrammet og programområdet dei ønskjer seg.

Rett til eit trygt og godt skolemiljø

I opplæringslova kapittel 9 A er det reglar om elevane sitt skolemiljø. Reglane gjeld òg for friskolar gjennom tilvisinga i friskolelova § 2-4 andre ledd.

Ei sentral føresegn i kapittelet er § 9 A-2, som gir alle elevar rett til eit trygt og godt skolemiljø

som fremjar helse, trivsel og læring. Kapittelet inneheld dessutan tydelege plikter for alle som arbeider på skolen, og for skolen sjølv til å førebyggje, avdekkje og handtere saker der ein elev opplever at det ikkje er trygt og godt på skolen (jf. §§ 9 A-3 og 9 A-4). Skolen skal blant anna, så langt det finst eigna tiltak, sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø (§ 9 A-4 fjerde ledd). Loven oppgir ikkje uttømmende kva for tiltak skolen kan bruke i ei sak om skolemiljø.

Ordensreglement og bortvising

Alle skolar skal ha eit ordensreglement (jf. opplæringslova § 9 A-10 og friskolelova § 3-9). Ordensreglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane og ha reglar om

- ordenen og oppførselen til elevane
- kva for tiltak skolen kan bruke overfor elevar som bryt ordensreglementet
- korleis saker om brot på ordensreglementet skal behandlast

Opplæringslova § 9 A-11 og friskolelova § 3-10 har reglar om bortvising. Det er reglar om vilkåra for bortvising, om kor lenge ei bortvising maksimalt kan vare, og om vedtaksprosessen ved bortvising. I vidaregåande kan bortvising normalt gjelde i opptil fem skoledagar. Dersom brota på ordensreglementet er «særleg alvorlege», kan bortvisinga gjelde for resten av skoleåret. Bortvising er eit enkeltvedtak og skal følgje reglane for dette i forvaltningslova.

Ved brot på ordensreglementet kan skolen berre bruke tiltak som er fastsette i reglementet. Bortvising kan derfor berre brukast dersom tiltaket er teke inn i ordensreglementet som ein mogleg reaksjon. Bortvising kan dessutan berre brukast som reaksjon på brot på ordensreglementet. Dette betyr at forholdet skolen reagerer på, må falle inn under det som er «forbode» etter ordensreglement. Episodar eller forhold som skjer når ordensreglementet ikkje gjeld, kan ikkje sanksjonnerast med bortvising. Til dømes vil trakassering, ein valdsepisode eller eit anna overgrep som skjer

på fritida til elevane, ikkje kunne føre til bortvising.

Skolebyte

Eit byte av skole kan skje etter samtykke. Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølv om inntak til vidaregåande opplæring, jf. § 3-1 første ledd siste setning. Også barnelova § 32 slår fast at ungdom sjølv avgjer spørsmål om utdanning når dei har fylt 15 år. I vidaregåande opplæring er det derfor eleven sjølv, ikkje foreldra, som skal samtykkje til frivillige skolebyte.

Departementet meiner at å påleggje ein elev å byte skole er så inngripande at det må vere heimla i lov. I grunnskolen (1.–10. trinn) kan kommunen påleggje ein elev å byte skole når omsynet til medelevane tilseier det, jf. opplæringslova § 8-1 siste ledd. Tilsvarende regel finst i friskolelova § 3-3 første ledd. Skolebyte skal vere siste utveg, og andre tiltak skal vere prøvde ut på nærskolen. I 2015 blei det presisert i lovteksten at årsaka til flyttinga kan vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Forarbeida til føresegna understrekar at det skal mykje til før ein elev kan påleggjast å byte til ein annan skole.

Det finst ingen tilsvarende heimel i vidaregåande opplæring, verken for offentlege skolar eller friskolar. Pålagt skolebyte er som nemnt eit inngripande tiltak, som krev heimel i lov. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg å ha føresegner om pålagt skolebyte som reaksjon i ordensreglementet til fylkeskommunane.

I vidaregåande opplæring kan skoleeigarar i praksis leggje til rette for skolebyte for ein elev ved å tilby eleven å starte på ein annan skole. Der som vilkåra for å vise bort eleven resten av skoleåret er oppfylte, er det òg mogleg for skoleeigaren å ta initiativ til skolebyte ved å vise eleven bort frå skole A for resten av skoleåret, men tilby plass ved skole B. Dette føreset, i tillegg til at vilkåra for bortvising må vere oppfylte, at eleven er kvalifisert til inntak ved den andre skolen. I begge tilfelle må saksbehandlingsreglane for inntak følgjast. Det vil vere opp til eleven om han eller ho ønskjer å starte på den andre skolen.

Andre, liknande tiltak

Organisasjonsfridomen til skolen gir skolen og skoleeigaren rettsleg grunnlag til å gjennomføre klassebyte utan samtykke frå elevane eller foreldra. Tiltaket krev ingen særskild lovheimel. Ei avgjerd om klassebyte blir heller ikkje rekna som

eit enkeltvedtak. Det bør likevel skje i samråd med eleven og foreldra.

Eigarråderetten og organisasjonsfridomen til skolen gir òg skolane eit relativt vidt høve til å gjennomføre tiltak som inneber ulik grad av skjerming. Ulike skjermingstiltak kan brukast for å verne eller skjerme elevar frå vanskelege situasjonar. Tiltaka kan rette seg mot elevar som opplever at det ikkje er trygt og godt på skolen, eller mot elevar som skaper utryggleik hos ein eller fleire medelevar. Skolen kan gi elevar avgrensa rett til å opphalde seg på bestemte område, eller påby elevar å opphalde seg på ein bestemt del av skolen. Skolen kan òg bestemme at ulike elevgrupper skal ha friminutt på ulik tid. Så framt den kroppslige integriteten til elevane ikkje blir krenkt, vil skolen òg kunne bestemme at tilsette ved skolen skal vere i nærleiken av bestemte elevar både i undervisningstida og i friminutt m.m.

Oppfølgingsteneste

Fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til, men som ikkje er i, vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 3-6. Formålet med tenesta er å sørje for at ungdommen får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak. Ei velfungerande oppfølgingsteneste er eit tryggingnett for ungdom som fell utanfor, blant anna ungdommar som blir viste bort frå skolen, og som ikkje ønskjer å starte på ein annan skole. Å ta imot hjelp frå oppfølgingstenesta er frivillig.

4.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet ein ny regel om skolebyte i opplæringslova § 9 A-12. Departementet foreslo at føresegna skal gjelde for elevar i både grunnskolen og vidaregåande opplæring, i både offentlege skolar og friskolar.

Forslaget gjekk ut på at skolebyte kan påleggjast om *ein elev har ein oppførsel som i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Etter forslaget skulle skolebyte likevel ikkje kunne påleggjast dersom mindre inngripande tiltak kan gi medelevane eit trygt og godt skolemiljø*, jf. opplæringslova § 9 A-2. Departementet foreslo at før skolebyte blir vedteke, skal den som gjer vedtaket, rådføre seg med rektoren og lærarane til eleven. I tillegg skal ein ha vurdert andre tiltak. Eleven skal òg vere høyrd. Omsynet til det beste for elevane skal ligge til grunn både i

vurderinga av om skolebyte skal brukast, og i saksbehandlinga.

Høyringsnotatet presiserte at avgjerda om skolebyte skal reknast som eit enkeltvedtak og skal følgje reglane om dette i forvaltningslova. Departementet foreslo at skoleeigaren skal vere vedtaksorgan i første instans, og at fylkesmannen skal vere klageinstans. For at tiltaket òg skal kunne brukast når fylkesmannen handhevar aktivitetsplikta til skolen, foreslo departementet å endre § 9 A-6 fjerde ledd.

4.4 Høyringsfråsegner

Det er 32 høyringsinstansar som har kommentert departementet sitt forslag om ei ny regulering av skolebyte i opplæringslova. Forslaget til reglar om skolebyte får støtte frå 23 høyringsinstansar, mens fire uttrykkjer at dei ikkje støttar det. Fem tek ikkje stilling til om dei er for eller mot forslaget.

Desse høyringsinstansane har komme med innspel til lovforslaget:

Justis- og beredskapsdepartementet

Barneombodet
Bufdir
Foreldreutvalet for grunnopplæringa – FUG
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Utdanningsdirektoratet

Buskerud fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Oppland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Telemark fylkeskommune

Bergen kommune
Drammen kommune
Levanger kommune

Elev-, lærling- og mobbeombodet i Møre og Romsdal
Mobbeombudet i Oslo

Elevorganisasjonen
Foreldrenettverk Mot Mobbing
Kristne Friskolers Forbund
KS
Norsk Lektorlag

Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
OdinStiftelsen
Redd Barna
Skolelederforbundet
Skolenes landsforbund
UNICEF Noreg
Utdanningsforbundet

Om behovet for å kunne påleggje skolebyte i vidaregåande opplæring

Eit klart fleirtal av høyringsinstansane støttar forslaget frå departementet. Fleire er opptekne av at skolebyte kan ha mindre alvorlege konsekvensar enn bortvising. *Hedmark fylkeskommune* er representativ for fleire når dei uttaler:

«Hedmark fylkeskommune ser seg til dels enig i perspektivet ved at pålagt skolebyte i enkelte tilfeller kan være et bedre alternativ til bortvisning for resten av skoleåret. Dette kan gi mulighet, for eleven pålegget gjelder, til å beholde progresjon i utdanning og skoleløpet. Videre gir det skoleeier og skolen muligheten til å oppfylle aktivitetsplikten i § 9 A-4, selv om hendelsene skjer i elevenes fritid. Samtidig vil Hedmark fylkeskommune understreke viktigheten av at vilkårene for pålagt skolebyte bør nøye vurderes og at terskelen for en så vidt alvorlig inngripen skal være høy.»

Barneombodet støttar òg forslaget:

«Erfaringer med svært alvorlige og langvarige mobbesaker har gjort oss svært bekymret for elevene som er involverte. Vi støtter lovfesting av en hjemmel til tvunget skolebyte i videregående opplæring.»

Foreldrenettverk Mot Mobbing uttaler:

«Når det gjelder skolebyte støtter FMM forslagene. Vi er svært positive til at dette løftes opp på sakskartet og at det legges opp til denne endringen. Vi vet at det ikke omfatter mangesaker, og at det kun er aktuelt for et lite fåtall av saker som omhandler mobbing og krenkelser i skolen. Likevel er dette svært viktig for de det gjelder.»

Mange av dei som støttar lovendringa, understrekar at terskelen for skolebyte må vere høg, og at tiltaket berre skal brukast i heilt spesielle tilfelle. Fleire påpeikar at vilkåra må vere strenge, blant

anna for å sikre at tiltaket ikkje blir brukt for å flytte på krevjande eller brysame elevar.

Enkelte høyringsinstansar, blant andre *Utdanningsforbundet* og *Levanger kommune*, kommenterer særleg plasseringa av den nye føresegna i kapittel 9 A om elevane sitt skolemiljø. Desse høyringsinstansane meiner det er riktig og formålstenleg at regelen blir plassert i lovkapittelet om skolemiljø og er lik for grunnskole og vidaregåande opplæring.

Det er fire høyringsinstansar som uttrykkjer at dei ikkje støttar forslaget om en heimel for skolebyte i vidaregåande opplæring: *FUG*, *Redd Barna*, *Elevorganisasjonen* og *Mobbeombudet i Oslo*. Desse høyringsinstansane meiner at skolebyte er eit kortsiktig og lite verknadsfullt tiltak. Dei meiner dessutan det skuggar for skolen sitt ansvar for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for alle elevane. *Mobbeombudet i Oslo* støttar ikkje forslaget og uttaler:

«Tiltak som inneholder forskjellige former for elevreguleringer gjennom individualiserende satsninger – slik som f.eks. skolebyte – har liten positiv påvirkning på skolemiljøet som helhet. Intervensjonrettede strategier på skolemiljø vil ikke bedre de relasjonelle prosessene mellom elevene og de voksne som befinner seg i skolens mikrosamfunn; disse vil like fullt eksistere der videre selv om ett individ flyttes på.

[...]

At lovhjemmelen allerede eksisterer for grunnskolen, er ikke et gyldig argument i denne sammenhengen: den ble i sin tid skrevet med utgangspunkt i en individfokusert forståelse, før nyere kvalitativ forskning på kompleksiteten i mobbing som fellesskapsfenomen ble trukket inn som forståelsesgrunnlag.»

Praktiske utfordringar ved skolebyte i vidaregåande opplæring

Det er fleire høyringsinstansar, blant andre *KS*, *Fylkesmannen i Oppland* og *Utdanningsforbundet*, som viser til praktiske utfordringar i samband med skolebyte i vidaregåande opplæring. Dei viser blant anna til at avstand mellom skolane og kva tilbod og inntakskrav skolane har, kan avgrense kva skolar det er mogleg å byte til. *Utdanningsforbundet* er blant dei som peikar på kor viktig det er at elevane skal kunne ha kontinuitet i opplæringa:

«Det må kome tydeleg fram i lovverket at eleven som blir pålagt å byte skule skal ha rett til å halde fram på det utdanningsprogrammet og programområdet eleven i utgangspunktet går på, og om eleven framleis har rett til ein fagkombinasjon som gir eleven moglegheit til å fullføre vidaregåande på normert tid.»

Om behandling av saker som gjeld skolebyte

Fleire høyringsinstansar, blant andre *KS*, *Bufdir*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Foreldrenettverk Mot Mobbing*, uttaler seg om saksbehandlingskrava for vedtak om skolebyte. Mange er opptekne av at rettstryggleiken og det beste for elevane må leggast til grunn. *KS* trekkjer fram at saksbehandlingsreglane bør vere så einsarta som mogleg sjølv om sakene er ulike, og at saksbehandlinga bør følgje grunnreglane i forvaltningslova.

Foreldrenettverk Mot Mobbing kjem med eit innspel om ytterlegare krav til saksbehandlinga:

«Det bør lovfestes at det også skal innhentes opplysninger fra andre instanser som kan ha relevante opplysninger i saken, det bør være andre instanser som har vært inne i saken rundt den som det vurderes skolebyte for. Det kan også være tilfeller der det gjennom flere skoleår har blitt satt inn tiltak tidligere, som bør bli tatt med i vurderingen om hvilke tiltak som er egna å sette inn. [...] Elevens foreldre bør kunne uttale seg om skolebyte selv om eleven har fylt 15 år.»

Norsk lektorlag er på si side bekymra for meirarbeid for lærarar:

«Departementet bes være oppmerksomme på hva som kan være en god balanse mellom det å ha en høy terskel for å bruke tvunget skolebyte som virkemiddel, og det at alt av hendelser og atferd, samt skolens tiltak, skal dokumenteres.»

Om kven som skal gjere vedtaket om skolebyte

Berre seks høyringsinstansar kommenterer forslaget om kven som skal ha fullmakt til å gjere vedtak. Fem av desse støttar forslaget om at skoleeigaren skal vere første instans og fylkesmannen klageinstans. *Telemark fylkeskommune* er representativ for desse når dei uttaler:

«Telemark fylkeskommune støttar at det er fylkeskommunen som skoleeigar, og ikkje den

enkelte vidaregåande skule, som skal forvalte ordninga i samarbeid med skulane. Dette er eit riktig prinsipp. Det sikrar tilstrekkeleg distanse og moglegheit til å sjå etter løysingar i eit heilskapeleg perspektiv, og elevar som bytar skule blir ikkje så lett ein «kasteball» mellom skular.»

OdinStiftelsen er derimot meir kritisk til forslaget:

«Saksbehandling krever kompetanse og erfaring. På hvilken måte ser departementet for seg at kvaliteten på saksbehandlingen før eventuelt skolebytte skal sikres? Kan det tenkes at departementet, skoleeiere, rektorer og elevene vil sikres bedre om denne type sjeldne saker blir vurdert, besluttet og koordinert av én kompetent instans fremfor hver skoleeier?»

Andre tiltak som høyringsinstansane spør om

I høyringa bad departementet om innspel til tiltak som kan vere eigna i saker om skolemiljø, men som høyringsinstansane meiner at det ikkje er rettsleg grunnlag for etter dagens regelverk. Det er fire høyringsinstansar som har komme med slike innspel.

Fleire av innspela er knytte til inntak til vidaregåande skole og reglene for dette. *Telemark fylkeskommune* uttaler:

«Telemark fylkeskommune ynskjer ein heimel til å plassere søkjarar på ein annan skole enn den vedkommande har søkt, gjennom ein individuell behandling av søknaden, og på grunnlag av dokumentasjonen i saka. Det betyr at vedkommande blir plassert utanom inntaksrekkefølja, med det føremål å unngå/førebygge uønskte hendingar og eit eventuelt skulebytte i løpet av skuleåret. Vi meiner dette vil bidra positivt for fleire, og at det vil gjere det enklare også for den det gjeld, både psykologisk, sosialt og når det gjeld læringsutbytte i skulen.»

Norsk lektorlag etterlyser sterkare verkemiddel for elevar som viser ekstrem og asosial oppførsel.

«Norsk lektorlag ber Kunnskapsdepartementet utrede hvorvidt retten til videregående opplæring kan trekkes tilbake i tilfeller hvor elever utøver vold mot medelever og lærere. Vi erfarer at skolens ansvar for opplæring trekkes svært langt når det er snakk om elever som begår gjentatte kriminelle handlinger på skolens område.»

Hordaland fylkeskommune har to konkrete ønske:

«Fylkesrådmannen ønskjer heimel for tiltak som kan bidra til at elevar medverkar etter aktivitetsplanen. Kapittel 9 A set strenge krav til skulen med gjennomføring av aktivitetsplan. Men skulane opplever iblant at eleven som mobbar eller foreldra til eleven som mobbar, ikkje følgjer opp tiltak som er fastsett i aktivitetsplan. Til dømes at ein elev konsekvent nekter å møte opp til samtalar. Skulane treng verkemiddel for å sikre gjennomføring dersom elevane/foreldra ikkje medverkar.

Fylkesrådmannen ønskjer heimel for tiltak som gjer at skuleeigar ved inntak til vidaregåande opplæring kan plassere elevar med mobbehistorikk frå grunnskolen på ulike vidaregåande skular. Det er ei kjent problemstilling at både den som vert mobba og den som mobbar, ofte søker seg til same vidaregåande skule. Slik det er no, er det den som vert mobba, som heller vel å søkje seg til ein annan skule.»

Utdanningsforbundet har òg innspel til andre aktuelle tiltak:

«Her er forslag som vi har fått inn frå nokre fylkeslag i vår interne høyring:

- Mindre inngripande tiltak enn skulebyte eller bortvisning kan vere annan opplæringsarena i regi av same skule. Dersom eleven ikkje er einig manglar heimelen for å pålegge dette, sidan eleven er teken inn på eit opplæringsprogram og blant anna har rett til å høyre til ei gruppe.
- Opplæringskontrakt i bedrift. Midlar må følgje med.
- Gi ungdom under 25 år opplæring organisert for vaksne
- Tilbod til mekling, men ikkje ved tvang, det er uetisk
- Alternativt tilbod som nettskule»

4.5 Departementet sine vurderingar

4.5.1 Om behovet for ein lovheimel for å påleggje skulebyte i vidaregåande opplæring

Skulebyte er eit så inngripande tiltak at det krev heimel i lov. Departementet foreslo i høyringa ein ny lovheimel som gir fylkeskommunane rett til å fastsetje skulebyte for elevar. Denne retten har vore etterspurt, og det store fleirtalet av høy-

ringsinstansane støttar forslaget. Departementet foreslår derfor ein lovheimel for å kunne påleggje skolebyte overfor elevar i vidaregåande opplæring.

Samtidig er det viktig å understreke at skolebyte skal vere ein siste utveg. Tiltaket skal berre brukast i dei aller mest alvorlege sakene. Formålet er å verne elevar som har blitt utsette for grov mobbing, vald eller andre alvorlege krenkingar. At skolebyte berre skal brukast heilt unntaksvis, er reflektert i at departementet foreslår strenge vilkår som må vere oppfylte for at skolebyte skal vere aktuelt.

Departementet foreslår at regelen om skolebyte skal vere ein *kan-regel* (fakultativ regel). Dette inneber at sjølv om vilkåra er oppfylte, har ikkje skoleeigaren plikt til å nytte tiltaket. KS set i høyringssvaret sitt spørsmålsteikn ved dette, og spør òg om medelevar kan krevje skolebyte. Det ligg i forslaget frå departementet at skolebyte skal vere noko skoleeigaren *kan* bruke dersom vilkåra er oppfylte. Forslaget er ikkje meint å gi skoleeigaren ei plikt til å nytte skolebyte som tiltak. Departementet går heller ikkje inn for at medelevar skal kunne krevje at skolebyte blir gjennomført.

Nokre høyringsinstansar, blant andre *FUG* og *Mobbeombudet i Oslo*, kritiserer i høyringssvara sine departementet for å ha ei for individualiserande tilnærming til problemstillinga og arbeidet med trygge og gode skolemiljø. Departementet er samd i at det er i samsvar med nyare kunnskap om læringsmiljø å forklare mobbing og utrygt skolemiljø som ein dynamisk og marginaliserande prosess som oppstår i eit kollektiv/ei gruppe. Merksemnda bør derfor ikkje berre rettast mot relasjonen mellom to eller fleire enkeltelevar.

Slik departementet ser det, er det inga motsetning mellom å basere tiltak og politikk på dette kunnskapsgrunnlaget og å innføre ein heimel for skolebyte i vidaregåande opplæring. Tiltaket skal vere reservert for heilt spesielle saker der andre og mindre inngripande tiltak ikkje kan sikre medelevane eit trygt og godt skolemiljø. Det finst døme på grove tilfelle, som seksuelt misbruk og vald, som handlar om forholdet mellom enkeltindivid. I slike saker kan tiltaka innanfor dagens regelverk vere utilstrekkelege for å sikre at den utsette eleven får oppfylt retten til eit trygt og godt skolemiljø. Slik departementet vurderer det, er det derfor behov for å innføre ein heimel for skolebyte også i vidaregåande opplæring. Departementet vil òg peike på at fleire høyringsinstansar, til liks med departementet, meiner at skolebyte ofte

er å føretrekkje framfor bortvising for resten av skoleåret.

Elev-, lærling- og mobbeombudet for elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal understrekar behovet for vidare arbeid med skolemiljøet ved skolen også etter at ein elev er flytta. Ombudet peikar på at når ei slik sak har oppstått, tyder det på at trygge og gode oppvekstvilkår ikkje nødvendigvis er til stades. Departementet viser til kommentaren ovanfor om kunnskapsgrunnlaget og støttar ombudet i synet på at enkelt saker kan gi indikasjonar på at skolemiljøet ikkje er godt nok. Departementet viser til det tydelege ansvaret som ligg til både skoleeigaren, den enkelte skolen og alle som arbeider der, for å bidra til eit trygt og godt skolemiljø. At ei sak har blitt så alvorleg og vanskeleg at skolebyte er eit aktuelt tiltak, bør vere eit signal om at det er grunn til å sjå på og intensivere skolen sitt arbeid utover enkeltsaka. Departementet vil òg understreke at i saker der utryggleik for éin eller nokre få elevar har utløynt eit skolebyte, bør skolen vere særleg merksam på desse elevane også etter at skolebytet er gjennomført. Sjå omtalen i Prop. 57 L (2016–2017) kapittel 5.5.2 om ansvaret for særleg sårbare elevar.

Fleire høyringsinstansar, blant andre *Barneombudet* og *Norsk lektorlag*, trekkjer fram at både eleven som blir flytta, og skolen eleven blir flytta til, må følgjast opp. Departementet er samd i at det må vere ein føresetnad at eleven som blir flytta, får ei særleg oppfølging på den nye skolen. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø, og når ein ny elev kjem inn i ei elevgruppe, bør skolen vere særleg merksam på forhold rundt denne eleven og skolemiljøet elles. Departementet legg til grunn at dette ligg i plikta til å arbeide systematisk med skolemiljø, jf. § 9 A-3, og aktivitetsplikta, jf. § 9 A-4. Skoleeigaren skal sørgje for at skolen har ressursar nok til å oppfylle dei krava som er stilte til han, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd.

Andre tiltak i skolemiljø saker

Fire høyringsinstansar svarte på invitasjonen frå departementet til å spele inn forslag til eigna skolemiljøtiltak som det ikkje er heimel for i dagens regelverk. Regjeringa har i den politiske plattformen si uttrykt at ho vil føre vidare arbeidet mot mobbing i skolen, blant anna ved å styrkje kompetansen om utvikling av gode skole- og læringsmiljø og halde fram arbeidet med rask og trygg handtering av mobbesaker. Departementet tek

med seg innspela frå høyringsinstansane i det vidare arbeidet.

Fleire av tiltaka som er spelte inn, er knytte til inntak til vidaregåande skole og reglane for dette. Blant anna peikar *Telemark fylkeskommune* og *Hordaland fylkeskommune* på overgangen mellom ungdomstrinn og vidaregåande opplæring. Dei etterlyser eit høve til å ta omsyn til særskilde forhold ved den tidlegare skolegangen til elevane.

Elevlar blir tekne inn til vidaregåande opplæring etter reglane i forskrift til opplæringslova kapittel 6 og dei lokale forskriftene til fylkeskommunane. Departementet vil vurdere om det er behov for endringar i reglane om inntak, slik at ein elev som er pålagt å byte skole, kan nektast inntak ved skolen til eleven/elevane som skolebyttet er gjort av omsyn til. Departementet er kjent med at det kan skje at elevlar som gjennom skolebyte er skilde frå kvarandre på grunnskolen, møtest att på den same vidaregåande skolen. I nokre tilfelle opplever ein eller fleire av elevane dette som svært vanskeleg. Samtidig vil departementet peike på at handlingar som er gjort, eller situasjonar som har oppstått tilbake i tid, ikkje kan eller bør hefte ved ein elev i store delar eller resten av skoleløpet. Departementet viser i denne samanhengen til det som er omtalt ovanfor om nyare kunnskapsgrunnlag om skolemiljø og mobbing. Alle elevlar er ein del av ein fellesskap. Rollene og handlingane deira vil avhenge av miljøet og vil skifte etter situasjon og over tid.

Når det gjeld forslaget frå *Norsk lektorlag* om ein heimel til å ta ifrå elevlar retten til vidaregåande opplæring, vil departementet vise til at det tidlegare var ein regel om dette i opplæringslova § 3-8. Denne blei oppheva i samband med at opplæringslova kapittel 9 A ble vedteke. Departementet viser til Prop. 57 L (2016–2017) kapittel 8.5.4.4. Regelen blei oppheva i oppfølginga av NOU 2015: 2 *Å høre til* (Djupedal-utvalet) og eit innspel frå Barneombodet. Forslaget fekk brei støtte i høyringa av eit nytt regelverk mot mobbing i skolen.

4.5.2 Vilkår som må vere oppfylte for at ein skal kunne påleggje skolebyte

4.5.2.1 Omsynet til tryggleiken og læringa til andre elevlar

Svært mange høyringsinstansar meiner at hovudvilkåret for å påleggje skolebyte – at *oppførselen til ein elev i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar* – er eit riktig og godt vilkår. Det er brei støtte for at terskelen

for pålagt skolebyte skal liggje høgt. Departementet foreslår derfor å leggje dette til grunn.

Departementet foreslår at pålagt skolebyte berre kan nyttast av omsyn til ein eller fleire medelevar på skolen. Pålagt skolebyte skal ikkje kunne nyttast som tiltak av omsyn til eleven som blir pålagt å byte skole. Skolebyte i ein slik situasjon føreset at eleven sjølv samtykkjer. Pålagt skolebyte kan heller ikkje nyttast av omsyn til dei tilsette på skolen.

I tillegg må desse elementa i hovudvilkåret vere oppfylte:

- Det som blir vurdert, må vere oppførselen til eleven og kva påverknad oppførselen har.
- Det må vere direkte samheng mellom oppførselen og konkrete negative verknader på tryggleiken eller læringa til andre elevlar.
- Den negative verknaden må i *alvorleg grad* gå ut over tryggleiken eller læringa til medeleven/medelevarane.

I saker der elevlar opplever at det ikkje er trygt og godt å vere på skolen, vil årsaka ofte vere samansett. Det kan vere fleire medelevar som samla og meir eller mindre direkte skaper utryggleik hos enkeltelevlar. Medelevarane kan spele fleire og skiftande roller. Departementet vil understreke at i saker der skolen vurderer å påleggje ein elev å byte skole, er det svært viktig at skolen gjer grundige undersøkingar (jf. undersøkingssplikta i § 9 A-4 tredje ledd). For at vilkåra for skolebyte skal vere oppfylte, må undersøkingane vise at oppførselen til ein enkeltelev faktisk er den utløysande årsaka til utryggleik eller læringstap for ein eller fleire medelevar.

Skolemiljø og utbytte av opplæringa heng saman. Gjennom å vere ein del av skolemiljøet påverkar elevane helse, trivselen og læringa til kvarandre. Regelverket om skolemiljø byggjer på eit kunnskapsgrunnlag om at utbyttet elevane får av opplæringa, har direkte samheng med skolemiljøet. Denne premissen ligg til grunn for blant anna føresegna i § 9 A-2, som seier: «Alle elevlar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Også dei andre føresegnene i kapittelet må tolkast i lys av dette.

At departementet i lovforslaget sitt berre peikar på konsekvensane for tryggleiken og læringa til medelevar, heng saman med at skolebyte berre skal kunne nyttast i kvalifisert alvorlege situasjonar. Å oppleve tryggleik er nært knytt til fysisk og psykisk helse. At oppførselen til ein elev går ut over trivselen til medelevar, vil ikkje vere tilstrekkeleg til å påleggje skolebyte. Ein føreset at låg trivsel er noko som kan rettast opp gjennom min-

dre inngripande tiltak enn skolebyte. Men dersom skolen ikkje tek tak i låg trivsel, er det fare for at det utviklar seg til ei sterkare oppleving av utryggleik.

Slik departementet ser det, er dette òg i tråd med gjeldande rett for grunnskolen. Ordlyden i dagens § 8-1 fjerde ledd er annleis enn den departementet foreslår for ein ny § 9 A-12. Dette er likevel ikkje meint å innebere ein realitetsforskjell. Heller ikkje dagens heimel for skolebyte skal nyttast for å flytte ein elev av andre årsaker enn korleis eleven påverkar skolemiljøet. Det er til dømes ikkje tillate å nytte skolebyte i ei sak fordi ein påstår at ressursane skolen bruker for å leggje til rette opplæringa for éin elev, går utover utbyttet medelevarane får av opplæringa. Kva tilrettelegging enkeltelevar treng, kan dreie seg om spesialundervisning eller fysiske tilpassingar. Dette vil ein kunne avhjelpe ved å tilføre ressursar for å møte dei individuelle behova til elevane.

Skolebyte bør, slik departementet ser det, vere reservert for situasjonar der oppførselen til ein elev *i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til éin eller fleire andre elevar*. Eleven kan til dømes utsetje éin eller fleire medelevar for alvorleg og vedvarande mobbing, trakassering eller diskriminering. Det kan òg dreie seg om truslar, vald, overgrep eller andre omfattande fysiske eller psykiske krenkingar. Forhold som skjer både på skolen og på fritida, kan utløyse skolebyte så lenge det påverkar læringa og tryggleiken på skolen. Også oppførsel som kjem til uttrykk digitalt, vil kunne utløyse skolebyte. Det kan til dømes vere truslar, trakassering og sjiknering på nett. Det same gjeld overgrep som publisering av opptak eller foto av elevar i seksuell aktivitet eller andre sårbare situasjonar. Skolebyte vil først og fremst vere aktuelt i saker som har gått føre seg over tid og blitt stadig meir belastande for medelevarane. Likevel vil ikkje departementet sjå bort frå at tiltaket òg kan vere aktuelt etter eit enkelttilfelle av til dømes grov vald eller overgrep.

Om kravet til at *oppførselen til eleven i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til éin eller fleire andre elevar*, er oppfylt, vil avhenge av ei konkret vurdering. Ein må sjå på den aktuelle situasjonen og påverknaden på den eller dei medelevarane som er ramma. Opplevinga til medelevarane vil ikkje i seg sjølv vere avgjerande for vurderinga. Vurderinga må ta utgangspunkt i opplevinga deira. Samtidig må ho supplerast av profesjonelle og meir objektive vurderingar av kva som normalt vil kunne gå ut over tryggleiken eller læringa til andre elevar i alvorleg grad. Det er ikkje den same vurderinga som må gjerast med

tanke på §§ 9 A-2 og 9 A-4 om eleven opplever at skolemiljøet er «trygt og godt». Departementet viser i tillegg til at skolane har eit skjerpa ansvar for å vareta elevar med ei særskild sårbarheit, jf. Rt. 2012 s. 146 og Prop. 57 L (2016–2017) kapittel 5.2.2.

4.5.2.2 *Mindre inngripande tiltak vil ikkje kunne avhjelpe situasjonen*

Det andre hovudvilkåret departementet foreslo i høyringa, var at skolebyte berre skal påleggjast dersom mindre inngripande tiltak ikkje kan gi medelevarane eit trygt og godt skolemiljø.

Justis- og beredskapsdepartementet påpeikar i høyringssvaret sitt at lovteksten departementet foreslo, kan verke forvirrande. Han fortøna seg som eit dobbelt sett med like vilkår. Departementet foreslår derfor no ein annan ordlyd, som tydelegare viser realiteten i vilkåret. Departementet foreslår at skolebyte ikkje skal skje dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Ein foreslår å lovfeste vilkåret i § 9 A-12 første ledd andre setning. Departementet viser til skildringa ovanfor av det første hovudvilkåret om at situasjonen må vere alvorleg og ha ein bestemt effekt, og korleis dette skal vurderast.

Alternative tiltak og forholdet til bortvising m.m.

Formålet med å setje inn tiltak i saker som gjeld skolemiljøet til elevar, er å sikre retten deira til eit trygt og godt skolemiljø, jf. § 9 A-2. Tiltak i saker om skolemiljø er av ulike slag og retta mot ulike problemstillingar og målgrupper på ein skole. Vil-kåret om at skolebyte ikkje skal skje dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen, stør opp under at skolebyte berre skal brukast heilt unntaksvis. Det viser òg til at skolar først og fremst skal jobbe med skolemiljøet til elevane gjennom andre tiltak og innsatsar. Departementet forventar at skolen har god kunnskap om kva som skal til for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for elevane.

Forslaget frå departementet legg opp til ei særskild vurdering av effekten av ulike tiltak. Skolebyte er berre aktuelt i ein situasjon der oppførselen til ein elev i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til éin eller fleire andre elevar. Vil-kåret om at mindre inngripande tiltak ikkje vil kunne avhjelpe situasjonen, refererer til alvorlet i situasjonen.

Kva for tiltak som er aktuelle, kva slags effekt dei vil ha, og kor inngripande dei er, vil avhenge av ei konkret vurdering. Skolen må vurdere effek-

ten av ulike tiltak. Ein skal ikkje berre vurdere tiltak som kan løyse situasjonen heilt, men derimot vurdere ulike tiltak som åleine eller i samspel vil kunne avhjelpe situasjonen gjennom å redusere skadeverknadene. Dersom andre tiltak enn skolebyte kan «få ned» alvorlighetsgraden til under terskelen i det første vilkåret (alvorleg grad), skal ikkje skolebyte nyttast. Skolebyte er berre aktuelt dersom det er det einaste tiltaket som har denne effekten.

Vurderinga av kor inngripande dei aktuelle tiltaka er, skal ta utgangspunkt i konsekvensane for eleven det er aktuelt å påleggje å byte skole. Tiltaka som blir vurderte, bør omfatte tiltak retta både mot heile skolemiljøet, mot grupper av elevar, mot andre enkeltelevar og mot enkelteleven som det er aktuelt å påleggje å byte skole. Departementet vil igjen understreke kor viktig det er å gjere grundige undersøkingar (jf. undersøkingsplikta i § 9 A-4 tredje ledd). Undersøkingane må gi oversikt over og forståing av problemet som skal løysast, og dei må leggje eit godt grunnlag for val av tiltak.

Det vil variere kor inngripande ulike tiltak vil verke. Departementet vil understreke kravet til skolen og skoleeigaren om at omsynet til det beste for eleven er eit grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104. I saker om skolemiljø generelt, og i saker om skolebyte, skal det gjerast ei reell vurdering av kva for handlingar som er til beste for elevane det vedkjem. I saker om skolebyte er denne vurderinga særleg utfordrande fordi ulike elevar har interesser som ofte står mot kvarandre. Dette vil vere eleven som risikerer eit pålagt skolebyte, og medelevane ved den noverande skolen til eleven, men òg elevar ved skolen han eller ho eventuelt skal flyttast til.

I høyringssvaret sitt peikar *Hedmark fylkeskommune* på at det i vurderinga bør takast omsyn til tidspunktet for eit mogleg skolebyte. Konsekvensane for eleven som byter skole, kan vere svært store. Fylkeskommunen viser til at dette til dømes gjeld dersom det ikkje er mogleg å setje standpunktarakter ved den nye skolen. Departementet føreset at skolen eleven byter frå, og skolen eleven byter til, samarbeider for å bidra til ein best mogleg overgang for eleven, òg med tanke på vurdering. Sjå òg nedanfor i kapittel 4.5.2.3 om grenser for høvet til å påleggje skolebyte knytte til kva skolar som er tilgjengelege.

KS etterlyser i høyringssvaret sitt ei klargjering av forholdet til bortvising (jf. § 9 A-11). Departementet meiner at forholdet mellom skolebyte og bortvising for resten av skoleåret, og kva som er mindre inngripande tiltak enn skolebyte, må sjåast i samanheng med grunngevinga for å

innføre skolebyte. I mange tilfelle vil skolebyte vere eit mindre inngripande tiltak enn bortvising for resten av skoleåret. Grunnen er at eleven ikkje blir fråteken opplæring ved eit skolebyte. For at ein elev skal kunne bortvisast for resten av skoleåret, må tiltaket vere heimla i ordensreglementet, og den faktiske situasjonen må oppfylle vilkåra for å nytte tiltaket. Eit skolebyte er derimot ein mogleg reaksjon på situasjonar som ordensreglementet til skolen ikkje dekkjer, til dømes fordi det har skjedd på fritida til elevane. I tilfelle der bortvising for resten av skoleåret ikkje er ei tilgjengeleg reaksjonsform, vil skolebyte kunne vere det mest inngripande tiltaket skolen har tilgjengeleg.

Departementet vil påpeike at det er eit vilkår for bortvising at «ein skal ha vurdert andre tiltak», jf. § 9 A-11 siste ledd. Skolebyte vil vere blant tiltaka ein må ha vurdert for å oppfylle kravet i § 9 A-11 siste ledd i samband med bortvising for resten av skoleåret.

KS set i høyringa òg spørsmålsteikn ved kor lenge eit skolebyte skal vare. Departementet meiner at omsynet til ein føreseieleg situasjon både for eleven som blir flytta, og for medelevane ved skolen eleven blir flytta frå, tilseier at utgangspunktet må vere at skolebytet skal vare resten av skoleløpet ved skolen eleven blir flytta til. Dette bør liggje til grunn når ein vurderer kor inngripande eit skolebyte vil vere. Dersom det skulle oppstå spørsmål om å påleggje skolebyte også ved den nye skolen, vil dette vere ei ny og eiga sak. Er omstenda vesentleg endra sidan den førre saka, til dømes fordi det har gått lang tid og eleven eller elevane som måtte vernast mot den som blei flytta, ikkje lenger går ved den førre skolen, er det ikkje umogleg at det nye skolebytet skjer tilbake til skolen eleven først gjekk på.

Eit særskilt spørsmål kan oppstå når elevane søker om inntak på ny skole frå eitt skoleår til eit anna. Da kan eleven som blei pålagt å byte til skole B, søkje seg tilbake til skole A i neste søknads- og inntaksprosess. Departementet vil vurdere om det er behov for endringar i reglane om inntak i kapittel 6 i forskrift til opplæringslova, slik at ein elev som er pålagt å byte skole, i slike tilfelle kan nektast inntak ved skole A.

Det er inga plikt til å gå i vidaregåande opplæring. Dette inneber at ein elev som blir pålagt skolebyte, ikkje er forplikta til å møte opp på den nye skolen. KS legg i høyringssvaret sitt til grunn at elevar som ikkje møter på ny skole, blir fylkeskommunen sitt ansvar, gjennom oppfølgingstene- sta. Departementet er samd i dette. Dersom ein elev ikkje møter på skole eller ikkje ønskjer å ta

imot tenester frå oppfølgingstenesta, vil eleven bli registrert i fråfallsstatistikken på vanleg vis.

Om å ha prøvd andre tiltak

Fleire høyringsinstansar er kritiske til forslaget frå departementet om at det ikkje skal vere eit vilkår at ein faktisk må ha prøvd andre tiltak før ein gjennomfører eit skolebyte. Blant andre *Skolenes landsforbund*, *Bergen kommune* og *Utdanningsforbundet* meiner det må vere eit absolutt vilkår at andre tiltak er prøvde ut.

Departementet legg til grunn at eit pålagt skolebyte først og fremst vil vere aktuelt i saker som har gått føre seg over tid og blitt stadig meir belastande for medelevane. Departementet understrekar vidare at utgangspunktet og hovudregelen må vere at andre tiltak skal prøvast ut og evaluerast før det er aktuelt å påleggje eit skolebyte etter lovforslaget. Dette vil vere i samsvar med den vanlege gangen i ei skolemiljøsak, jf. § 9 A-4 om aktivitetssplikta til skolen.

Likevel meiner departementet at det i heilt ekstraordinære tilfelle kan vere riktig, av omsyn til medelevane, at andre tiltak ikkje alltid blir prøvde ut før skolebytet. Dette vil vere saker der behovet for å verne medelevane er særleg stort. Døme kan vere tilfelle der ein elev har opplevd eit grovt seksuelt overgrep frå ein medelev, drapsforsøk eller andre ekstreme former for vald, og der det ikkje er forholdsmessig eller rimeleg å krevje at det først skal setjast inn tiltak på skolen. Departementet merkar seg at dette synet har støtte frå blant andre *Foreldrenettverk Mot Mobbing*. Departementet viser òg til regelen om bortvising etter § 9 A-11, der vilkåret er at ein skal «ha vurdert andre tiltak». Dette gjeld uavhengig av kor lang bortvising det er snakk om, jf. merknadene til føresegna i Prop. 57 L (2016–2017) kapittel 10. Departementet meiner det bør vere ein samanheng mellom vilkåra for skolebyte og bortvising.

4.5.2.3 Grenser for høvet til å påleggje skolebyte knytte til kva skolar det er aktuelt å flytte eleven til

Grenser knytte til avstand og reiseveg til skolen

Fleire høyringsinstansar, blant andre *Fylkesmannen i Oppland*, peikar på at å finne ein skole å flytte eleven til kan vere vanskeleg på grunn av avstanden til ulike skolar og reisevegen for eleven.

Departementet meiner at dei praktiske konsekvensane av eit skolebyte for eleven må inngå i

vurderinga av kva tiltak som er aktuelle i ei sak. Ein må blant anna ta omsyn til korleis eleven bur, og reisevegen til andre skolar. Departementet meiner at eit skolebyte vil vere uforholdsmessig og ikkje skal påleggjast dersom det inneber at eleven må flytte, eller at skoleskyssen blir uforvarsleg. Dette bør gjelde både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Kva som er forsvarleg skyss, er regulert i opplæringslova kapittel 7.

I høyringsnotatet viste departementet til høvet til å byte skole på tvers av kommune- eller fylkesgrenser. I nokre tilfelle kan skolen det er mest aktuelt å byte til, liggje i ein annan kommune eller eit anna fylke. Den kan vere mest aktuell av omsyn til avstand og reiseveg, kva eleven sjølv ønskjer, eller andre forhold. Byte på tvers av kommunegrenser er alt regulert på grunnskoleområdet, jf. § 8-1 siste ledd. Eit byte av skole på tvers av kommune- eller fylkesgrenser krev ein avtale mellom skoleeigarane.

Departementet legg til grunn for forslaget at skolebyte ikkje kan påleggjast når det inneber at eleven må flytte ut av heimen sin, eller dersom skoleskyssen blir uforvarsleg. Dette gjeld til skolar både i og utanfor heimkommunen eller heimfylket. Departementet foreslår å lovfeste vilkåret i § 9 A-12 tredje ledd.

Grenser knytte til opplæringstilbodet eleven er teken inn på

Blant høyringsinstansane er det mange som nemner utfordringar med å finne alternative skolar med same opplæringstilbod. *Utdanningsforbundet* er blant dei som meiner at eleven som blir flytta, må ha rett til å halde fram på det same utdanningsprogrammet og programområdet.

Departementet er samd i dette. Departementet meiner eit slikt vilkår vil sikre at det blir kontinuitet i opplæringa, og at eleven får oppfylt retten til vidaregåande opplæring. Det motsette vil ha uforholdsmessig store konsekvensar for eleven slik departementet ser det. Departementet foreslår derfor at det i den nye føresegna går fram at ein elev i vidaregåande opplæring som blir pålagd å byte skole, har rett til å halde fram på det same utdanningsprogrammet og programområdet. Eleven må òg kunne få tilbod om ein fagkombinasjon ved den nye skolen som gjer at eleven kan fullføre til planlagd tid. Departementet foreslår å lovfeste vilkåret i § 9 A-12 andre ledd andre setning. Sjå elles omtalen ovanfor av skolebyte på tvers av fylkesgrenser.

Grenser knytte til regelverk for inntak i vidaregåande opplæring

I høyringa blei det lagt til grunn at ved skolebyte i vidaregåande opplæring vil òg reglar om inntak avgrense kva for skolar det er aktuelt å byte til. Eleven må kvalifisere til inntak ved den andre skolen. Saksbehandlingsreglane for inntak må følgjast. Elevar blir tekne inn til vidaregåande opplæring etter reglane i forskrift til opplæringslova kapittel 6 og dei lokale forskriftene til fylkeskommunane. Kva for skolar det er mogleg å byte til, vil derfor avhenge av reglar om inntaksrekkefølge m.m. Dersom fylkeskommunen praktiserer fritt skoleval, kan det òg vere med og avgrense kva for skolar som er aktuelle.

KS er blant høyringsinstansane som påpeikar at dette kan føre til at elevar berre kan flyttast til skolar med same eller lågare inntakspoeng, men ikkje til skolar med høgare inntakspoeng. Departementet legg i utgangspunktet til grunn at elevar etter dagens inntaksreglar berre kan flyttast til skolar der dei kvalifiserer til inntak. Avhengig av inntaksreglane i fylket vil dette kunne bety at skolar med høgare inntakspoeng enn eleven har, kan vere uaktuelle å byte til.

I regjeringsplattforma uttrykkjer regjeringa at ho vil greie ut ulike modellar for fritt skoleval som sikrar retten elevane har til å velje skole, og som varetek omsynet til ein desentralisert skolestruktur. Det er i gang prosessar og arbeid der ein kjem inn på inntaksreglane for vidaregåande opplæring. Problemstillingar som gjeld skolemiljø og mobbing, vil få plass i desse prosessane. Departementet vil blant anna vurdere korleis reglane for inntak til vidaregåande opplæring skal samverke med høvet til å påleggje skolebyte i tråd med lovforslaget.

4.5.3 Krav til saksbehandlinga

4.5.3.1 Forholdet til forvaltningsretten m.m.

Departementet legg til grunn at ei avgjerd om skolebyte er å rekne som eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Dermed gjeld reglane i forvaltningsretten for førebuinga av, forma på og innhaldet i enkeltvedtak. Enkeltvedtak er det dessutan mogleg å klage på. Det kom ingen innvendingar mot dette i høyringa.

Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår at saksbehandling i saker om skolebyte blir regulert i ei eiga forskrift. Dette vil etter deira syn sikre lik og god saksbehandling. Departementet viser til at reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak vil

gjelde ved pålagt skolebyte. Nedanfor foreslår departementet dessutan at visse saksbehandlingskrav blir løfta fram og tekne inn i den nye paragrafen. Ei eiga forskrift meiner departementet ikkje er nødvendig for å sikre forsvarleg saksbehandling i sakene. Departementet sluttar seg til høyringsinnspelet frå KS, som peikar på at det er viktig at saksbehandlingsreglane som kommunar og skolar skal følgje, er så einsarta som mogleg, sjølv om sakene er ulike.

KS etterlyser ei avklaring av forholdet til partssomgrepet i forvaltningslova. *Foreldrenettverk Mot Mobbing* peikar på praktiske utfordringar knytte til spørsmål om innsyn. Alminneleg forvaltningsrett og forvaltningslova regulerer prosessen for enkeltvedtak. Departementet foreslår ikkje særreglar for verken partsstatus eller innsyn. Kven som blir rekna som part i ei sak, er regulert gjennom forvaltningslova § 2 første ledd bokstav e. Departementet legg til grunn at parten i ei sak om pålagt skolebyte etter § 9 A-12 i lovforslaget normalt berre vil vere den eleven som vedtaket rettar seg mot, altså eleven som blir pålagt å byte skole. For mindreårige vil foreldra som regel opptre på vegner av barnet som er part. Departementet legg vidare til grunn at andre elevar eller foreldra deira normalt heller ikkje vil ha rettsleg klageinteresse på skolebyte-vedtaket. Den retten andre elevar har til eit trygt og godt skolemiljø, vil derimot kunne vere ei sak etter § 9 A-4 (aktivitetsplikta). Denne kan handhevast av fylkesmannen gjennom § 9 A-6 (handhevsingsordninga). Sjå elles omtalen av partsrettar m.m. i Prop. 57 L (2016–2017) kapittel 6.5. Retten til innsyn i ei sak er regulert gjennom offentleglova og forvaltningslova kapittel IV.

Utdanningsdirektoratet stiller spørsmål om forholdet mellom dei materielle vilkåra for skolebyte og krava til saksbehandling. Departementet viser til at krava til saksbehandling i ei sak om skolebyte vil gå fram av ulike regelverk. Nokre av krava vil stå i føresegna om skolebyte. Nokre krav vil følgje av forvaltningslova, alminneleg forvaltningsrett m.m. Saksbehandlingskrava skal sikre ein forsvarleg prosess når skolebyte blir vurdert og eventuelt vedteke. Dei stør dessutan opp under dei materielle vilkåra. Til dømes er kravet om å ha vurdert andre tiltak ei tydeleg tilvising til det materielle vilkåret om at mindre inngripande tiltak ikkje vil kunne avhjelpe situasjonen. Intensjonen til departementet er at både dei materielle vilkåra og krava til riktig saksbehandling må vere oppfylte for at det skal vere mogleg å vedta og gjennomføre eit skolebyte. Ei eventuell klagesak vil likevel kunne få ulikt utfall avhengig av om det er dei materielle vilkåra eller saksbehandlings-

krava som ikkje er oppfylte. Men dette er ikkje særeige for saker om skolebyte. Departementet legg til grunn at klageinstansen vil løyse dette i samsvar med forvaltningsrettslege reglar om ugyldigheit. Departementet går likevel ut frå at brot på krava til saksbehandling ved skolebyte ofte vil kunne ha påverka avgjerda og dermed innhaldet i vedtaket.

4.5.3.2 Kven som skal gjere vedtak om skolebyte

I høyringa foreslo departementet at kommunen eller fylkeskommunen skal gjere vedtak om skolebyte i første instans. Som klageinstans foreslo departementet fylkesmannen. Departementet foreslo òg at fylkesmannen skulle ha heimel til å påleggje skolebyte i saker som gjeld handheving av aktivitetsplikta til skolen. Av dei som har uttalt seg om spørsmålet, støttar eit klart fleirtal departementet i dette synet. Ein legg vekt på samanheng med andre 9 A-tiltak. I tillegg er det eit argument å sikre at vedtaksinstansen er uavhengig av den enkelte skolen.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette at vedtak om skolebyte i første instans kan gjerast av kommunen i saker som gjeld grunnskolen, og av fylkeskommunen i saker som gjeld vidaregåande opplæring. Sjå lovforslaget § 9 A-12 tredje ledd. For friskolar foreslår departementet å leggje vedtaksmakta til heimkommunen eller heimfylket. For grunnskolen er dette ei vidareføring av gjeldande rett. For vidaregåande opplæring er det ein ny regel og ei ny oppgåve for fylkeskommunen.

Fylkesmannen bør kunne bruke pålagt skolebyte i ei sak om handheving av aktivitetsplikta. Derfor foreslår departementet òg endringar i § 9 A-6 fjerde ledd. Utdanningsdirektoratet er klageinstans for fylkesmannsvedtak etter § 9 A-6.

Vidare foreslår departementet at fylkesmannen skal vere klageinstans for kommunale eller fylkeskommunale vedtak om skolebyte. På det fylkeskommunale området er dette eit avvik frå det ordinære systemet med at fylkestinget eller særskilt oppretta klagenemnder er klageinstans. Departementet legg likevel større vekt på samanheng med andre vedtak i skolemiljø saker. Departementet legg òg vekt på at fylkesmannen i tillegg er tilsynsorgan. Forslaget om at fylkesmannen skal vere klageinstans for saker om elevvar i offentlege skolar, krev endringar i opplæringslova § 15-2.

I høyringa påpeikar både *Utdanningsdirektoratet* og *Barneombodet* at lovforslaget som var på høyring, kan bli misforstått. Dei meiner det ser ut

som om fylkesmannen berre er meint å vere klageinstans i saker som gjeld elevvar i friskolar. *Utdanningsforbundet* har på si side innvendingar mot at lovteksten i § 15-2 seier «departementet», og ikkje «fylkesmannen». Bakgrunnen for ordlyden i lovforslaget som var på høyring, er dagens regulering i opplæringslova § 15-2. Dette er ein særregel om visse enkeltvedtak etter opplæringslova. Departementet meiner framleis at fylkesmannen skal vere klageorgan. I denne proposisjonen fremjar departementet eit anna forslag til ordlyd for å vise dette. Lovforslaget frå departementet inneber at klageorganet for vedtak om elevvar i offentlege skolar går fram av opplæringslova § 15-2. For vedtak om elevvar i friskolar vil det gå fram av friskolelova § 2-4 andre ledd.

Når det gjeld innspelet frå *Utdanningsforbundet* om ordlyden i § 15-2, viser departementet til at fylkesmannen har fått oppgåva som klageorgan etter § 15-2 gjennom delegasjon. Både i opplæringslova og friskolelova er det fleire føresegner der Stortinget har lagt fullmakta og ansvaret til departementet. Departementet har så delegert utføringa av oppgåva til fylkesmannen. Å endre ordet i teksten i § 15-2 krev ei grundigare vurdering av rollefordelinga mellom statsorgana. Dette er eit større utgreiingsarbeid og reiser spørsmål utover lovforslaget om skolebyte. Departementet meiner derfor det ikkje er riktig no å endre ordlyden om kven som er klageorgan i § 15-2. Regjeringa har nemnt opp eit eige utval (opplæringslovutvalet) som skal sjå på heile regelverket for grunnskolen og vidaregåande opplæring. Endringar i oppgåvefordelinga mellom statlege organ blir venteleg eit tema i oppfølginga av arbeidet til dette utvalet.

4.5.3.3 Særskilt framheva saksbehandlingskrav

I lovutkastet som var på høyring, var det framheva tre konkrete saksbehandlingssteg som ein må ha gjennomført før ein gjer vedtak om skolebyte. Dette var for det første at ein skal ha rådført seg med rektoren og lærarane til eleven. For det andre skal ein ha vurdert andre tiltak enn skolebyte. For det tredje skal eleven sjølv vere høyrd i saka. I tillegg foreslo departementet å lovfeste at det beste for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i saksbehandlinga.

Enkelte høyringsinstansar, blant andre *KS* og *Justis- og beredskapsdepartementet*, påpeikar at dette er krav som òg følgjer av andre regelverk og særlege krav for enkeltvedtak. Dei meiner det er unødvendig å ta krava inn i føresegna om skolebyte. Dei viser til at slik dobbeltregulering kan

verke misvisande og ha negative konsekvensar i andre saker.

Det er riktig at dei særskilt framheva krava i lovforslaget òg følgjer av anna regelverk. Krava er spegla blant anna i forvaltningslova, Grunnlova og barnekonvensjonen. Dette kan tilseie at det er unødig og lite tenleg å framheve dei i føresegna om skolebyte. Men departementet legg òg vekt på samanhengen med dei andre reglane i opplæringslova kapittel 9 A. I føresegna om bortvising i § 9 A-11 finst eit tilsvarende vilkår om at ein skal ha rådført seg med lærarane til eleven, og at ein skal ha vurdert andre tiltak. I § 9 A-4 femte ledd (aktivitetsplikta) og § 9 A-6 tredje ledd (handhevingsordninga) er det lovfesta at elevane skal høyrast, og at omsynet til det beste for elevane skal leggjast til grunn. Om desse lovtekstane og ein ny lovtekst om skolebyte er ulike, kan det skape uvisse om det er andre krav som gjeld ved skolebyte enn ved avgjerder etter §§ 9 A-4, 9 A-6 og 9 A-11. Departementet er likevel samd i at vilkåret om at ein skal ha vurdert andre tiltak, ikkje er nødvendig å framheve særskilt i ny § 9 A-12. Dette kravet går tydeleg nok fram av det materielle vilkåret om mindre inngripande tiltak, sjå kapittel 4.5.2.2 ovanfor.

Departementet vil dessutan vise til dei særskilde vurderingane som ligg til grunn for utforminga av regelverket i kapittel 9 A. Kapitlet om skolemiljø er det mange som les. Teksten har derfor andre målgrupper enn vedtaksorgana eller andre med juridisk kompetanse. Dette kan tale for at teksten i kapittel 9 A bør vere tydelegare og meir omfattande enn på andre område. Forholdet til krav i Grunnlova og barnekonvensjonen var tema i Prop. 57 L (2016–2017). Det blei påpeika at sjølv om krava der uansett gjeld, er dei så sentrale at dei av opplysningsomsyn òg bør ha plass i opplæringslova kapittel 9 A. Stortinget slutta seg til dette gjennom lovvedtak 82 (2016–2017) på grunnlag av Innst. 302 L (2016–2017). I tillegg har departementet lagt vekt på ei nyare tilbakemelding frå Barneombodet. Ombodet meiner det har hatt ein tydeleg og positiv effekt på praksisen i sektoren at krav og prinsipp frå barnekonvensjonen har blitt løfta fram i sjølve lovteksten i kapittel 9 A.

Nokre høyringsinstansar, blant andre *Utdanningsforbundet* og *Foreldrenettverk Mot Mobbing*, meiner at foreldra til eleven òg må høyrast i ei sak om skolebyte. Departementet er samd i dette, særleg når det gjeld elevar i grunnskolen. Departementet meiner likevel at foreldra vil bli involverte når reglane i forvaltningslova blir følgde. Forvaltningslova § 17 pålegg ei utgreiingsplikt.

Forvaltningslova § 16 gir partar rett til førehandsvarsel. For mindreårige vil foreldra som regel oppetre på vegner av barnet som er part. Departementet foreslår derfor ikkje å nemne foreldra særskilt i regelen om skolebyte. Også dette svarer til dei andre reglane i kapittel 9 A.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at lovteksten i føresegna om skolebyte viser særskilt til at den som gjer vedtaket, skal ha

- rådført seg med rektoren og lærarane til eleven
- sørgt for at eleven sjølv er høyrd

I tillegg foreslår departementet å lovfeste at det beste for elevane skal vere eit grunnleggjande prinsipp for saksbehandlinga. Departementet foreslår å lovfeste vilkåra i § 9 A-12 femte og sjette ledd.

Kristne Friskolers Forbund påpeikar i høyringsinnspillet sitt at det vil vere naturleg at leinga og styret ved friskolar gjer ein del av førebuingane av saka, sjølv om kommunen eller fylkeskommunen skal gjere vedtaket. Departementet forstår dette og legg til grunn at det vil bli gjennomført i praksis, som eit ledd i utgreiinga av saka. Samtidig meiner departementet at lovkrava til saksbehandlinga må liggje på den som skal gjere vedtaket, både i første instans og i klageinstansen.

4.5.4 Ei felles føresegn for grunnskole og vidaregåande opplæring i opplæringslova kapittel 9 A

Dei fleste høyringsinstansane støttar forslaget om ei felles føresegn om skolebyte for både grunnskolen og vidaregåande opplæring, plassert i kapitlet om skolemiljø i opplæringslova. Fleire understrekar at tiltaket er knytt til skolemiljø. Dei opplever det òg som ein fordel med ei felles føresegn. *OdinStiftelsen* meiner derimot at dagens § 8-1 i opplæringslova bør utvidast. Stiftinga meiner dette er tilstrekkeleg. Departementet peikar på at § 8-1 har reglar om nærskoleprinsippet i grunnskolen. Dette gjeld ikkje for vidaregåande opplæring. Å utvide regelen om skolebyte i § 8-1 gir derfor lite samanheng med andre reglar for vidaregåande opplæring. Departementet meiner dessutan det har ein eigenverdi at skolebyte står saman med andre tiltak i skolemiljø saker.

Departementet foreslår ein felles regel om skolebyte plassert i opplæringslova kapittel 9 A. Gjennom dagens tilvising i friskolelova § 2-4 vil ei ny skolebyte-fråsegn i § 9 A-12 òg gjelde for friskolar. Skolebyte i frittstående grunnskolar bør ikkje vere dobbeltregulert. Departementet foreslår der-

for samtidig å oppheve friskolelova § 3-3 første ledd andre til sjette setning.

4.6 Departementet sitt forslag

Departementet foreslår ein ny regel i opplæringslova § 9 A-12 om pålagt skolebyte. Departementet foreslår at føresegna skal gjelde for elevar i både grunnskolen og vidaregåande opplæring, i både offentlege skolar og friskolar. Som ein konsekvens av dette foreslår departementet å oppheve dagens § 8-1 fjerde ledd i opplæringslova og § 3-3 første ledd andre til sjette setning i friskolelova.

Departementet foreslår at pålagt skolebyte berre kan brukast overfor ein elev dersom

- oppførselen til eleven i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar
- mindre inngripande tiltak ikkje vil kunne avhjelpe situasjonen

Vidare foreslår departementet at skolebyte ikkje kan påleggjast dersom det inneber at eleven må flytte frå heimen sin eller skoleskyssen blir uforvarleg lang. Elevar i vidaregåande opplæring har dessutan rett til å halde fram på det same utdanningsprogrammet og programområdet.

Avgjerda om skolebyte skal reknast som eit enkeltvedtak og skal følgje reglane om dette i forvaltningslova. Departementet foreslår å lovfeste at før det blir avgjort å påleggje skolebyte, skal den som gjer vedtaket, rådføre seg med rektoren og lærarane til eleven og sørge for at eleven sjølv er høyrd. Omsynet til det beste for elevane skal ligge til grunn både i vurderinga av om skolebyte skal brukast, og i saksbehandlinga. Dette svarer til krav som er stilte til saksbehandlinga i saker om bortvising og andre vedtak etter reglane om skolemiljø i kapittel 9 A.

Departementet foreslår at skoleeigaren skal ha vedtaksmakt for offentlege skolar. Heimkommunen eller heimfylket gjer vedtak i saker om elevar som går i friskolar. Departementet foreslår at fylkesmannen skal vere klageinstans. Det siste krev endringar i opplæringslova § 15-2 andre ledd og friskolelova § 2-4 andre ledd.

For å sikre at tiltaket òg kan nyttast i samband med at fylkesmannen handhevar aktivitetsplikta til skolen etter § 9 A-4 (handhevingsordninga), foreslår departementet å endre § 9 A-6 fjerde ledd.

Ein foreslår å gjere dagens §§ 9 A-12 til 9 A-15 til nye §§ 9 A-13 til 9 A-16.

5 Opplæring i kvensk i grunnskolen

5.1 Bakgrunnen for forslaget

Regjeringa la i januar 2018 fram *Målrettet plan for kvensk språk 2017–2021*. I planen står det blant anna at Kunnskapsdepartementet i løpet av 2018 vil sende på høyring ei lovending som presiserer at elevar har rett til opplæring i kvensk eller finsk, jf. opplæringslova § 2-7.

Formålet med lovendinga er å presisere dei rettane denne elevgruppa har til å velje kvensk. Rettane går i dag fram av læreplanen i finsk som andrespråk. Lovendinga skal òg tydeleggjere at Noreg oppfyller dei forplikingane som er pålagde gjennom internasjonale konvensjonar Noreg har slutta seg til. Det er særleg FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar artikkel 27, Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Den europeiske pakta for regions- eller minoritetsspråk som er relevante i denne samanhengen.

Kvener/norskinntar er anerkjende som nasjonal minoritet i Noreg. Artikkel 27 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar frå 1966 slår fast at i dei statane der det finst etniske, religiøse eller språklege minoritetar, skal dei som tilhøyrer slike minoritetar, ikkje bli fråtekne retten til, saman med andre medlemmer av gruppa si, å dyrke sin eigen kultur, vedkjenne seg og praktisere religionen sin eller bruke språket sitt.

Noreg ratifiserte Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar (rammekonvensjonen) i 1999. Staten har med det forpliktet seg til å leggje forholda til rette for at nasjonale minoritetar skal kunne bevare og vidareutvikle eigenarten sin, språka sine og kulturen sin. Prinsippa om formell og reell likestilling mellom nasjonale minoritetar og majoritetsbefolkninga står sentralt. Eit viktig prinsipp i rammekonvensjonen er dessutan at minoritetane skal kunne delta i det kulturelle, økonomiske og sosiale livet og i offentlege saker, særleg i saker som vedkjem dei.

Ministerrådet i Europarådet vedtok Den europeiske pakta for regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta) i 1992. Noreg ratifiserte minoritetsspråkpakta i 1993, og ho tok til å gjelde i 1998. Pakta forpliktar statane til å treffe konkrete

tiltak for å bevare og fremje regional- og minoritetsspråk.

Regjeringa vedtok i 2005 at kvensk skal reknast som eit eige språk i Noreg, jf. kongeleg resolusjon 24. juni 2005 nr. 3511. Den fjerde norske rapporten om minoritetsspråkpakta frå 2008 gjorde det klart at kvensk er anerkjent som minoritetsspråk i Noreg og dermed er sikra vern etter minoritetsspråkpakta del 2. Del 2 i minoritetsspråkpakta fastset ei rekkje viktige formål og prinsipp som skal ligge til grunn for politikken, lovgevinga og praksisen i statane.

5.2 Gjeldande rett

Elevar med kvensk-finsk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark har i dag rett til opplæring i finsk på nærskolen sin, jf. opplæringslova § 2-7. Det er eit vilkår for retten at minst tre elevar på den same skolen, uavhengig av årskull, krev opplæring i finsk. Elevane har ikkje rett til å gå i eigen klasse, men dei har rett til opplæring i eigen klasse i desse timane. Klassen kan vere aldersblanda. Fram til åttande trinn er det foreldra til eleven som kan krevje opplæring i finsk, frå og med åttande trinn er det eleven sjølv som avgjer.

For å oppfylle retten gir ein opplæring etter læreplanen i finsk som andrespråk frå første til tiande trinn. Læreplanen har status som forskrift. Læreplanen i finsk som andrespråk omtaler både finsk og kvensk språk og kultur. Elevane vel sjølv om dei skal ha opplæring i finsk eller kvensk etter denne læreplanen.

Den sjuande norske rapporten om minoritetsspråkpakta samanfatar dagens praksis slik:

«Elever i grunnskolen i Troms og Finnmark har rett til opplæring etter læreplanen i finsk som andrespråk hvis minst tre elever med kvensk-finsk bakgrunn krev det. Regelen gir rett til opplæring på den skolen eleven går på. Det er et krav om tre elever totalt på den samme skolen, uavhengig av årskull. Det gis opplæring etter læreplanen i finsk som andrespråk fra første til tiende trinn. Elevene

kan velge å få opplæringa på finsk eller kvensk. Læreplanen i finsk som andrespråk omtaler både finsk og kvensk språk og kultur.»

Dette er i samsvar med korleis fylkesmennene i Troms og Finnmark praktiserer regelverket.

Elevar som har rett til opplæring i kvensk eller finsk, har rett til alternative former for slik opplæring når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale ved skolen, jf. § 7-1 i forskrift til opplæringslova. Fjernundervisning, intensivundervisning eller særlege leirskoleopp- hold er døme på alternative former for opplæring.

5.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo i høyringa å endre § 2-7 i opplæringslova slik at føresegna slår fast retten til opplæring i kvensk. Læreplanen i finsk som andrespråk gir i dag elevar med kvensk-finsk bakgrunn høve til å velje opplæring i kvensk, mens føresegnene i opplæringslova i dag berre viser til finsk. Endringa vil derfor tydeleggjere at elevane har rett til å velje opplæring i kvensk.

Departementet påpeika at formålet med dei foreslåtte endringane er å tydeleggjere at Noreg oppfyller forpliktingane sine etter internasjonale konvensjonar, og å gi betre informasjon om rettane dei aktuelle elevane alt har etter dagens læreplanforskrift. Departementet meiner at ei tydeleggjering av retten til å velje kvensk kan gjere det lettare for elevar og foreldre å velje og krevje opplæring i kvensk.

Departementet påpeika det er avgjerande at det finst lærarkompetanse i kvensk for at retten skal vere reell, og viste til at det er treft ulike tiltak for å sikre rekruttering av lærarar som kan undervise i kvensk.

Departementet foreslo òg ei språkleg justering i tittelen på og ordlyden i opplæringslova § 2-7 for at denne skal vere i samsvar med dagens omgrepsbruk.

5.4 Høyringsfråsegner

18 høyringsinstansar har kommentert forslaget frå departementet om å slå fast retten til opplæring i kvensk i opplæringslova. Forslaget om å slå fast retten til kvensk i opplæringslova får støtte frå 16 høyringsinstansar, mens to høyringsinstansar (*Nettverk for finnskylærere i Sør-Varanger kommune* og *Kvensk institutt*) kommenterer forslaget utan å ta stilling til det.

Desse høyringsinstansane har kommentert forslaget frå departementet:

Barneombodet
Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar
Språkrådet
Utdanningsdirektoratet

Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune

Sør-Varanger kommune
Tromsø kommune

FUG – Foreldreutvalet for grunnopplæringa
Fagmiljøet i kvensk og finsk v/Universitetet i Tromsø
Kainun institutti – Kvensk institutt
Kvænangen språksenter
LO
Nettverk for finnskylærere i Sør-Varanger kommune
Norske Kveners Forbund – Ruijan Kveeniliitto
Redd Barna
Utdanningsforbundet

Om behovet for å presisere retten til opplæring i kvensk

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar forslaget frå departementet om å slå fast retten til opplæring i kvensk i opplæringslova § 2-7. Ingen av høyringsinstansane uttaler at dei er imot forslaget.

Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar støttar forslaget og påpeikar at dette vil gi ei tydelegare implementering av Noreg sine forpliktingar etter FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar artikkel 27, Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar (rammekonvensjonen) og Den europeiske pakta for regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta).

Norske Kveners Forbund – Ruijan Kveeniliitto (NKF-RK) støttar forslaget og meiner den foreslåtte endringa er ei nødvendig tydeleggjering av retten. *Sør-Varanger kommune* støttar òg forslaget, og skriv at dei som skoleeigar er glade for at ein vil prioritere å styrkje kvensk språkoplæring i grunnskolen. Kommunen meiner det er viktig å sidestille finsk og kvensk ut frå eit perspektiv om kulturelt likeverd og for å «styrke identiteten og livskraften i det kvenske språksamfunnet». *Kvænangen språksenter* støttar forslaget og meiner det vil gjere det lettare for enkeltelevar i kvenske samfunn å få kvenskundervisning på skolar der det er elevar som har valt finskundervisning.

Nettverk for finstlærere i Sør-Varanger kommune er kritiske til endringane departementet har foreslått i tittelen på § 2-7. Slik lyder tittelen etter forslaget: «Språkopplæring for elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn». Dei meiner at opplæring i finsk/kvensk kultur er vel så viktig som språkopplæring, og synest det bør komme fram av teksten at opplæringa òg skal vere ein formidlar av kulturen. *Redd Barna* peikar i høyringsinnspelet sitt på at rettane til barn som tilhøyrer etniske, religiøse eller språklege minoritetar, i barnekonvensjonen art. 30 ikkje er avgrensa til å gjelde språk, men òg gjeld religion og kultur.

Om vilkåra for å krevje rett til opplæring i finsk eller kvensk

Fleire av høyringsinstansane meiner at ein må klargjere vilkåret om at minst tre elevar ved den same skolen må krevje opplæring i finsk eller kvensk for at retten skal kunne gjerast gjeldande. *Nettverk for finstlærere i Sør-Varanger kommune* er bekymra for at vilkåret i praksis vil innskrenke retten, ettersom departementet foreslår å skilje mellom «finsk eller kvensk» i føresegna. I dag får elevane tilbod om finsk som andrespråk når det er tre elevar som krev det. Dei fryktar ein situasjon der talet på elevar i kvart av faga blir avgjerande for om eleven får tilbod om faget eller ikkje.

Utdanningsdirektoratet meiner det er uklart om ein etter forslaget krev at minst tre elevar til saman vel anten finsk eller kvensk, eller om ein krev at minst tre elevar ønskjer kvart av språka, for at skoleeigaren må tilby slik opplæring. *Sør-Varanger kommune* meiner at dette må avklarast, slik at det ikkje blir eit minimumskrav at tre elevar vel det same språket for at opplæringa skal bli gitt.

Andre merknader frå høyringsinstansane

Fleire av høyringsinstansane har komme med nye forslag til endringar som ikkje har vore på høyring. *Kvensk institutt*, *Språkrådet*, *Norske Kveners Forbund* og *Kvæningen språksenter* meiner alle at retten til opplæring i kvensk eller finsk bør vere individuell og ikkje avgrensa av at tre elevar ønskjer slik opplæring. *Norske Kveners Forbund* meiner at dette er i tråd med den eksisterande praksisen fylkesmennene har for å tildele tilskot til opplæring i kvensk eller finsk.

Nokre høyringsinstansar meiner at retten til opplæring i kvensk bør gjelde i heile landet. *Kvæningen språksenter* viser til at dagens teknologi gjer det enklare å gi tilpassa undervisning òg utanfor skolen der eleven går. *Norske Kve-*

ners Forbund meiner òg at retten bør gjelde i heile landet, og uttaler at «en viktig begrunnelse for dette er regjeringens forpliktelser og ambisjoner for kvensk språk i Norge, og ønsket om å støtte alle kvenske barns rett til opplæring uavhengig av hvor i landet de bor». *Sør-Varanger kommune* meiner at dersom retten blir utvida til å gjelde heile landet, vil dette kunne stimulere barn som har foreldre med finsk/kvensk språkbakgrunn, til å starte ei begynnaropplæring i kvensk på same måte som i samisk.

Enkelte av høyringsinstansane set spørsmålsteikn ved kravet til kvensk/norskfinsk bakgrunn for at elevar skal ha rett til opplæring i kvensk eller finsk. *Nettverk for finstlærere i Sør-Varanger kommune* er bekymra for om dette inneber at elevar må dokumentere bakgrunnen sin for å få rett til slik opplæring. Nettverket er kritisk til korleis ein slik kontroll eventuelt skal gå for seg. *Språkrådet* meiner at alle som ønskjer kvensk eller finsk som andrespråk, skal kunne velje faget uavhengig av etnisk bakgrunn, og er i tillegg bekymra for at skoleeigarar vil krevje dokumentasjon på den etniske bakgrunnen til elevane. Dei meiner det bør presiserast at ein slik kontroll ikkje skal førekome.

Fleire høyringsinstansar meiner at opplæring i kvensk språk bør bli ein rett òg i vidaregåande skole. *Kvensk institutt* meiner at dette kan vere viktig for den vidare utdanninga til kvenske elevar, og viser til at elevar som har teke kvensk på vidaregåande skole, kan søkje om unntak frå kravet om generell studiekompetanse ved opptak til kvenskstudiet ved Universitetet i Tromsø. Òg *Språkrådet* meiner undervisning i kvensk språk er noko ein bør tilby i vidaregåande skole, og presiserer at det er eit stort og aukande samfunnsbehov for kompetanse i kvensk språk.

5.5 Departementet sine vurderingar

5.5.1 Om retten til opplæring i finsk eller kvensk

Departementet foreslo i høyringa å endre § 2-7 i opplæringslova slik at føresegna slår fast retten til opplæring i kvensk, i tillegg til finsk. Eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar denne endringa.

Det er eit vilkår for retten til opplæring i finsk etter opplæringslova § 2-7 at minst tre elevar på den same skolen, uavhengig av årskull, krev slik opplæring. Nokre høyringsinstansar er bekymra for om denne retten i praksis vil bli innskrenka gjennom forslaget frå departementet om å inkludere kvensk i føresegna, dersom kommunane tol-

kar vilkåret slik at det må vere *minst tre elevar i kvart av språka*. Ved ei slik tolking vil til dømes ein skole der éin elev ønskjer opplæring i finsk og to elevar ønskjer opplæring i kvensk, ikkje ha plikt til å tilby elevane dette.

Departementet understrekar at vilkåret om at det må vere minst tre elevar som krev opplæring i finsk eller kvensk, inneber at det til saman må vere tre elevar som ønskjer slik opplæring. Dette er òg presisert i høyringsnotatet og er i tråd med gjeldande praksis. Forslaget vil derfor ikkje føre til ei innskrenking av retten til opplæring i finsk eller kvensk.

Nettverk for finsslærere i Sør-Varanger kommune og Redd Barna har i høyringsinnspela sine påpeika at opplæringa i kvensk og finsk òg bør inkludere opplæring i kvensk/norskfinsk kultur. Nettverket er kritisk til bruken av ordet «språkopplæring» i den foreslåtte endringa av tittelen på § 2-7.

Departementet er samd i at opplæringa i kvensk og finsk ikkje berre dreier seg om språkopplæring. Det nærmare innhaldet i faget er regulert i læreplanen. Dagens læreplan i finsk som andrespråk har eit eige hovudområde om *Kultur, samfunn og litteratur*, som dekkjer sentrale emne knytte til samfunnsliv, litteratur og andre kulturuttrykk blant den kvenske/norskfinske minoriteten i Noreg og i den finskspråklege verda. På bakgrunn av dette er den foreslåtte formuleringa i tittelen på § 2-7 («språkopplæring») noko snever. Departementet foreslår derfor å endre tittelen til «*Kvensk- eller finsskopplæring for elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn*». Dette inneber ingen endringar i krava til innhaldet i opplæringa i finsk eller kvensk som er fastsette i læreplanen.

5.5.2 Om andre merknader frå høyringsinstansane

Fleire av høyringsinstansane meiner at omfanget av retten bør utvidast, slik at retten til opplæring i kvensk eller finsk i grunnskolen blir individuell,

og ikkje avgrensa av at tre elevar ved den same skolen ønskjer slik opplæring. Dei same høyringsinstansane meiner òg at retten bør gjelde i heile landet.

Departementet påpeikar at det ikkje er foreslått å endre omfanget av retten i forslaget som har vore på høyring, men å vidareføre gjeldande praksis. Å utvide retten til opplæring i kvensk er heller ikkje foreslått som tiltak i *Måltrettet plan for kvensk språk 2017–2021*. Det er svært uheldig å fremje lovendringar som ikkje har vore på høyring. Dette gjeld òg for høyringsinnspela om at det bør innførast ein rett til opplæring i kvensk i vidaregåande skole.

Nettverk for finsslærere i Sør-Varanger kommune og Språkrådet er kritiske til om forslaget inneber at elevane må dokumentere den kvenske/norskfinske bakgrunnen sin for å få rett til opplæring. Departementet påpeikar at det ikkje er foreslått endringar i gjeldande rett eller praksis for dette. Slik føresegna lyder i dag, gjeld retten til opplæring i finsk som andrespråk elevar med «kvensk/finsk bakgrunn». Dette vilkåret har departementet ikkje foreslått å endre. Fylkesmennene i Troms og Finnmark har opplyst at ein i praksis ikkje krev dokumentasjon av bakgrunnen til elevane for at dei skal få opplæring i kvensk eller finsk. Dei kjenner heller ikkje til at skolar eller skoleeigarar har vurdert å nekte elevar opplæring i kvensk eller finsk som følge av manglande kvensk/norskfinsk bakgrunn.

5.6 Departementet sitt forslag

Departementet foreslår å endre opplæringslova § 2-7 første ledd om finsskopplæring for elevar med kvensk-finsk bakgrunn slik at føresegna sidestiller opplæring i kvensk med opplæring i finsk. I tillegg foreslår departementet å endre omgrepet «kvensk-finsk» til «kvensk/norskfinsk» for at føresegna skal vere i samsvar med dagens omgrepsbruk.

6 Oppnemning til og samansetjing av yrkesopplæringsnemndene

6.1 Bakgrunnen for forslaget

I departementet sitt høyringsnotat av 12. oktober 2018 heiter det om forslaget til endringar i oppnemninga og samansetjinga av yrkesopplæringsnemndene:

«Yrkesopplæringsnemndene er en viktig regional aktør i kvalitetsutviklingen av fag- og yrkesopplæringen.

Oppgavene til yrkesopplæringsnemndene framgår av opplæringsloven §§ 4-3, 12-3 og 12-4. De skal fremme arbeidslivets behov og synspunkter overfor fylkeskommunene. Nemndene skal også arbeide for best mulig dimensjonering av den videregående opplæringen, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i forbindelse med den årlige fastsettingen av opplæringstilbudet.

Yrkesopplæringsnemndene gir også råd om hvordan utvikling av fag- og yrkesopplæringen og samarbeid mellom skoler og bedrifter kan medvirke til regional utvikling, bl.a. utvikling av nye virksomheter og arbeidsplasser.

Kunnskapsdepartementet har mottatt anbefaling fra Samarbeidsrådet for fag- og yrkesopplæring om å endre bestemmelsen om oppnevning og sammensetning av yrkesopplæringsnemndene, slik at de regionale nemndene i høyere grad avspeiler det nasjonale partssystem for fag- og yrkesopplæringen.

Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY) er et organ opprettet etter opplæringsloven § 12-1 som skal hjelpe departementet med råd og ta initiativ for å fremme fag- og yrkesopplæringen. Departementet fastsetter sammensetning og oppgaver for organet.

Rådet har et overordnet ansvar og strategisk perspektiv, som bygger på relevant arbeidslivs-kompetanse, og er et forum for dialog mellom departementet, partene i arbeidslivet, elev- og lærerorganisasjonene og skoleier. Det har i dag 14 medlemmer fra organisasjonene LO, NHO, Virke, Spekter, KS, YS,

Utdanningsforbundet og Elevorganisasjonen. I tillegg er det medlemmer fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Nærings- og fiskeridepartementet og Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (tidligere Senter for internasjonalisering av utdanning) er observatører til rådet.»

Når det gjeld den andre delen av høyringsforslaget (praksisbrevkandidatar), viser departementet til at det i 2016 blei gjort endringar i opplæringslova for å innføre praksisbrevordninga i alle fylke, som eit supplement til ordinær yrkesfagleg vidaregåande opplæring. I samband med dette blei det gjort tilpassingar i regelverket ved at praksisbrevkandidatane i fleire av føresegnene i lova blei likestilte med elevar, lærlingar og lærekandidatar. Slike tilpassingar blei ikkje gjorde i reglane om oppnemning og samansetjing av yrkesopplæringsnemnda i § 12-3, der det i dag er eit krav om at fylkeskommunen må nemne opp minst éin representant for elevar, lærlingar eller lærekandidatar.

6.2 Gjeldande rett

Yrkesopplæringsnemndene er rådgivande organ for fylkeskommunen, og det er fylkeskommunane som har ansvaret for å nemne opp desse. Oppnemning og samansetjing er regulert i § 12-3 i opplæringslova. Her går dette fram:

- Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som samla har «brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål».
- Det skal nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonane.
- Det skal nemnast opp minst éin representant for elevar, lærlingar eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse.

- Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.
- Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda.
- Fylkeskommunen avgjer storleiken på nemnda.

Det er i dag stor variasjon i medlemstala i nemndene, frå seks i den minste nemnda til seksten i den største.

6.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo i høyringa å lovfeste ein rett for alle organisasjonane som er representerte i det nasjonale organet for samarbeid om fag- og yrkesoppøringa, Samarbeidsrådet for yrkesoppøringa (SRY), til å delta i yrkesoppøringnemndene. I dette ligg ei plikt for fylkeskommunane til å høyre med desse organisasjonane før oppnemningane.

I tillegg foreslo departementet ei justering i opplæringslova § 12-3 slik at praksisbrevkandidatane blir nemnde her òg, på linje med elevar, lærlingar og lære kandidatane. Dette inneber at representanten òg kan vere ein praksisbrevkandidat, og likestiller desse gruppene.

6.4 Høyringsfråsegner

Det har komme inn 25 høyringssvar til forslaga. Når det gjeld forslaget om at alle organisasjonane som er representerte i SRY, skal ha rett til å delta i yrkesoppøringnemndene, støttar 12 høyringsinstansar forslaget heilt eller delvis, mens 12 ikkje støttar det. Av dei totalt 25 høyringsinstansane har 14 uttalt seg særskilt om forslaget knytt til praksisbrevkandidatar. 11 høyringsinstansar støttar forslaget heilt eller delvis, mens 3 ikkje støttar det.

Desse høyringsinstansane har kommentert forslaga frå departementet:

Kompetanse Noreg
Utdanningsdirektoratet

Oslo kommune

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune

Universitetet i Tromsø

Delta
EL og IT Forbundet
LO – Landsorganisasjonen i Noreg
NHO – Næringslivets Hovedorganisasjon
Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
Spekter
Unio
Utdanningsforbundet
YS

6.4.1 Rett for alle organisasjonane som er representerte i Samarbeidsrådet for yrkesoppøring, til å vere representerte i yrkesoppøringnemndene

Blant dei som støttar forslaget, er det tre fylkeskommunar, blant anna *Sogn og Fjordane*. *Sogn og Fjordane fylkeskommune* skriv blant anna:

«Eit stort fleirtal av medlemmane i nemnda peikar på viktigheita av at medlemane i nemnda kjem frå fleire organisasjonar. Det vert m.a. av fleire peika på viktigheita av at Utdanningsforbundet er del av nemnda. [...] Ut frå erfaringar stiller Sogn og Fjordane fylkeskommune seg positive til at alle organisasjonar som er representerte i det nasjonale organet for samarbeid om fag- og yrkesoppøring blir invitert til å sitte i yrkesoppøringnemndene.»

Fleire organisasjonar er òg positive til lovforslaget. *Utdanningsforbundet* skriv:

«Utdanningsforbundet har lenge tatt til orde for at yrkesoppøringnemnda skal speile det nasjonale partssystemet for representasjon i Samarbeidsrådet for yrkesoppøringa (SRY) og at hovedorganisasjonene inviteres inn i yrkesoppøringnemnda. Lovendringen er også i tråd med anbefalingene i rapport til SRY-nedsatt arbeidsgruppe (2016) som gjennomgikk yrkesoppøringnemndas rolle og ansvar. Anbefalingene i rapporten fikk full tilslutning i SRY.»

Unio framhevar det same som Utdanningsforbundet over og skriv i tillegg:

«Ved gjennomføring av regionsreformen er det klart signalisert at fylkeskommunene vil få flere ansvarsområder også på utdannings- og kompetansefeltet. Det er da viktig at det gode og brede trepartssamarbeidet på nasjonalt nivå følger over til fylkeskommunene for oppgavene som overføres.»

Innspelet frå *YS* samsvarer i stor grad med fråsegna til *Unio*. *YS* presiserer òg:

«Det har i mange år vært en utfordring at fylkeskommunene har kunnet sette sammen yrkesopplæringsnemndene slik de selv ønsker, når dette har resultert i at organisasjoner som har hatt ressurser og ønske om å bidra er blitt holdt utenfor.»

Av dei som ikkje støttar forslaget, er det ni fylkeskommunar: *Nordland, Troms, Hordaland, Rogaland, Hedmark, Vestfold, Telemark, Aust-Agder* og *Vest-Agder*. Fleire skriv at fylkeskommunane sjølv må få bestemme samansetjinga av yrkesopplæringsnemndene, blant anna basert på regionale behov i arbeidslivet. Vidare peikar fleire av fylkeskommunane på at yrkesopplæringsnemndene kan bli for store, og at fleire representantar i nemndene gir høgare kostnader for fylkeskommunane.

Hordaland fylkeskommune er nøgde med regelverket og samansetjinga i dag og skriv:

«Fylkesrådmannen ser det heller ikkje som føremålstenleg at ein skal ha ein fast prinsipiell struktur der alle partane skal ha plass i nemnda. Regionalt er det ikkje gitt at alle partane i arbeidslivet har grunnlag, lærebedrifter og lærlingar i fylket, som gir dei føresetnad for å delta. Ved å bringe inn andre og fleire partar kan ein også risikere at fokuset vert endra. Ulike organisasjonar kan ha ulik motivasjon og ønsker for kva dei vil oppnå med ein plass i yrkesopplæringsnemnda. Dette kan føre til at hovudmåla kjem meir i skuggen av andre mål som dei ulike organisasjonane måtte ha.

Vidare er Samarbeidsrådet for fag- og yrkesopplæring sin rolle, slik fylkesrådmannen vurderer det, ein annan enn rolla til dei fylkesvise yrkesopplæringsnemndene. Yrkesopplæringsnemnda skal syte for å kvalitetssikre fag- og yrkesopplæringa i det enkelte fylket og sørge for at regionalt arbeids- og næringsliv til ein kvar tid har tilgang til riktig kompetanse

gjennom faglært arbeidskraft. Det er partane som sit nær det regionale arbeids- og næringsliv som kjenner dette behovet best.»

NHO og *LO* støttar heller ikkje forslaget. Dei viser blant anna til at arbeidsgruppa til *SRY* peika på ei rekkje utfordringar og moglege tiltak, utan at dette er sett i samanheng og følgt opp frå departementet si side. *NHO* skriv blant anna dette:

«*NHO* satt i *SRY* sin arbeidsgruppe som utarbeidet rapporten om Yrkesopplæringsnemndene. Her kom vi med 15 anbefalinger til *KD*. Vi konstaterer at svært få av dem er fulgt opp på en systematisk måte.

Når det gjelder sammensetningen var poenget at ingen hovedorganisasjon skulle være utelukket på prinsipielt grunnlag. Alle skulle være velkomne til å sitte i nemnda. Det er likevel viktig at de som skal inn i nemnda representerer arbeidslivet i den aktuelle regionen. For organisasjoner som ikke har egne regionskontor, mener vi det må særskilt begrunnes hvorfor regional representasjon likevel ønskes. Det er lite hensiktsmessig med altfor store nemnder.

[...]

I dagens hjemmelsgrunnlag i opplæringslova § 12-3, kan fylket selv bestemme både sammensetning og størrelse. Det er i dag mange varianter, men noe synes også konstant. Tendensen er klar i retning av stadig større og bredere sammensatt nemnder. *NHO* mener det i dagens hjemmelsgrunnlag er et tilstrekkelig handlingsrom til å sette ned den nemnden – med den representasjonen – som passer det enkelte fylket best mulig. Vi mener derfor departementets forslag er overflødig. Vår konklusjon blir derfor at vi ikke støtter departementets høringsforslag.»

LO er heller ikkje tilfreds med departementet si oppfølging av rapporten frå arbeidsgruppa til *SRY* og påpeikar at det i rapporten er framheva at tilrådingane utgjer ein samla heilskapsstrategi og derfor ikkje må plukkast ut enkeltvis. *LO* påpeikar òg at det er naturleg at nemndene er ulikt sette saman ut frå næringsstrukturen i dei ulike regionane, og skriv:

«Dagens bestemmelse er åpen for at fylkeskommunen kan oppnevne den sammensetningen man finner har best organisatorisk forankring og representativitet i regionens avtagende arbeidsliv. *LO* ser ikke at det å lovfeste

nye prinsipper for oppnevning og sammensetning på det grunnlaget departementet legger opp til her vil styrke kvaliteten i yrkesopplæringsnemndenes arbeid.»

6.4.2 Likestilling av praksisbrevkandidatar, elevar, lærlingar og lære­kandidatar

Ti høyringsinstansar støttar forslaget. Dette inkluderer organisasjonane *YS*, *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund* og *Delta*. I tillegg støttar *Kompetanse Norge* og fylkeskommunane *Sogn og Fjordane*, *Hordaland*, *Telemark*, *Vestfold*, *Aust-Agder* og *Vest-Agder* forslaget.

LO støttar ikkje forslaget. Dei meiner det er til­strekkelig og meir formålstenleg at elevar og lærlingar, som dei to største gruppene, bør kunne nemnast opp som representantar i nemnda. *Hedmark fylkeskommune* støttar heller ikkje forslaget, mens *Rogaland fylkeskommune* delvis støttar forslaget.

6.5 Departementet sine vurderingar

6.5.1 Rett for alle organisasjonane som er representerte i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring, til å vere representerte i yrkesopplæringsnemndene

Det er i dag betydelege variasjonar i kva for organisasjonar som er representerte i yrkesopplæringsnemndene. Spennet i storleiken på nemndene er òg stort og strekkjer seg frå seks representantar i den minste nemnda til seksten representantar i den største. Departementet meiner at samansetjinga av nemndene i størst mogleg grad bør spegle breidda i arbeidslivet.

Yrkesopplæringsnemndene skal arbeide for å heve kvaliteten i heile fag- og yrkesopplæringa. For å leve opp til denne føresegna må yrkesopplæringsnemndene vere sette saman på ein måte som gir innsikt i ulike bransjar og utdanningsprogram.

SRY har i innspelet sitt til departementet påpeika at den noverande føresegna om samansetjinga ikkje har bidratt til ønskt breidde i representasjon. Lova legg ingen føringar for kva for organisasjonar som skal vere representerte i nemnda. Det er stor variasjon i representasjonen i nemndene i dei ulike fylkeskommunane. SRY meinte at samansetjinga av yrkesopplæringsnemndene bør spegle det nasjonale systemet for representasjon i SRY. Dei foreslo å innføre ei føresegn som sikrar at alle hovudorganisasjonane i SRY blir inviterte

til å vere representerte i yrkesopplæringsnemndene.

Departementet er samde i at det bør lovfestast nærmare reglar for samansetjinga av yrkesopplæringsnemndene, slik at ein legg til rette for at nemndene kan ha brei representasjon.

Fleire av høyringsinstansane meiner at fylkeskommunane sjølv må få bestemme samansetjinga av nemndene, basert på regionale føresetnader og behov. Enkelte meiner òg at høyringsforslaget vil gjere at nemndene blir for store. Nokre av høyringsinstansane påpeikar òg at ikkje alle organisasjonane i SRY vil ha regionale representantar.

Departementet påpeikar for det første at forslaget inneber at alle organisasjonane som er representerte i SRY, skal ha ein *rett* til å sitje i nemnda, og ikkje ei *plikt*. Dersom ein organisasjon ikkje ser det som ønskjeleg eller formålstenleg å vere representert i nemnda, kan han velje å ikkje vere representert.

Departementet ønskjer, som nemnt, ei breiare samansetjing av nemndene enn i dag, og ei samansetjing som òg gir betre innsikt i ulike bransjar og utdanningsprogram. Dette er i tråd med tilrådinga frå arbeidsgruppa i SRY. Som følgje av ei breiare samansetjing vil nokre av nemndene bli større enn i dag, utan at departementet ser noka vesentleg ulempe med dette. Departementet viser i dette høvet til regionreforma, som blant anna skal styrkje fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar. Reforma inneber òg færre og større fylkeskommunar enn i dag. Større fylkeskommunar med utvida ansvar gir, slik departementet vurderer det, grunn til breiare fagleg representasjon i yrkesopplæringsnemndene. At talet på representantar i kvar nemnd går opp med dette lovforslaget, må sjåast i samanheng med at talet på nemnder vil bli redusert med regionreforma.

Departementet påpeikar òg at enkelte av organisasjonane som i dag sit i SRY, har hatt ressursar og ønske om å vere representerte i nemndene, utan at dei har blitt nemnde opp av fylkeskommunane. Dette er ikkje ønskjeleg.

Samansetjinga i SRY inneber ein brei og variert representasjon frå partane i arbeidslivet, elev- og lærarorganisasjonane og skoleeigarar. Om alle organisasjonane som sit i SRY, får rett til å vere representerte i yrkesopplæringsnemndene, meiner departementet at nemndene får den ønskete breidda. Departementet foreslår derfor ei endring i opplæringslova § 12-3, i tråd med forslaget i høyringsnotatet.

LO og *NHO* har i høyringssvara sine uttrykt misnøye med at departementet ikkje har følgd opp

fleire av dei tilrådde forslaga som SRY kom med i rapporten frå 2016. Slik departementet vurderer det, er det ikkje alle punkta i rapporten som krev endring i nasjonalt regelverk, og departementet har derfor ikkje sett det som naturleg å følgje opp alle desse punkta i samband med dei foreslåtte lovendingane. Departementet gjer elles merk- sam på at det i 2017 blei sett ned eit offentleg utval, Liedutvalet, som skal sjå på ei rekkje forhold ved dagens vidaregåande opplæring. Utvalet leverte den første innstillinga si i desember 2018 (NOU 2018: 15 *Kvalifisert, forberedt og motivert. Et kunnskapsgrunnlag om vidaregåande opplæring*). I innstillinga peika utvalet på enkelte utfordringar ved dagens yrkesopplæringsnemnder. Når det gjeld samansetjinga av nemndene, kjem utvalet med denne vurderinga i innstillinga si:

«Utvalget ser det som positivt og viktig at det på fylkeskommunalt nivå finnes et bredt sammensatt representativt organ med et vidt mandat i fag- og yrkesopplæringen. Bred representasjon bør imidlertid omfatte flere enn de partene som i dag har fast plass i organet. Sammensetningen i Y-nemndene må speile det totale aktørbildet i opplæringen, og utvalget mener derfor at sammensetningen må vurderes med tanke på at alle aktører i opplæringen skal ha mulighet for påvirkning på opplæringen. Utvalget vil vurdere dette nærmere i neste innstilling.»

I tillegg meiner utvalet at mandatet og arbeidsoppgåvene til yrkesopplæringsnemndene bør tydeleggjerast. Utvalet vil vurdere desse forholda nærmare i den neste innstillinga si, som er venta i slutten av 2019. Etter den neste innstillinga frå Liedutvalet er klar, vil departementet vurdere om det er behov for fleire endringar i regelverket i tillegg til

forslaga i denne proposisjonen. Dette vil bli sett i samanheng med oppfølginga av utgreiinga frå opplæringslovutvalet.

6.5.2 Likestilling av praksisbrevkandidatar, elevar, lærlingar og lære kandidatatar

Departementet meiner det er fornuftig å gjere ei justering i reglane om samansetjinga av yrkesopplæringsnemndene, slik at praksisbrevkandidatar blir likestilte med elevar, lærlingar og lære kandidatatar. Dette er òg i tråd med andre justeringar i regelverket som blei gjorde i 2016.

LO støttar ikkje forslaget og viser til at elevar og lærlingar er dei største og mest representative gruppene. Til dette påpeika departementet at den foreslåtte justeringa ikkje inneber noka plikt for fylkeskommunane til å nemne opp ein representant for praksisbrevkandidatar i nemndene. Kravet om minst éin representant for desse gruppene gjeld *totalt*, og fylkeskommunane kan sjølv velje representanten etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse.

Departementet reknar endringa som ei mindre justering i tråd med regelverket elles.

6.6 Departementet sitt forslag

Departementet foreslår at det blir teke inn i reglane om oppnemning og samansetjing av yrkesopplæringsnemnda i opplæringslova § 12-3 at alle organisasjonar som er representerte i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring, har rett til å vere representerte i yrkesopplæringsnemndene.

Vidare foreslår departementet ei justering i § 12-3 slik at praksisbrevkandidatar blir nemnde på lik linje med elevar, lærlingar og lære kandidatatar.

7 Politiattest

7.1 Bakgrunnen for forslaget

I grunnskolen kan personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, ikkje bli tilsette, verken fast eller mellombels, jf. opplæringslova § 10-9. Det same gjeld ved tilsetjing i barnehagar og i ein del andre verksemdar omtalte i opplæringslova § 10-9 første ledd. Sjå pkt. 7.2.2 nedanfor om gjeldande rett for desse verksemdene.

I vidaregåande skole gir derimot ikkje ein slik dom automatisk forbod mot tilsetjing. Den ansvarlege for tilsetjinga må her konkret vurdere kva for konsekvensar ein slik dom skal få. Denne vurderinga er krevjande og kan få konsekvensar både for den domfelte som er tilboden ei stilling i vidaregåande skole, og for elevane.

Departementet ønskjer å gi elevar i vidaregåande skole same vernet mot personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, som elevar i grunnskolen har i dag. Om formålet med bruk av politiattest heiter det i politiregisterlova § 37 at politiattest kan brukast «for å utelukke fysiske og juridiske personer fra stilling, virksomhet, aktivitet eller annen funksjon dersom [...] utelukkelse kan forhindre at personer begår overgrep mot eller har skadelig innflytelse på mindreårige, eller bidrar til å øke tilliten til at mindreårige tas hånd om av skikkede personer».

Ein stor del av elevane i vidaregåande skole er mindreårige. Formålet nemnt ovanfor støttar ønsket departementet har om like reglar for politiattest i vidaregåande skole som i grunnskolen. Omsynet til vern om barn og unge veg for departementet tyngre enn omsynet til ein domfelt sitt behov for resosialisering og ønske om å bli tilsett i vidaregåande skole etter å ha sona straff. Det har over tid komme for dagen at nokre personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, er tilsette, fast eller mellombels, i vidaregåande skole. Departementet ønskjer å hindre fleire slike tilsetjingar.

Forslaget vil som utgangspunkt ikkje ha konsekvensar for dei som allereie er tilsette. Det kan likevel få slike konsekvensar dersom ein som allereie er tilsett, søker ny stilling ved den same skolen, eventuelt ved ein annan skole. Etter forslaget

skal da den som blir tilboden stillinga, leggje fram politiattest, og tilsetjingsforbod vil gjelde dersom dom for seksuelt overgrep mot mindreårig går fram av attesten.

I vidaregåande skole er det både mindreårige elevar og elevar over 18 år. Sjølv om formålet med bruk av politiattest som nemnt ovanfor er grunnlagt med vern om mindreårige, er det slik departementet ser det, ingen avgjerande skilnad mellom ein elev i vidaregåande skole på 17 år og ein på 18 år. Begge vil ha behov for vern. Det same vil gjelde i folkehøgskolar. Her er storparten av elevane på langkurs over 18 år, mens nokre elevar er i aldersgruppa 16 til 18 år.

Om omgrepet «mindreårige»: Sjå nedanfor under pkt. 7.2.2.

7.2 Gjeldande rett

7.2.1 Generelt om bruk av politiattest

Det må vere heimel i spesiallovgivinga for å krevje framlagd politiattest. Den som blir tilboden ei stilling i skolen, må leggje fram politiattest – ikkje eldre enn tre månader – før tilsetjinga kan skje. Føresegnene i spesiallovgivinga slår fast kva innhald attesten skal ha. Skoleeigaren som er ansvarleg for tilsetjinga, må be den som er tilboden stillinga, om å leggje fram slik attest som lova krev. Den som er tilboden stillinga, må sjølv kontakte politiet og der be om å få utferda politiattest til nettopp dette formålet, det vil seie tilsetjing i skolen. Departementet understrekar at politiattest ikkje skal leggjast ved søknaden til stillinga. Slik attest skal berre krevjast av den som blir tilboden stillinga.

7.2.2 Opplæringslova

Føresegna om politiattest er teken inn i opplæringslova § 10-9. Her heiter det i *første ledd* i føresegna at den som skal tilsetjast, fast eller mellombels, i grunnskolen og i vidaregåande skole, må leggje fram politiattest med tilsvarande innhald som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd. Det same kravet blir stilt til dei som skal tilsetjast i

musikk- og kulturskolen etter opplæringslova § 13-6, i skolefritidsordning etter opplæringslova § 13-7, i leksehjelpordning etter opplæringslova § 13-7 a og i skoleliknande aktivitetstilbod. Sistnemnde vil seie aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknytning til skolen og som har karakter av opplæring. Sommarskole er eit døme på dette. Føresegna i første ledd er ein «skal-regel» – politiattest må leggjast fram.

Politiregisterlova § 39 første ledd, nemnd ovanfor og som vist til i opplæringslova § 10-9 første ledd, er ei føresegn om politiattest som gjeld personar som skal ha omsorg for eller oppgåver knytte til mindreårige. Ho listar opp ei rekkje straffeføresegner. Brot på desse straffeføresegnene skal førast opp på politiattest som er utferda etter denne føresegna i politiregisterlova. Politiregisterlova § 39 første ledd slår altså fast innhaldet i politiattesten som må leggjast fram når ein søker stilling i skolen og i andre aktivitetar som er omtalte i opplæringslova § 10-9 første ledd.

I opplæringslova § 10-9 *andre ledd* heiter det at skoleeigaren kan krevje tilsvarende politiattest lagd fram av andre personar enn dei som er omtalte i første ledd. Vilkaoret for å krevje dette er at desse personane regelmessig oppheld seg i skolen eller i nokon av dei aktivitetane som første ledd omhandlar. Her er det altså ikkje krav til tilsetjing, men regelmessig opphald i skole eller nemnde aktivitetar. Her er òg kravet om framlegging av politiattest avgrensa til dei tilfella der skoleeigaren krev det. Det er ein «kan-regel», som er avhengig av at skoleeigaren ber om at politiattest blir lagd fram i ei konkret sak. Innhaldet i politiattesten er som for første ledd, sjå ovanfor.

I *tredje ledd* i føresegna er det omtalt kva for konsekvensar det skal få dersom ein merknad om dom for seksuelt overgrep mot ein mindreårig går fram av politiattesten. Personar som er «dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige», kan ikkje tilsetjast, verken fast eller mellombels, i grunnskolen eller i nokon av dei aktivitetane som er nemnde i første ledd i føresegna, jf. omtalen i første avsnitt ovanfor. Tilsvarende forbod er ikkje gitt for tilsetjing i vidaregåande skole. Den som har ansvaret for tilsetjinga, må her konkret vurdere kva for konsekvensar ein dom for seksuelt overgrep mot mindreårige skal få.

Fleire av seksuallovbrota som er omtalte i politiregisterlova § 39 første ledd, har bot i straffesamma. Dei kan derfor etter forslag frå påtalemakta avgjerast ved førelegg i staden for at det blir reist tiltale. Det følgjer av straffeprosesslova § 255. Eit vedteke førelegg har same verknad som ein dom, jf. § 258 andre ledd i same lova. Førelegg

er på bakgrunn av dette likestilt med dom i opplæringslova § 10-9 tredje ledd.

Ligg det føre ein dom for seksuelt overgrep mot *andre enn* mindreårige, skal den som er ansvarleg for tilsetjinga, vurdere konkret kva for konsekvensar ein slik dom skal få. Dette gjeld både i grunnskolen og i vidaregåande skole. Tilsvarende gjeld dersom det ligg føre brot på andre føresegner som er nemnde i politiattesten etter politiregisterlova § 39 første ledd. Det same gjeld òg dersom det ikkje ligg føre ein dom, men politiattesten «berre» opplyser om ei sikting eller ein tiltale for lovbrot. Da må òg ei slik konkret vurdering gjerast – sikting eller tiltale er ikkje tilstrekkeleg til automatisk forbod mot tilsetjing, heller ikkje om det gjeld seksuelt overgrep mot mindreårige.

Omgrepet «mindreårige» avløyste omgrepet «barn» ved lovendringa som tredde i kraft 1. august 2011, jf. nedanfor. Det går klart fram av Prop. 96 L (2010–2011) at endringa ikkje var meint å skulle innebere ei realitetsendring. Omgrepet er ikkje nærmare definert i opplæringslova. Men det er allment akseptert at ein med dette omgrepet meiner ein person som ikkje har nådd myndigalder, altså ikkje er fylt 18 år. Det er òg i tråd med definisjonen av omgrepet «mindreårig» i verjemålslova § 8.

Opplæringslova § 10-9 *fjerde ledd* inneheld berre ein forskriftsheimel.

Departementet presiserer at det berre er tredje ledd, om konsekvensane av ein merknad i politiattesten, som er foreslått endra i proposisjonen her. Vidare er forslaget avgrensa til konsekvensar ein dom for seksuelt overgrep mot mindreårige, ikkje andre lovbrot, vil få for ein person som blir tilboden ei stilling i vidaregåande skole.

I kapittel 15 i forskrift til opplæringslova, gitt med heimel i opplæringslova § 10-9 fjerde ledd, heiter det at politiattest berre skal leggjast fram av den som blir tilboden stillinga. Dette skal gå fram av utlysingsteksten. Politiiattest skal ikkje leggjast ved stillingssøknaden.

Opplæringslova § 10-9 gjeld òg for private grunnskolar som er omtalte i opplæringslova § 2-12.

7.2.3 Friskolelova

Friskolelova § 4-3 har tilnærma same innhaldet som opplæringslova § 10-9. Musikk- og kulturskole og skolefritidsordning er ikkje omtalt. Elles er føresegna identisk med opplæringslova § 10-9.

Det er gitt føresegner om politiattest i forskrift til friskolelova, sjå forskrifta kapittel 8. Desse er

einslydande med føresegnene i kapittel 15 i forskrift til opplæringslova.

Om gjeldande rett på friskoleområdet: Sjå omtalen under pkt. 7.2.2 ovanfor om opplæringslova.

7.2.4 Folkehøgskolelova

I folkehøgskolelova § 6 heiter det at styret ved den enkelte skolen avgjer om dei som skal tilsetjast ved skolen, fast eller mellombels, må leggje fram politiattest med tilsvarende innhald som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd. Styret ved skolen vurderer i så fall konsekvensane av eventuelle merknader på politiattesten i den enkelte tilsetjingssaka.

Det er her ikkje krav om framlegging av slik politiattest. Styret skal i kvar enkelt tilsetjingssak vurdere om politiattest etter politiregisterlova § 39 første ledd skal leggjast fram. Føresegna er altså ein «kan-regel». Er det lagt fram slik politiattest, skal styret vurdere kva for konsekvensar merknader på politiattesten skal få.

7.3 Høyringsforslaget

I departementet sitt høyringsbrev av 31. oktober 2018 blei det foreslått endringar i opplæringslova, friskolelova og folkehøgskolelova. I høyringsbrevet blei forslaga skildra slik:

«Opplæringsloven § 10-9 tredje ledd foreslås endret slik at personer som har begått seksuelt overgrep mot mindreårig ikkje kan ansettes i videregående skole. Tilsvarende endring blir foreslått for elever i videregående skole som omfattes av friskoleloven.

For folkehøgskoler foreslår vi en tilsvarende realitetsendring. Videre foreslås en plikt til å fremlegge politiattest, jf. politiregisterloven § 39 første ledd, ved alle ansettelser. Det foreslås her at dagens «kan»-regel endres til en «skal»-regel.»

Departementet understrekar at høyringa er avgrensa til desse forslaga og *ikkje* omfattar andre forhold knytte til regelverket om politiattestar.

7.4 Høyringsfråsegner

7.4.1 Generelt om høyringa

Til saman 41 høyringsinstansar har sendt inn høyringsinnspel. 6 av desse har skrive at dei ikkje har merknader til nokon av forslaga.

Dei andre har uttalt seg om det eine eller begge forslaga, alternativt gitt støtte utan vidare grunngeving.

Dei 19 høyringsinstansane som støttar begge forslaga, er:

Politidirektoratet, Politihøgskolen, Finnmark politidistrikt, Nordland politidistrikt, Oslo politidistrikt, Aust politidistrikt, Kripos, Barneombodet, Hedmark fylkeskommune, Oslo kommune, Longyearbyen lokalstyre, KS, Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG), Redd Barna, Skolenes Landsforbund, OsloMet, OsloMet (LUD), Voss Folkehøgskule og Stine Sofies Stiftelse.

14 høyringsinstansar uttaler seg berre om det første forslaget og støttar dette. Desse er:

Hordaland fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Telemark fylkeskommune, Troms fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Virke, Norske Fag- og Friskolers forbund, Kristne Friskolers Forbund, Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Norges Kvinne- og Familieforbund og Soroptimist International Norway.

Folkehøgskolerådet har berre uttalt seg om det andre forslaget og støttar dette.

Ingen høyringsinstansar har uttalt seg mot dei to forslaga. *Justis- og beredskapsdepartementet* har ein merknad om kostnadene. Dei ber om at høgare kostnader grunna utferding av fleire politiattestar i folkehøgskolar blir belasta budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

7.4.2 Konsekvensar av oppført dom på politiattest for seksuelt overgrep mot mindreårige

I høyringsnotatet foreslo departementet å innføre forbod mot tilsetjing i vidaregåande skole, medrekna i friskolar, og i folkehøgskolar, for personar som har dom for seksuelt overgrep mot mindreårige oppført på politiattesten sin.

Mange høyringsinstansar støttar forslaget utan nærmare grunngeving, alternativt med same grunngeving som departementet hadde i høyringa. Nokre høyringsinstansar har andre forslag i tillegg eller har kommentarar av annan art.

Nordland og Rogaland fylkeskommune ønskjer at forbodet mot tilsetjing òg må gjelde dei som har

dom for seksuelt overgrep mot andre enn mindreårige.

Norsk Forbund for Utviklingshemmede ønskjer at forbodet mot tilsetjing òg skal gjelde dei som har dom for seksuelt overgrep mot utviklingshemma – uansett om den fornærma er mindreårig eller ikkje. Dei peikar på straffelova § 295, som rammar misbruk av «overmaktsforhold og lignende». Mange personar med utviklingshemming deltek i vidaregåande opplæring. Forbundet påpeikar at denne utsette gruppa kan få betre vern om forbodet blir utvida som foreslått.

Rogaland fylkeskommune og *Voss folkehøgskule* uttaler seg positivt til høyringsforslaget om å gjere tilsetjingsforbodet gjeldande for personar som allereie er tilsette i skolen, men som etter søknad blir tilbodne ny stilling ved same eller annan skole.

Kripos går noko lenger enn dette og ønskjer at tilsetjingsforbodet skal få tilbakeverkande kraft og gjelde dei som allereie er tilsette i skolen, uansett om dei søkjer ny stilling eller ikkje. Dei påpeikar at ei anna løysing vil gi forskjellsbehandling. Det vil i så fall gjere at ein som allereie er tilsett trass ein dom for seksuallovbrot mot mindreårige, skal kunne halde fram i stillinga si. Den som skal tilsetjast i ei stilling, vil derimot møte eit tilsetjingsforbod.

Stine Sofies Stiftelse ønskjer at ein skal kunne krevje fornya politiattest frå tilsette med jamne mellomrom, til dømes annakvart år. Dette er grunnleggjande med at ein da får opplysningar om tilsette som hadde rein politiattest da dei blei tilsette, men som seinare kan ha fått merknader. Slik meiner stiftinga at ein kan sikre seg at den tilsette til kvar tid er skikka til å arbeide med barn og unge.

Oslo kommune ønskjer hyppigare bruk av høvet til å be om fornya politiattest. Kommunen ønskjer derfor at det uttrykkjeleg skal visast til politiregisterlova § 43. Denne føresegna opnar nettopp for å be om nye eller oppdaterte opplysningar etter at politiattest er utferda, dersom lov- vilkåra for å utferde politiattest framleis er til stades.

Stine Sofies Stiftelse ønskjer føresegner i skolelovgivinga som gir ein arbeidsgivar rett og plikt til «utan vidare» å seie opp ein tilsett som er skuldig i seksuelt overgrep mot mindreårige.

Redd Barna, *Fagforbundet* og *Stine Sofies Stiftelse* peikar på faren for at krav om politiattest kan bli ei sovepute og gi falsk tryggleik. Dei påpeikar at eigne undervisningsopplegg med barn om sek-

suelle overgrep, tilpassa alderen på barna, må utarbeidast og gjennomførast årleg. Dei hevdar at dette òg kan ha ein førebyggjande effekt ved å skremme potensielle lovbrutarar frå å utføre overgrep. Vidare peikar dei på at skolar bør ha handlings- og beredskapsplanar om slike forhold.

Troms fylkeskommune peikar på at forbodet må vere meint utvida til å gjelde vidaregåande skole, ikkje vidaregåande opplæring. Sistnemnde omgrep inkluderer opplæring i bedrift. Dei påpeikar at omgrepet «vidaregåande opplæring» er brukt feilaktig i den foreslåtte lovteksten. Slik fylkeskommunen ser det, skal det riktige vere «vidaregåande skole».

Kristne Friskolers Forbund har påpeika at tilsetjingsforbodet òg må gjelde for personar som blir tilsette i skolefritidsordningar i friskolar. Om dette ikkje er omfatta av friskolelova i dag, ønskjer dei ei presisering i lova.

Virke og *Kristne Friskolers Forbund* peikar på at krav om politiattest og eit påfølgjande tilsetjingsforbod òg må gjelde for tilsetjing i stillingar knytte til internatdrift.

Politidirektoratet, *Politihøgskolen* og *Kripos* meiner alle at forbodet òg må ramme dei som har vedteke eit førelegg for seksuelt overgrep mot mindreårige, ikkje berre dei som er dømde for eit slikt forhold.

Politidirektoratet og *Politihøgskolen* meiner at tilsetjingsforbodet må avgrensast til dei tilfella der alder er eit straffevilkår i den aktuelle straffeføresegna.

Elles er det ikkje komme fleire kommentarar til høyringsforslaget utover støtta som er gitt til forslaget og grunngevinga for det i høyringsnotatet.

7.4.3 Obligatorisk framlegging av politiattest ved tilsetjing i folkehøgskole

I høyringsnotatet foreslo departementet at det i folkehøgskolar skal krevjast framlagd politiattest ved tilsetjing i fast eller mellombels stilling. Innhaldet i politiattesten må vere slik det er kravd i politiregisterlova § 39 første ledd.

Stine Sofies Stiftelse påpeikar at ei slik obligatorisk plikt vil motverke ulik praksis ved folkehøgskolane. Dei understrekar at ulik praksis skolane imellom vil vere uheldig for tryggleiken til barn og unge.

Det er ikkje komme fleire kommentarar i høyringa til dette forslaget.

7.5 Departementet sine vurderingar

7.5.1 Konsekvensar av oppført dom på politiattest for seksuelt overgrep mot mindreårige

Departementet foreslår at tilsetjingsforbodet blir avgrensa til merknader for seksuelle overgrep mot mindreårige. Departementet påpeikar at det ikkje har vore tema i høyringa å utvide tilsetjingsforbodet til ein vidare krets av fornærma enn det som gjeld i grunnskolen. Det same gjeld spørsmålet om seksuelle overgrep mot utviklingshemma burde vere nemnt særskilt. Om dette hadde vore eit høyringstema, kan departementet heller ikkje sjå bort frå at òg andre utsette grupper kunne blitt trekt fram med tilsvarende behov for vern. Skulle tilsetjingsforbodet gjelde òg for seksuelle overgrep mot andre enn mindreårige, måtte eit tilsvarende forslag ha vore fremma òg for grunnskolen. Strengare reglar på desse punkta i vidaregåande skole enn i grunnskolen ville ha skapt skeivskap i regelverket.

Dersom ein tilsett ved skolen blir tilboden ny stilling ved same skole, alternativt ved ein annan skole, må vedkommande leggje fram politiattest. Dette er i tråd med regelen i dag – den som skal tilsetjast i ei stilling, mellombels eller fast, må leggje fram politiattest.

Departementet legg til grunn at dette òg må gjelde for tilsetjing etter interne utlysingar. Slik departementet ser det, vil det derimot ikkje gjelde ved interne fungeringar. Slike kan vere hyppige, av kort lengd og gjeld heller ikkje tilsetjing i ny stilling.

Departementet foreslår derimot ikkje at tilsetjingsforbodet skal ha tilbakeverkande kraft. I så fall måtte alle tilsette i skolen leggje fram politiattest med verknad frå same tidspunktet som tilsetjingsforbodet for nytilsette tek til å gjelde. Ei slik ordning ligg utanfor det forslaget som har vore på høyring. Dette ville òg ha innebore innføring av ei obligatorisk ordning med fornya politiattest for alle i skolen.

Departementet foreslår heller ingen endringar i høvet til å be om nye eller oppdaterte opplysningar etter at politiattest er utferda. Dette høvet er heimla i politiregisterlova § 43 og kan nyttast dersom lovvilkåra for dette er til stades. Høvet til å be om slike opplysningar blir heller ikkje styrkt ved at § 43 blir gjenteken i anna lovgiving.

Stine Sofies Stiftelse ønskjer føresegnar i skolelovgivinga som gir arbeidsgivar rett og plikt til «utan vidare» å seie opp ein tilsett som er skuldig i seksuelt overgrep mot mindreårige. Departemen-

tet påpeikar at ei slik ordning vil gå langt utover det forslaget som er fremja. Departementet ser heller ikkje grunn til å ta inn egne føresegnar om oppseiing i slike tilfelle i skolelovgivinga. Både arbeidsmiljølova og straffelova inneheld føresegnar om kva for følgjer blant anna seksuelle overgrep mot mindreårige kan få for eit arbeidsforhold. Etter arbeidsmiljølova § 15-14 første ledd kan arbeidsgivar seie opp ein arbeidstakar med påbod om å gå frå stillinga straks dersom vedkommande har gjort seg skuldig i grovt pliktbrøt eller anna vesentleg misleghald av arbeidsavtalen. Vidare regulerer straffelova § 29 tap av rettar for personar som er skuldige i ei straffbar handling. Det følgjer av denne føresegna at den som er skuldig i ei straffbar handling som viser at vedkommande er uskikka til eller kan misbruke ei stilling, ei verksemd eller ein aktivitet, kan, når allmenne omsyn tilseier det, bli fråteken stillinga eller retten til å i framtida ha ei stilling eller utøve ei verksemd eller ein aktivitet.

Enkelte høyringsinstansar peikar på at det òg er behov for andre tiltak mot overgrep, som undervisningsopplegg med barn om seksuelle overgrep, tilpassa alderen til barna. Departementet er innforstått med at politiattest åleine ikkje gir nødvendig tryggleik. Krav om politiattest med mogleg tilsetjingsforbod som konsekvens er likevel eit nyttig verkemiddel saman med andre tiltak, som påpeika.

Kristne Friskolers Forbund har påpeika at tilsetjingsforbodet òg må gjelde for skolefritidsordningar i friskolar. Departementet er innforstått med at friskolelova ikkje seier at krava til politiattest òg skal gjelde for tilsette ved skolefritidsordningar som er drivne av friskolar. Departementet legg samtidig til grunn at krava om politiattest og konsekvensane av merknader skal vere dei same for tilsette anten dei blir tilbodne stilling i skolefritidsordning i offentleg skole eller i friskolar. Bakgrunnen for utforminga av friskolelova her er at friskolelova ikkje regulerer den nærmare drifta av skolefritidsordningar. Temaet fell utanfor det forslaget som har vore på høyring, og departementet foreslår ingen endringar på dette punktet.

Når det gjeld tilsette ved internat, er det ikkje krav om politiattest verken i opplæringslova, friskolelova eller folkehøgskolelova. Krava i dei nemnde lovene gjeld tilsette ved skolane, ikkje dei som er særskilt tilsette ved internat. Sidan mange internat ligg nært og i tilknytning til skolar, vil samtidig krav om politiattest retta mot dei som blir tilsette ved skolane, komme dei som bur på desse internata, til gode. I ein del slike tilfelle vil internata nettopp kunne sjåast som ein del av skolen.

Departementet understrekar at tilsetjingsforbodet skal gjelde dom for alle seksuelle overgrep mot mindreårige. Det gjeld anten alder er eit straffevilkår i det konkrete straffebodet eller ikkje. I dei tilfella der alder ikkje er eit slikt straffevilkår, vil det ikkje gå fram av politiattesten om den fornærma var mindreårig eller ikkje. Ei slik opplysning må tilsetingsmakta da skaffe sjølv, fortrinnsvis ved å spørje politiet. Andre opplysningar om saka – personalia til den fornærma eller skildring av gjerninga – har ikkje tilsetingsmakta behov for. Av politiregisterlova § 30 første ledd går det fram at teieplikt ikkje er til hinder for at opplysningar blir utleverte til andre offentlege organ i deira interesse, dersom dette er nødvendig for å fremje oppgåvene som mottakarorganet har etter lov, eller for å hindre at verksemd blir utøvd på ein uforsvarleg måte. Med heimel i denne føresegna kan ein kommune eller ein fylkeskommune be politiet opplyse om alderen til den fornærma i ei overgrepssak som er ført opp på ein politiattest levert i samband med ei tilsetjings sak i skolen.

Tilsetjingsmakta vil i vurderinga av vandelen til den som er tilboden i ei stilling, følgje dei føresegnene som er nemnde i politiregisterlova § 39 første ledd. Det er lagt til grunn at det berre heilt unntaksvis vil vere behov for å kontakte politiet for å få opplysningar om alderen til den fornærma.

I tillegg vil departementet påpeike at førelegg må likestillast med dom. I det utsende høyringsnotatet er det ikkje sagt noko om førelegg. Verknaden av førelegg er derfor omtalt ovanfor under punktet om gjeldande rett.

Når det gjeld den lovtekniske utforminga av føresegna, har departementet endra ordlyden etter innspel frå *Troms fylkeskommune*, slik at føresegna viser til vidaregåande skole, ikkje vidaregåande opplæring. Derimot har departementet ikkje følgt opp forslaget frå *Stine Sofies Stiftelse* om å ta inn politiregisterlova § 39 første ledd i skolelovgi-

vinga. Ei slik dobbeltregulering ville innebere ein fare for at endringar i politiregisterlova ikkje blir fanga opp, og kunne dermed ført til utilsikta forskjellar i regelverket.

7.5.2 Obligatorisk framlegging av politiattest ved tilsetjing i folkehøgskole

Forslaget går ut på at det i folkehøgskolar skal krevjast framlagd politiattest ved tilsetjing i fast eller mellombels stilling. Innhaldet i politiattesten må vere slik det er kravd i politiregisterlova § 39 første ledd. Som *Stine Sofies Stiftelse* påpeikar, vil ei slik obligatorisk plikt motverke ulik praksis ved folkehøgskolane. Ulik praksis skolane imellom vil vere uheldig for tryggleiken til barn og unge.

7.6 Departementet sitt forslag

På grunnlag av gjennomgangen over foreslår departementet at personar som på politiattesten sin har merknad om dom eller førelegg for seksuelt overgrep mot mindreårige, ikkje kan tilsetjast, fast eller mellombels, i vidaregåande skolar eller i folkehøgskolar. Det same gjeld for vidaregåande friskolar. Departementet understrekar at tilsetjingsforbodet skal gjelde dom eller førelegg for seksuelt overgrep mot mindreårige, uansett om alder er eit straffevilkår i lova. Der alder ikkje er eit straffevilkår, vil det ikkje gå fram av politiattesten om den fornærma var mindreårig eller ikkje. Ei slik opplysning må tilsetjingsmakta da skaffe sjølv.

Vidare foreslår departementet at politiattest skal leggjast fram ved tilsetjing i folkehøgskolar. Det skal gjelde både faste og mellombels stillingar. Politiattesten skal ha same innhald som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd.

8 Butid

8.1 Bakgrunnen for forslaget

Det er eit krav om at alle som skal tilsetjast fast eller mellombels i barnehage eller skole, må leggje fram politiattest utferda i Noreg. Det kan ikkje krevjast politiattest frå heimlandet til personar frå andre land utanfor EØS. Ein norsk politiattest vil kunne ha avgrensa verdi dersom den som skal tilsetjast i barnehagen eller skolen, har kort butid i Noreg.

I høringsbrevet som blei sendt ut 11. desember 2018, understreka departementet at det ikkje var teke stilling til om det skulle innførast eit butidskrav. I høringsnotatet var lengda på eit eventuelt butidskrav omtalt. Departementet foreslo at dette skulle vere to år, og at lengda på butidskravet skulle fastsetjast i forskriftene.

8.2 Gjeldande rett

8.2.1 Barnehage og skole

Alle som skal tilsetjast fast eller mellombels i barnehage, må leggje fram politiattest, jf. barnehagelova § 19 første ledd. Vidare må alle som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, i vidaregåande skole, i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga eller for å gi leksehjelp, leggje fram politiattest. Kravet gjeld òg for dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande aktivitetstilbod, sjå opplæringslova § 10-9 første ledd. Det er, med unntak for vidaregåande skole, eit absolutt tilsetjingsforbod for personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, jf. barnehagelova § 19 tredje ledd og opplæringslova § 10-9 tredje ledd. I vidaregåande skole skal det gjerast ei individuell vurdering av kva for konsekvensar det skal få for ei tilsetjing dersom den som blir tilboden ei stilling, har dom for seksuelt overgrep mot mindreårig ført opp på politiattesten din. I denne proposisjonen foreslår departementet derimot at det òg i vidaregåande opplæring skal gjelde eit absolutt tilsetjingsforbod for personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, jf. kapittel 7.

For friskolar gjeld tilsvarende som for offentleg skole, jf. friskolelova § 4-3 første ledd. Det same gjeld skoleliknande aktivitetar, jf. friskolelova § 4-3 første ledd andre og tredje punktum.

Lov 28. mai 2010 nr. 16 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten (politiregisterlova) har reglar om korleis politiet og påtalemakta skal behandle personopplysningar, medrekna utferding av politiattestar og annan vandelskontroll.

Det følgjer av politiregisterlova § 36 andre ledd at det «kan i lov eller i forskrift gitt i medhold av lov stilles krav om inntil fem års botid i Norge dersom det i forbindelse med vandelskontroll ikke kan fremlegges politiattest som nevnt i første ledd nr. 1, og vesentlige samfunnshensyn tilsier det. Kravet til botid kan bare overstige fem år dersom vesentlige sikkerhetsmessige hensyn tilsier det». I Ot.prp. nr. 108 (2008–2009) står det skrive at:

«Bestemmelser om kravet til minimum botid bør imidlertid bare gis dersom vesentlige samfunnshensyn tilsier det, noe som innebærer at slike regler kun bør gis i særlige tilfeller. Som eksempel kan nevnes personell på oljeplattform, flyplasser eller personer som skal tilsettes i vaktvirksomhetsforetak eller innenfor kollektivtransport.»

Nærmare reglar om krav om butid ved utferding av politiattest for utlendingar er gitt i *forskrift 20. september 2013 nr. 1097 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten* (politiregisterforskrifta). Politiregisterforskrifta § 28-2 første ledd fastslår at ein med politiattest etter dette regelverket meiner norsk politiattest med opplysningar frå registra til politiet. Det blir vidare fastslått at politiattest utferda i eit anna EØS-land er likestilt med norsk politiattest i tilfelle der det er heimla krav om butid i anten lov eller forskrift.

Det er etter gjeldande rett ikkje heimel for å stille krav om minimum butid i barnehagelova og opplæringslova.

8.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo i høyringa å innføre heimlar i barnehagelova, opplæringslova og friskolelova til å utarbeide forskrift med krav om butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsetjast i barnehage eller skole.

I høyringsbrevet som blei sendt ut 11. desember 2018, understreka departementet at det ikkje var teke stilling til om det skulle innførast eit butidskrav. I høyringsnotatet var lengda på eit eventuelt butidskrav omtalt. Departementet foreslo at dette skulle vere to år, og at lengda på butidskravet skulle fastsetjast i forskriftene. Departementet bad spesielt om tilbakemelding på konsekvensane av butidskrav, om det burde setjast eit krav til butid, og om lengda på eit eventuelt butidskrav. Departementet bad òg om tilbakemelding på om det burde gjerast unntak for utanlandske statsborgarar frå tredjeland som blant anna kan leggje fram truverdige politiattestar frå tidlegare bustadsstatar, og korleis ei slik unntaksordning burde utformast.

Departementet foreslo desse lovendringane.

Barnehagelova § 19 Politiattest og *botid*, nytt femte ledd:

For utenlandske borgere som skal ansettes fast eller midlertidig i barnehage, jf. første ledd, kan departementet gi forskrift om at det skal kreves botid i Norge, herunder om varigheten, hvem kravet skal omfatte, unntak ved opphold utenfor Norge og dokumentasjon som kan kreves.

Opplæringslova § 10-9 Politiattest og *butid*, nytt femte ledd:

For utanlandske borgarar som skal tilsetjast fast eller mellombels, jf. første ledd, kan departementet gi forskrift om at det skal krevjast butid i Noreg, under dette om varigheita, kven kravet skal omfatte, unntak ved opphald utanfor Noreg og dokumentasjon som kan krevjast.

Friskolelova § 4-3 politiattest og *butid*, nytt femte ledd:

For utanlandske borgarar som skal tilsetjast fast eller mellombels, jf. første ledd, kan departementet gi forskrift om at det skal krevjast butid i Noreg, under dette om varigheita, kven kravet skal omfatte, unntak ved opphald utanfor Noreg og dokumentasjon som kan krevjast.

8.4 Høyringsfråsegner

Det har komme inn 54 høyringssvar, der 46 har kommentarar til forslaget. Departementet sitt for-

slag får støtte i 13 høyringssvar, mens 27 høyringssvar ikkje støttar forslaget.

Dei høyringsinstansane som støttar forslaget, er:

Bodø kommune, Bufdir, FUS barnehagene, Kristne Friskolers Forbund, Likestillings- og diskrimineringsombodet, Norsk organisasjon for asylsøkere, Oslo kommune, Politidirektoratet (inkludert Kripos og Finnmark politidistrikt), Redd Barna, Samisk høyskole, Skolenes Landsforbund, Trøndelag fylkeskommune og Utdanningsforbundet.

Dei fleste som støttar forslaget, grunnir dette med at omsynet til barna må vege tyngst. *Trøndelag fylkeskommune* seier blant anna at det norske samfunnet gjennom lovverk og forskrifter bør leggje opp til både direkte vern av barn og unge og vern mot misbruk av tillitsforhold til barn og unge. Dei seier òg at forslaget om krav til butid i større grad handlar om vern av barn og unge enn om utestenging frå norsk arbeidsliv. Vidare seier dei at arbeidssøklarar frå land utanfor EØS med kort butid i Noreg har moglegheiter til skolegang og utdanning – og til arbeid i ulike sektorar i arbeidsmarknaden. Fylkeskommunen meiner at å vere tilsett i skole ikkje vil vere den einaste vegen til integrering for menneske frå land utanfor EØS med kort butid i Noreg. Dei poengterer at dei berre uttaler seg om det som vedkjem vidaregåande skolar, og at det i vidaregåande skole er mindreårige elevar og elevar over 18 år. Fylkeskommunen understrekar at det ikkje er avgjerande forskjell mellom ein elev på 17 eller 18 år; begge har behov for vern.

Bufdir støttar forslaget, men meiner at to års butid er for kort tid til at det kan gjerast ei tilfredsstillande vandelsvurdering. Dei set òg spørsmålsteikn ved om krav til butid bør knytast til bustad og ikkje statsborgarskapet til den enkelte. I tilbakemeldinga seier dei òg at sjølv om krav om politiattest/butid ikkje er ein garanti for at barn ikkje blir utsette for overgrep, er dette slik dei ser det, ikkje eit argument mot innføring av butidskrav. Dette grunnir dei med at når det blir stilt krav om vandelskontroll, må det vere fordi ein går ut frå at kontrollen vil kunne avdekkje straffbare forhold, og at arbeidsgivarar unngår feiltilsetjingar. Utan eit krav om politiattest vil vurderinga av om personar er skikka, i sin heilskap overlatast til den enkelte arbeidsgivaren. Dei meiner det vil vere uheldig, sidan moglegheita arbeidsgivaren har til å vurdere og oppdage eventuelle overgriparrar i løpet av eit tilsetjingsintervju, vil vere særsvært avgrensa.

Politidirektoratet, Kripos og Finnmark politidistrikt støttar forslaget, men meiner at det bør vere

fire år. Politiet viser til at dette er kravet for yrkes-sjåførar.

Dei som ikkje støttar forslaget, er:

Abelia – Forum for fagskoler, Arendal International School, Asker International School, Bergen kommune, Canadas og USAs ambassade i Noreg (felles høyringsinnspel), Fagforbundet, Gjøvikregionen International School, Hordaland fylkeskommune, Idebroen barnehage, International School of Bergen, International School of Telemark, International School of Stavanger, KS, Kongsberg International School, NHO, Molde kommune, Næringsforeningen i Trondheimsregionen, Oslo International School og Bærum næringsråd, Private barnehagers landsforbund, Rettspolitisk forening, Skagerak International School, Stiftelsen Kristiansand Internasjonale Skole, Trondheim International School, Tromsø International School, Universitetet i Oslo og Økernbråten barnehage.

Dei som ikkje støttar forslaget, har to hovudgrunngevingar. Den eine er ei vurdering av kva som skal vege tyngst: omsynet til integrering eller omsynet til å verne barna. Desse meiner at integreringsomsynet bør vege tyngst. I samband med dette viser enkelte av høyringsinstansane til regjeringa si integreringsmelding og at det derfor bør vere enklare å nytte barnehage og skole som veg inn. Andre høyringsinstansar etterlyser dokumentasjon for at borgarar frå tredjeland med kort butid har utført overgrep.

Rettspolitisk forening meiner at eit så sterkt inngrep må kunne grunnvist og dokumenterast med eit reelt behov. Dei viser til at eit slikt krav vil ramme alle, òg dei lovlydige. Vidare meiner dei at butidskrav, til liks med vandelsattest, dessverre ikkje er ein garanti mot at overgrep skjer. Foreininga meiner at departementet ikkje har dokumentert noko behov for butidskravet.

Private barnehagers landsforbund (PBL) meiner at eit slikt butidskrav vil hindre ei naturleg integrering i arbeidsmarknaden og vil bidra til at kvalifiserte menneske ikkje kan ta jobb før butidskravet er oppfylt. Vidare meiner dei at forslaget er uheldig, òg med tanke på innføringa av ny bemaningsnorm i barnehagane. Samfunnet må finne andre ordningar som skal hindre at uskikka menneske får innpass i norske barnehagar og skolar. PBL meiner at om butidskrav blir innført, må det i alle tilfelle ikkje vere lengre enn to år.

KS meiner at innføring av eit butidskrav vil kunne verke negativt for høvet kommunane har til å sørgje for rask og god integrering av nykomne innvandrarak som er kvalifiserte til arbeid med barn og unge. Vidare meiner dei at eit butidskrav òg kan gjere det meir krevjande for kommunar å

rekruttere kvalifisert personell til ledige stillingar. Dei viser òg til at regjeringa nyleg har lagt fram ein integreringsstrategi som varslar strengare krav til kommunane i integreringsarbeidet. Blant anna blir det lagt føringar for eit meir forpliktande samarbeid mellom kommunar, utdanningssektoren og arbeidsgivarar for å innfri måla som er sette for enkeltpersonar og for samfunnet. KS vurderer at ei eventuell innføring av butidskrav for tilsetjing vil bidra til å gjere det vanskelegare for kommunane å innfri desse nasjonale måla. Samla sett meiner KS at omsyn som taler for innføring av eit butidskrav, i dette tilfellet ikkje vil vege opp for dei samla ulempene forslaget vil innebære i tilknytting til både integrering og til rekruttering i kommunesektoren.

Den andre grunngevinga er frå *NHO, Abelia – Forum for fagskoler*, tolv internasjonale skolar og enkelte næringsråd. Desse høyringsinstansane meiner at forslaget dramatisk vil forverre rekrutteringsmoglegheitene for desse skolane. *Abelia* skriv blant anna dette:

«Forslaget innebærer i praksis en hjemmel til å innføre et yrkesforbud for utenlandske lærere i internasjonale skoler og barnehager. Det vil ramme norsk næringsliv og forskning som er avhengig at eksperter fra andre land for å være konkurransedyktige.»

NHO, *Abelia* og dei internasjonale skolane meiner òg at forslaget kan føre til at kvaliteten på utdanninga vil kunne søkke. Dei meiner at dette òg kan føre til at internasjonale ekspertar da vil velje å tilby tenestene sine til andre land, og at dette kan få innverknad på norsk næringsliv. Dei viser til at lærarar på internasjonale skolar ofte har ein internasjonal karriere, og at 80–90 prosent av desse blir rekrutterte frå land utanfor Noreg. Dei fleste som jobbar i internasjonal utdanning, reiser frå land til land i heile karrieren, gjerne med tre–fem år i kvart land. *Abelia* har gjennomført ei undersøking blant dei 19 internasjonale skolane i Noreg, som viser at over 40 prosent av lærarane dei har i dag, ikkje kunne ha blitt tilsette med dei foreslåtte nye føresegnene. Etter ein eventuell brexit aukar dette til heile 62 prosent. Det betyr at heile 400 av dagens 640 lærarar i internasjonale skolar i ein periode ville vere hindra frå å arbeide som lærarar i internasjonale skolar i Noreg. Dei argumenterer òg med at det allereie i dag eksisterer ei fungerande løysing som varetek elevane, ved at utanlandske politiattestar blir godkjende, òg frå land utanfor EØS. Dei tilrår at det blir gjort unntak for internasjonale barnehagar og skolar, og at ein i

staden nyttar dagens velfungerande løysing med godkjenning av utanlandske politiattestar. *Asker internasjonale skole* foreslår at Utdanningsdirektoratet skal gjere ei tryggleiksklarering før personar kan arbeide i barnehage og skole, og at det er vedkommande som skal levere den dokumentasjonen som er nødvendig.

UD peikar på at eit krav om butid vil kunne få negative konsekvensar for medfølgjande familie-medlemmer av diplomatar med fleire som ønskjer å ta arbeid mens hovudpersonen tenestegjer ved ein utanlandsk representasjon i Noreg.

Dei som har uttalt seg om det bør gjerast unntak for utanlandske statsborgarar frå tredjeland som kan leggje fram truverdige politiattestar frå tidlegare bustadsstatar, støttar dette. *Bufdir* krev at innhaldet i attestane er likt den norske «barneomsorgsattesten».

8.5 Departementet sine vurderingar

Departementet legg til grunn at barns behov for vern i barnehage og skole er stort, særleg gjeld dette for barnehagebarn. Dei tilsette i barnehage og skole har eit særleg ansvar for tryggleiken til barna i barnehagen og skolen. Barnehage og skole er ein viktig del av oppvekstmiljøet til barn, og tilsette i barnehage og skole opparbeider seg eit nært tillitsforhold til barna. Omsynet til barna krev at misbruk av dette tillitsforholdet bør forhindrast på alle nivå. Foreldre skal vere trygge på at dei som arbeider i barnehage og skole, er skikka til jobben. Eit krav om butid, som dekkjer ein viss periode bakover i tid, vil kunne bidra til å auke tiliten til at dei som blir tilsette i barnehage eller skole, er skikka til å utøve desse yrka.

Barnekonvensjonen, særleg artikkane 19 og 34, gir føresegnar som oppmodar statane til å setje inn eigna tiltak for å forhindre at barn blir utsette for mishandling og overgrep. Innføring av eit butidskrav kan vere eit eigna tiltak for å forhindre dette, fordi eit slikt krav vil kunne danne grunnlag for ein politiattest som dekkjer ein viss periode bakover i tid.

På den andre sida vil eit butidskrav føre til eit mellombels tilsetjingsforbod for stillingar i barnehage og skole for ei gruppe menneske, utan at det kan dokumenterast at desse personane utgjer nokon større risiko for barna enn andre vaksne.

Politiattest er heller ingen garanti for at barn ikkje blir utsette for overgrep i barnehage eller skole. Dessverre skjer dette også i dag, sjølv med krav om politiattest. Departementet legg vekt på at rutinar i barnehage og skole, opplæring og opp-

følgjing av tilsette er minst like gode tiltak for å verne barna.

Eit eventuelt butidskrav vil i hovudsak gjelde tredjelandsborgarar. EØS-borgarar vil, dersom det er innført krav om butid, kunne leggje fram politiattest frå ein annan EØS-stat, på føresetnad av at dei har oppfylt butidskravet der. Vidare vil det vere unntak for norske borgarar som har opphalde seg i lengre tidsrom i ein annan stat.

Departementet vil òg nemne at sjølv om det blir innført eit butidskrav, er det mange grupper som oppheld seg i barnehage og skole, som ikkje er omfatta av dette kravet. Dette er fordi kravet berre gjeld dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i barnehage eller skole. Dette betyr at andre personar som oppheld seg regelmessig i barnehage eller skole, men som ikkje er direkte tilsette der, ikkje er omfatta. Det betyr at til dømes reinhaldarar og vaktmeistrar ikkje er omfatta. Skoleelevar/studentar i praksisplass, utanlandske borgarar som har arbeidstrening gjennom NAV, og utanlandske borgarar som har arbeidspraksis gjennom introduksjonsprogrammet, er heller ikkje omfatta.

I vurderinga av om det skal innførast eit butidskrav, legg departementet òg vekt på at det er sett lovkrav til språkkunnskapar i norsk for dei som skal arbeide i barnehage. Det er òg eit krav for dei som skal tilsetjast i skolen, men der er det arbeidsgivar som stiller krav om språkkunnskapar. Desse krava til språkkunnskapar fører til at det for mange vil ta noko tid før dei kan bli tilsette i barnehage eller skole. Vidare er det eit krav om at nykomne flyktningar skal delta i introduksjonsprogrammet, etter introduksjonslova. Programmet går over inntil to år, med høve for forlenging til inntil tre år. Både språkkravet og introduksjonsprogrammet gjer i mange tilfelle at personar faktisk må bu i Noreg i minst to år før dei kan tilsetjast i barnehage eller skole, og eit butidskrav på to år vil for desse ikkje bety noko i seg sjølv.

Departementet tilrår på bakgrunn av dette at det ikkje blir innført eit krav om butid. Departementet legg avgjerande vekt på at kravet til norskdugeleikar i barnehage og til dels skole og varigheita på introduksjonsprogrammet (to år) gjer at gruppa butidskravet i seg sjølv vil bety noko for, vil bli særst lita. I tillegg er det fleire grupper som er unnatekne frå kravet til politiattest, til dømes innleigd personell, personell tilsett i andre organisasjonar i kommunen, skoleelevar/studentar i praksisplass, utanlandske borgarar som har arbeidstrening gjennom NAV, og utanlandske borgarar som har arbeidspraksis gjennom introduksjonsprogrammet.

Departementet vil òg nemne at dersom eit butidskrav skulle bli innført, ville det vore nødvendig med unntak i forskrift for dei internasjonale skolane. Dette er fordi forslaget i stor grad ville ha forverra rekrutteringsmoglegheitene for desse skolane, noko som kunne ha fått konsekvensar for kvaliteten på utdanninga.

8.6 Departementet sitt forslag

Etter ei grundig vurdering av dei ulike høyringsinnspela har departementet komme til at det ikkje er aktuelt å innføre heimlar i barnehagelova, opplæringslova og friskolelova til å utarbeide forskrift med krav om butid for utanlandske arbeidstakarar som skal tilsetjast i barnehage eller skole.

9 Endringar i opplæringslova som ikkje har vore på høyring

9.1 Innleiing

Ingen av desse endringsforslaga har vore på høyring. Dette er ikkje nødvendig da ingen av forslaga har realitetsverknad. Dei er av teknisk karakter og blir foreslått for å rette opp feil i lovgevinga.

9.2 Opplæringslova § 2-12

Noverande § 13-5 i opplæringslova om plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skole blei teken inn i opplæringslova ved lovvedtak i Stortinget 31. mai 2018, sjå Prop. 67 L (2017–2018). Samtidig blei opplæringslova § 2-12 om private grunnskolar endra ved at det i tredje ledd i denne føresegna blei vist til § 13-5.

Prop. 51 L (2017–2018) om forbod mot ansiktsdekkjande plagg i barnehagar og undervisningssituasjonar blei nokre veker seinare behandla i Stortinget. Da blei opplæringslova § 2-12 på ny endra gjennom ei tilvising til den nye § 9-7 i opplæringslova om forbod mot ansiktsdekkjande plagg. I den nye § 2-12 som da blei vedteken, var tilvisinga til opplæringslova § 13-5 ikkje med.

Føresegna i § 13-5 skal gjelde tilsvarande for private grunnskolar. Departementet foreslår derfor at tilvisinga til opplæringslova § 13-5 blir teken inn i opplæringslova § 2-12.

9.3 Opplæringslova § 4-5

I opplæringslova § 4-5 tredje ledd er det vist til opplæringslova § 3-3 sjette ledd. Tilvisinga kjem av ein feil. Riktig tilvising er til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd.

Departementet foreslår derfor å endre tredje ledd i § 4-5 slik at det blir vist til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd.

9.4 Yrkeskvalifikasjonslova § 2

Departementet foreslår å endre tilvisinga i § 2 andre ledd første punktum i yrkeskvalifikasjonslova. I føresegna står det no at for yrke som er omfatta av *lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.* og *lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell*, gjeld berre §§ 21 til 23. Ved ein inkurie blei feil tilvising teken inn i sjølve lova, det skulle ha vore vist til §§ 22 til 24. Dette kjem fram i omtalen av føresegna i Prop. L 139 (2015–2016), kapittel 6. Der står det at i andre ledd første punktum blir det presisert at for yrke som er omfatta av helsepersonellova og dyrehelsepersonellova, gjeld berre reglane i §§ 22 til 24 om koordinator, assistansesenter og statistikkrapportering. Det blei vidare presisert at desse føsegnene gjeld uavhengig av sektortilknytning, og at det er krav som er sette til myndigheitene.

Endringa departementet foreslår, er ei teknisk endring og har ikkje følgjer for enkeltpersonar. Dette er berre eit krav om at dei ansvarlege myndigheitene som mottek eller tek avgjerder etter lova, skal rapportere inn statistikk. Helsedirektoratet og Mattilsynet pliktar å rapportere inn statistikk over avgjerdene sine. Dette er noko dei alle-reie gjer i dag, og endringa får derfor ingen praktiske konsekvensar.

9.5 Yrkeskvalifikasjonslova § 20

Etter yrkeskvalifikasjonslova § 20 har ansvarleg myndigheit plikt til å varsle alle andre EØS-statar dersom nasjonale domstolar vedtek å avgrense retten ein yrkesutøvar har til å utøve yrket sitt, mellombels eller permanent. Etter yrkeskvalifikasjonsdirektivet artikkel 56a gjeld varslingsplikta også i dei tilfella ei slik avgrensing blir fastsett av nasjonale myndigheiter. Yrkeskvalifikasjonslova § 20 er ikkje fullt ut i samsvar med direktivet, og departementet foreslår derfor å endre § 20 slik at varslingsplikta gjeld for avgrensingar i yrkesutøving fastsett både av nasjonale myndigheiter og av nasjonale domstolar.

Departementet foreslår å endre § 20, slik at plikta også gjeld for vedtak om permanent eller mellombels avgrensing i yrkesutøvinga fastsett av nasjonale myndigheiter.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

10.1 Leirskoleopphald eller annan skoletur

Departementet foreslår at det i opplæringslova blir lovfesta ei plikt for kommunane til å tilby leirskole eller annan skoletur med overnatting som del av grunnskoleopplæringa. Ei rekkje av høyringsinstansane har i høyringssvara sine gitt uttrykk for at dei meiner kommunane må få kompensasjon for plikta dei blir pålagde. Vidare har ein del instansar lagt til grunn at staten må fullfinansiere leirskoleopphalda.

Ved innføringa av gratisprinsippet i grunnskolen blei kommunane kompenserte for utgifter til leirskoleopphald, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2001–2002) og St.prp. nr. 1 (2001–2002). Midlane som blei lagde inn i rammetilskotet, skulle kompensere kommunane for bortfallet av foreldrebetaling til leirskoleopphald, basert på ei berekna gjennomsnittleg foreldrebetaling for om lag 10 prosent av elevane i grunnskolen. Det la til rette for at kommunane kunne tilby leirskole til alle elevar i grunnskolen. Departementet meiner derfor at skolane er kompenserte for desse kostnadene i dagens rammetilskot.

I tillegg til midlane som ligg i rammetilskotet, blir det i dag løyvd eit øyremerkt tilskot til leirskoleopplæring over kap. 225, post 66 på budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Tilskotet skal stimulere kommunane til å sende elevane på leirskole ved å medverke til å finansiere opplæringsutgiftene på leirskoleopphaldet. I retningslinjene for tilskotet står det blant anna at «opplæringa skal skje ved en bemannet leirskole eller ved ekskursioner/turer som er en del av grunnopplæringa. Oppholdet skal strekke seg over minst tre sammenhengende overnattingar og fire undervisningsdager, med undervisning i minimum 5,5 klokke timer pr. dag.» Tilskotsposten er budsjettstyrt og er fram til no blitt fordelt mellom dei kommunane som har søkt om tilskot. Dei siste åra har dette vore om lag 80 prosent av kommunane. Departementet foreslår at det øyremerkte tilskotet til leirskoleopplæring blir innlemma i rammetilskotet til kommunane og i løyvinga til Longyearbyen lokalstyre.

Ein del høyringsinstansar ønskjer at det øyremerkte tilskotet framleis skal vere øyremerkt, blant anna fordi det forenkler refusjonen til leirskolane/vertskommunane. Departementet viser til at statleg styring av sektoren kan skje både ved bruk av økonomiske verkemiddel og juridiske verkemiddel. Når plikta til å tilby leirskole eller annan skoletur blir lovfesta, er det ikkje lenger nødvendig å øyremerkje midlar for å stimulere kommunane til å sende elevane på slike turar. Departementet er kjende med at refusjonen leirskolar/vertskommunar krev av brukarkommunen for opplæringsutgifter, i praksis ofte svarer til den statlege refusjonssatsen. Når det øyremerkte tilskotet blir innlemma og den statlege satsen fell bort, legg departementet til grunn at kommunane/leirskolane løyser gjesteelevsoppgjer seg imellom.

Dei administrative konsekvensane av forslaget vil vere knytte til arbeid med å gjennomføre leirskoleopphald eller skoletur med overnatting ved dei skolane som i dag ikkje tilbyr dette. For skolar som tilbyr dette i dag, vil forslaget ikkje ha administrative konsekvensar. Fordi tilskotet til leirskoleopplæring blir lagt inn i rammetilskotet til kommunane, vil forslaget innebere at kommunane slepp å søkje om tilskot. Dette bidrar til mindre administrativt arbeid.

10.2 Skolebyte

Departementet foreslår ei ny føresegn i kapittel 9 A om skolebyte. I grunnskolen er dette ei vidareføring av dagens opplæringslov § 8-1 fjerde ledd og friskolelova § 3-3 første ledd andre til fjerde setning. I vidaregåande opplæring er dette ein ny regel.

Den foreslåtte lovteksten er tydelegare enn opplæringslova § 8-1 fjerde ledd og friskolelova § 3-3 første ledd om skolebyte i grunnskolen. Den foreslåtte lovteksten uttrykkjer på ein meir brukarvennleg måte innhaldet i regelen. Ein enklare regel vil kunne føre til at mindre ressursar blir nytta til rettsavklaring. Departementet påpeika i høyringa at lovendringa inneber at fylkeskommu-

nar og fylkesmannen får eit nytt verkemiddel i saker om skolemiljø. Samtidig viste departementet til at saker om skolemiljø allereie er saker som ofte kan krevje mykje ressursar både på skolenivå, på skoleeigarnivå og hos fylkesmannen.

Ingen høyringsinstansar uttalte seg særskilt om dei økonomiske og administrative konsekvensane av lovendringa. *Norsk lektorlag* er derimot bekymra for at endringa skal føre til meirarbeid for lærarar. Departementet er opptekne av at det ikkje skal stillast dokumentasjons- eller rapporteringskrav til skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar som i liten grad bidrar til å vareta rettstryggleiken til elevane eller til å heve kvaliteten på opplæringa. At skolebyte blir eit tilgjengeleg verkemiddel òg i vidaregåande opplæring, reknar departementet med at ikkje vil påverke ressursbruken i sakene vesentleg.

Departementet viser til at vilkåra som blei foreslått for skolebyte, i stor grad svarer til dei som gjeld andre tiltak i skolemiljø saker, blant anna bortvising. Ressursbruk knytt til å sikre skolemiljøet til elevane, medrekna eventuelt å fatte enkeltvedtak i skolebytesaker, vil derfor sannsynlegvis i stor grad vere dei same som i dag. Dette vil gjelde både på skolenivå, på skoleeigarnivå og hos klageinstansane. Lovendringa blir derfor ikkje rekna for å ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

10.3 Rett til opplæring i kvensk i grunnskolen

Departementet foreslår å endre § 2-7 i opplæringslova slik at føresegna slår fast retten til opplæring i kvensk.

Ingen høyringsinstansar uttalte seg særskilt om dei økonomiske og administrative konsekvensane av lovendringa. Det er i dag sær få elevar som vel opplæring i kvensk. Det er ei eiga tilskotsordning til opplæring i kvensk og finsk under kapittel 225, post 67 på budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Løyvinga skal bidra med finansiering til kommunar og frittstående grunnskolar i Troms og Finnmark som gir elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk. Tilskotet er regelstyrt. Det betyr at løyvinga tilpassar seg talet på elevar som vel kvensk eller finsk som andrespråk. Skoleeigarane vil derfor bli kompenserte økonomisk dersom talet på elevar som vel kvensk eller finsk, skulle auke.

Det er ein avgjerande føresetnad for å oppfylle retten til elevane at det finst lærarar som kan gi

opplæring i kvensk. Det er derfor sett i verk ulike tiltak for å betre rekrutteringa av lærarar som kan undervise i kvensk språk.

På denne bakgrunnen meiner departementet at lovendringa ikkje vil ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar. Talet på elevar som får denne retten, vil ikkje endre seg, sidan vilkåra for å ha rett til opplæring i kvensk eller finsk ikkje blir endra. Retten til alternative former for opplæring i kvensk vil vere den same som for finsk, jf. § 7-1 i forskrift til opplæringslova om alternative opplæringsformer i samisk og finsk.

10.4 Samansetjing av yrkesopplæringsnemndene

Den foreslåtte lovendringa kan gi nokre fleire representantar i dei enkelte yrkesopplæringsnemndene. Representantane får godtgjersle per møte. Dersom godtgjersla ikkje blir endra, kan lovendring gi noko høgare kostnader for fylkeskommunane. Dei auka kostnadene for fylkeskommunane er samtidig rekna for å vere sær avgrensa. Departementet viser til at regionreforma som er i gang, inneber ein reduksjon i talet på fylkeskommunar, noko som òg vil innebere ein tilsvarande reduksjon i talet på yrkesopplæringsnemnder.

Departementet vurderer det slik at lovendringa ikkje vil ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar for fylkeskommunane. Dersom det for enkelte fylkeskommunar skulle bli ein mindre auke i kostnadene, går ein ut frå at fylkeskommunane dekkjer dette innanfor eigne økonomiske rammer.

10.5 Politiattest

I vidaregåande skolar vil ikkje forslaget føre til utferding av fleire politiattestar. Der er det allereie etter dagens ordning obligatorisk å leggje fram politiattest i samband med tilsetjing.

Forslaget legg opp til at det skal bli obligatorisk å leggje fram politiattest òg ved tilsetjingar i folkehøgskolar. Kunnskapsdepartementet meiner at dei ekstra kostnadene som vil komme til i samband med dette, vil utgjere eit heilt ubetydeleg beløp. Finnmark politidistrikt, som har ansvaret for å utferde politiattestar i Noreg, seier det same i høyringsfråsegna si. Beløpet blir dekt innanfor ordinære budsjetttrammer.

For vidaregåande skolar og folkehøgskolar inneber forslaget at politiattestane som blir henta inn, vil bli administrativ enklare å behandle. Dette

er fordi skolane i færre tilfelle må gjere skjønns-
messige vurderingar dersom det på politiattestane

er merknader om dom eller førelegg for seksuelt
overgrep.

11 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

11.1 Endringar i opplæringslova

Til § 2-7

Første ledd blir endra slik at føresegna slår fast at elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn i Troms og Finnmark har rett til opplæring i *kvensk eller finsk*. Samtidig blir det gjort ei språkleg justering slik at omgrepet «kvensk-finsk» blir endra til «kvensk/norskfinsk» i første ledd og i tittelen på føresegna. Forslaget til lovendring inneber ei presisering av gjeldande rettar. Kravet om at det må vere minst tre elevar som krev slik språkundervisning, inneber at det til saman må vere tre elevar som krev opplæring i anten finsk eller kvensk.

Til § 2-12

Tredje ledd blir endra ved at det i oppramsinga òg blir vist til § 13-5. Dette er retting av ein inkurie i lova.

Til § 4-5

Tredje ledd første punktum blir endra ved at det blir vist til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd. Dette er retting av ein inkurie i lova.

Til § 8-1

Fjerde ledd blir oppheva. Regelen blir vidareført i ny § 9 A-12.

Til § 9 A-6 fjerde ledd

Siste punktum blir endra slik at tilvisinga til regelen om skolebyte blir til ny § 9 A-12. Fylkesmannen kan på same vilkåra som skoleeigaren påleggje skolebyte når fylkesmannen handhevar saker om aktivitetsplikta til skolane etter § 9 A-6.

Til § 9 A-12

Føresegna er ei ny felles føresegn om pålagt skolebyte for elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Gjennom tilvisinga i friskolelova § 2-4

andre ledd gjeld regelen òg for elevar i friskolar. Føresegna er ikkje aktuell for ungdom som tek vidaregåande opplæring etter kapittel 4 eller 4A, jf. § 9 A-1.

Første ledd oppgir dei materielle vilkåra for at pålagt skolebyte *kan* nyttast. Sjølv om vilkåra er oppfylte, vil det ikkje vere ei plikt for skoleeigaren til å nytte tiltaket. Medelevar har heller ikkje ein rett til å krevje at eit skolebyte blir gjennomført. Pålagt skolebyte i grunnskolen vil innebere at eleven blir pålagd å byte skole frå det som elles er eleven sin nærskole etter opplæringslova § 8-1 første til tredje ledd. Det er to hovudvilkår som må vere oppfylte for at ein skal kunne påleggje skolebyte for ein elev. Det første vilkåret er at oppførselen til eleven som blir flytta, *i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til éin eller fleire andre elevar*. Det andre vilkåret avgrensar verkeområdet til tiltaket: Tiltaket kan berre nyttast dersom *ikkje mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen*.

Det første vilkåret går fram av *første punktum* i føresegna. Dersom skolen meiner at skolebyte vil vere til gagn for ein elev, men oppførselen til eleven ikkje utgjer eit problem for éin eller fleire medelevar, kan ikkje skolebyte påleggjast. Slikt skolebyte føreset samtykke. Pålagt skolebyte kan heller ikkje nyttast av omsyn til dei tilsette på skolen.

Det er oppførselen til den konkrete eleven og effekten av dette som skal vurderast. Dette føreset at skolen gjer grundige undersøkingar. Departementet viser til undersøkingsplikta i § 9 A-4 tredje ledd. For at vilkåret for skolebyte skal vere oppfylt, må undersøkingane vise at oppførselen til ein enkeltelev faktisk er den utløyssande årsaka til utryggleik eller læringstap for éin eller fleire medelevar. Både forhold som skjer på skolen, og forhold som skjer på fritida, kan utløyse skolebyte så fram det påverkar skolemiljøet til andre elevar.

Dei negative verknadene på tryggleiken eller læringa til elevane må vere av kvalifisert art. Oppførselen til eleven må *i alvorleg grad gå ut over tryggleiken eller læringa til ein annan elev*. Om dette er oppfylt eller ikkje, vil vere avhengig av ei konkret vurdering som tek utgangspunkt i opple-

vinga til medeleven, supplert med profesjonelle og meir objektive vurderingar av kva som normalt i alvorleg grad vil kunne gå ut over tryggleiken eller læringa til andre elevar. Det er ikkje den same vurderinga som må gjerast med tanke på §§ 9 A-2 og 9 A-4 om eleven opplever at skolemiljøet er «trygt og godt». Skolar og skoleeigarar har eit skjerpa ansvar for å vareta elevar med ei særskild sårbarheit, jf. Rt. 2012 s. 146 og Prop. 57 L (2016–2017) kapittel 5.2.2.

Vilkåret i *andre punktum*, «mindre inngripande tiltak vil [ikkje] kunne avhjelpe situasjonen», krev ei vurdering av effekten av ulike tiltak som kan rettast inn mot situasjonen. Skolen skal ikkje berre vurdere tiltak som kan løyse situasjonen heilt, men derimot vurdere ulike tiltak som åleine eller i samspel vil kunne avhjelpe situasjonen gjennom å redusere skadeverknadene. Der som andre tiltak enn skolebyte kan redusere alvorgraden i situasjonen til under terskelen i det første vilkåret (alvorleg grad), skal ikkje skolebyte nyttast som tiltak. Skolebyte er berre aktuelt dersom det er det einaste tiltaket som har denne effekten.

Kva for tiltak som er aktuelle, og kva som er meir eller mindre inngripande, vil avhenge av ei konkret vurdering. Vurderinga av kor inngripande tiltaket er, skal ta utgangspunkt i eleven det er aktuelt å flytte. Tiltaka som blir vurderte, bør omfatte tiltak retta både mot heile skolemiljøet, mot grupper av elevar, mot andre elevar ved skolen og mot enkelteleven det er aktuelt å flytte. Departementet viser til undersøkingsplikta i § 9 A-4 tredje ledd.

I vurderinga av kva for konsekvensar eit skolebyte kan ha, skal ein blant anna ta omsyn til busituasjonen til eleven og avstanden til andre skolar. Sjå avgrensinga i høvet til å påleggje skolebyte i tredje ledd. Departementet legg til grunn at skolen eleven byter frå, og skolen eleven byter til, samarbeider for å bidra til ein best mogleg overgang for eleven, òg med tanke på vurdering og standpunktarakter. Avhengig av den konkrete saka vil skolebyte kunne vere eit mindre inngripande tiltak enn bortvising. Dette gjeld især i vidaregåande opplæring, der bortvisinga kan vere resten av skoleåret. Bortvising er berre mogleg dersom forholdet er ramma av ordensreglementet og bortvising er heimla der. I andre tilfelle er ikkje bortvising for resten av skoleåret ei mogleg reaksjonsform, og skolebyte vil kunne vere det mest inngripande tiltaket skolen har tilgjengeleg.

Skolebyte vil først og fremst vere aktuelt i saker som har gått føre seg over tid og blitt stadig meir belastande for medelevene. Hovudregelen er

at andre tiltak skal prøvast ut og evaluerast før det er aktuelt å påleggje eit skolebyte. Dette er i samsvar med den vanlege gangen i ei skolemiljøsak, jf. § 9 A-4 om aktivitetsplikta til skolen. I heilt ekstraordinære tilfelle kan det likevel vere riktig, av omsyn til medelevene, at andre tiltak ikkje blir prøvde ut før skolebyte blir gjennomført. Dette vil vere saker der behovet for å verne medelevene er særleg stort. Døme kan vere tilfelle der ein elev har opplevd eit grovt seksuelt overgrep frå ein eller fleire medelevar, drapsforsøk eller andre ekstreme former for vald, og der det ikkje er forholdsmessig eller rimeleg å krevje at det først skal setjast inn tiltak på skolen. Departementet viser til regelen om bortvising etter § 9 A-11, der vilkåret er at ein skal «ha vurdert andre tiltak».

Siste punktum i første ledd er ei vidareføring av dagens § 8-1 fjerde ledd andre setning. Det er eit døme på ein situasjon der pålagt skolebyte kan vere aktuelt.

Andre ledd viser til at dei same materielle vilkåra for pålagt skolebyte gjeld elevar i vidaregåande opplæring. Reglane om inntak til vidaregåande opplæring vil avgrense kva for skolar som er aktuelle å byte til. Desse reglane går dels fram av forskrift til opplæringslova kapittel 6 og lokale forskrifter i den enkelte fylkeskommunen. Departementet legg i utgangspunktet til grunn at elevar etter dagens inntaksreglar berre kan flyttast til skolar der dei kvalifiserer til inntak. *Andre punktum* inneber ei absolutt avgrensing i høvet til å påleggje skolebyte. Eleven kan ikkje bli pålagt å byte skole dersom eleven ikkje får halde fram med same utdanningsprogram og programområde. Eleven må òg kunne få tilbod om ein fagkombinasjon ved den nye skolen som gjer at eleven kan fullføre til planlagd tid. Avvik frå dette kan skje dersom eleven samtykkjer.

Tredje ledd inneber vidare ei absolutt avgrensing i høvet til å påleggje skolebyte. Eleven kan ikkje bli pålagt å byte skole dersom det betyr at eleven må flytte frå heimen sin, eller at dagleg skyss ikkje er forsvarleg. For elevar i vidaregåande opplæring er ikkje heimen deira nødvendigvis den same som heimen til foreldra. Vilkalet om at skoleskyssen skal vere forsvarleg, må sjåast i samanheng med skyssreglane i opplæringslova kapittel 7. Avgrensinga gjeld både innanfor og utanfor heimkommunen eller heimfylket. Konsekvensane av eit skolebyte for eleven vil uansett vere ein del av vurderinga av om mindre inngripande tiltak kan avhjelpe situasjonen, jf. første ledd. Kor inngripande tiltaket er, vil blant anna vere avhengig av busituasjonen og reisevegen til

elevane. Skolebyte på tvers av kommune- eller fylkesgrenser krev ein avtale mellom skoleeigarane.

Fjerde ledd plasserer vedtaksmakta hos skoleeigaren for elevar i offentleg skole. Dette inneber at kommunen gjer vedtak for elevar i grunnskolen. Fylkeskommunen gjer vedtak for elevar i vidaregåande opplæring. For elevar i frittstående skolar er det heimkommunen eller heimfylket som gjer vedtaket i første instans, sjå nedanfor under friskolelova § 2-4. Oppgåva kan ikkje delegerast til rektor på skolen. Det går fram av § 15-2 andre ledd og friskolelova § 2-4 andre ledd at fylkesmannen er klageinstans (etter delegert fullmakt frå departementet). Fylkesmannen er klageinstans for vedtak om elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring, både for offentlege skolar og for friskolar.

Femte ledd nemner to saksbehandlingskrav for vedtak om pålagt skolebyte. Alminnelege krav for enkeltvedtak etter forvaltningslova gjeld òg. Dei to nemnde krava fell i stor grad saman med saksbehandlingskrava for andre tiltak som kan gjerast etter kapittel 9 A.

Før det kan gjerast vedtak om pålagt skolebyte, skal den som gjer vedtaket, ha rådført seg med rektoren og lærarane til eleven tiltaket vil ramme. Tilsvarende vilkår gjeld òg i saker om bortvising. Vilkåret sikrar ei forsvarleg opplysning av saka og må sjåast i samanheng med den generelle utgreiingsplikta i forvaltningslova § 17. Kravet kan òg sjåast i samanheng med undersøkingsplikta i § 9 A-4 tredje ledd. Føresegna om skolebyte lovfestar kven skoleeigaren eller klageinstansen som eit minimum skal rådføre seg med før dei gjer vedtak. I tillegg vil forsvarleg opplysning av saka tilseie at det blir henta inn råd frå andre som kjenner eleven og situasjonen, til dømes foreldra, helsesjukepleiar, sosiallærar, rådgivar, PPT, barnevern med meir. Utvekslinga av opplysningar må skje i samsvar med reglane om teieplikt.

Vidare må den som gjer vedtak, sørgje for at eleven som kan bli ramma av eit pålagt skolebyte, blir høyrd før avgjerda blir teken. Medelevane sin rett til å bli høyrde er dekt av regelen om aktivtetsplikta til skolen i § 9 A-4. Retten barn og ungdom har til å bli høyrde i saker som vedgår dei, følgjer òg av Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 12. Når skoleeigaren, fylkesmannen eller andre klageinstansar høyrer eleven, må dette skje på ein måte som reelt sikrar retten til eleven. Både framstillinga av saka og korleis eleven blir invitert til å gi uttrykk for oppleving, ønske og meiningar, må tilpassast den konkrete saka og den konkrete eleven.

Sjette ledd viser til at omsynet til det beste for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i vurderingane av om skolebyte skal påleggjast, og i sjølv saksbehandlinga. Som utgangspunkt skal skolemiljøtiltak gjennomførast så skånsamt som mogleg for alle involverte. I saker om skolemiljø generelt, òg i saker om skolebyte, skal det gjerast ei reell vurdering av kva for handlingar som er til beste for elevane det vedkjem. Dette vil blant anna påverke vurderinga av om skolebyte bør påleggjast. Sjølv saksbehandlinga må òg vere «elevvennleg». Plikta til å vareta omsynet til barns beste følgjer òg av Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3.

Til § 10-9

Overskrifta til § 10-9 blir endra for å få betre samsvar mellom overskrifta og innhaldet i paragrafen.

Til § 10-9 tredje ledd

Første punktum blir endra ved at vidaregåande skole blir inkludert i opprekninga. Tilsetjingsforbodet gjeld dom eller førelegg for seksuelt overgrep mot mindreårige, uansett om alder er eit straffevilkår i lova. Der alder ikkje er eit straffevilkår, vil det ikkje gå fram av politiattesten om den fornærma var mindreårig eller ikkje. Ei slik opplysning må tilsetjingsmakta da skaffe sjølv.

Departementet understrekar at «dømde» skal omfatte vedteke førelegg.

Til § 12-3 andre ledd

Det blir tilføyd eit nytt *tredje punktum* om at alle organisasjonane som er representerte i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring, har rett til å vere representerte i yrkesopplæringsnemndene. I dette ligg det ei plikt for fylkeskommunane til å høyre med desse organisasjonane i forkant av oppnemninga av nemnda.

Det blir òg gjort ei mindre endring i det som blir nytt *femte punktum*. Endringa inneber at praksisbrevkandidatar blir nemnde på lik linje med elevar, lærlingar og lærekandidatar. Dette er ei justering for å tilpasse føresegna til regelverket elles.

Til § 13-7 b

Føresegna er ny og pålegg kommunane ei plikt til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur til elevane i grunnskolen. Plikta gjeld berre for offentlege grunnskolar. Friskolar godkjende etter fri-

skolelova og privat grunnskolar etter opplæringslova § 2-12 har ikkje ei tilsvarende plikt.

Føresegna pålegg kommunane ei plikt til å tilby leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting som del av grunnskoleopplæringa. Leirskoleopphaldet eller skoleturen skal ha ei lengd på minst tre overnattingar, og overnattingane må vere i samanheng. Skolane kan velje å tilby eit tradisjonelt leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting, som kan vere utanlandstur. Skolen sitt ansvar for skoleturar, forsikringar og kravet om at alle elevar skal kunne delta, vil vere det same uavhengig av om skolen vel å tilby eit tradisjonelt leirskoleopphald eller ein annan type tur.

Plikta til kommunane gjeld for alle elevar i grunnskolen. Ein må ta omsyn til ulike behov i elevgruppa når ein planlegg turen. For å sikre at flest moglege elevar blir med, bør turen planleggjast i god tid og i samarbeid med foreldre og elevar. Foreldre må få informasjon om kva ein slik tur inneber, og kva opplegget på turen skal vere. Ein bør til dømes gi informasjon om overnatting, transport, måltid og talet på vaksne som er til stades. Turen skal vere gratis, og skolen må leggje til rette for at elevar med særlege behov, til dømes funksjonsnedsetjingar, skal kunne delta.

Leirskolen skal vere ein del av grunnskoleopplæringa og må derfor vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dette inneber blant anna at skolane må rette seg etter verdigrunnlaget i den generelle delen av læreplanen og kompetansemåla som er fastsette i læreplanane for fag, og at dei må oppfylle minstekrava i fag- og timefordelinga. Innanfor rammene av læreplanverket står skolane fritt til å planleggje leirskoleopphaldet eller skoleturen. Dette er i samsvar med korleis kommunane og skolane normalt skal organisere og gjennomføre opplæringstilbodet sitt.

Til § 15-2 andre ledd

Andre ledd gjer unntak frå alminnelege reglar om klager på fylkeskommunale vedtak. Endringa gjer Kunnskapsdepartementet til klageinstans for vedtak om pålagt skolebyte, òg i vidaregåande opplæring. Oppgåva vil bli delegert til fylkesmannen for å sikre samanhengen med andre oppgåver etter opplæringslova.

11.2 Endringar i friskolelova

Til § 2-4 andre ledd

I *andre punktum* er det presisert at det er heimkommunen eller heimfylket som gjer vedtaket om skolebyte i første instans. *Tredje punktum* blir endra slik at det kjem fram at Kunnskapsdepartementet er klageinstans for enkeltvedtak etter § 9 A-7 om fysisk skolemiljø og enkeltvedtak etter § 9 A-12 om skolebyte. Oppgåva vil bli delegert til fylkesmannen for å sikre samanhengen med andre oppgåver etter opplæringslova og friskolelova.

Til § 3-3 første ledd

Andre til sjette punktum blir oppheva. Regel blir flytta til ny § 9 A-12 i opplæringslova og blir utvida til òg å gjelde elevar i vidaregåande opplæring. Den nye regelen gjeld for elevar i friskolar gjennom tilvisinga i friskolelova § 2-4 andre ledd.

Til § 4-3

Overskrifta til § 4-3 blir endra for å få betre samsvar mellom overskrifta og innhaldet i paragrafen.

Til § 4-3 tredje ledd

Første punktum blir endra slik at vidaregåande skole blir inkludert i opprekninga. Tilsetjingsforbodet gjeld dom eller førelegg for seksuelt overgrep mot mindreårige, uansett om alder er eit straffevilkår i lova. Der alder ikkje er eit straffevilkår, vil det ikkje gå fram av politiattesten om den fornærma var mindreårig eller ikkje. Ei slik opplysning må tilsetjingsmakta da skaffe sjølv.

Departementet understrekar at «dømde» òg skal omfatte vedteke førelegg.

11.3 Endringar i folkehøgskolelova

Til § 6

Overskrifta til § 6 blir endra for å få betre samsvar mellom overskrifta og innhaldet i paragrafen.

I folkehøgskolelova § 6 *første punktum* foreslår departementet at politiattest med innhald som i politiregisterlova § 39 skal leggjast fram. For folkehøgskolar blir kravet om slik politiattest gjort obligatorisk og dermed gjort om frå ein «kan»- til ein «skal»-regel.

Ligg det føre ein dom for seksuelt overgrep mot mindreårig, kan personen som er tilboden ei

stilling, ikkje tilsetjast i stilling ved skolen, verken fast eller mellombels. Dette tilsetjingsforbodet er foreslått som eit *nytt andre punktum* i føresegna.

I folkehøgskolelova § 6 første ledd blir det vidare tilføyd eit *nytt tredje punktum* om «andre tilfelle», jf. tilsvarande ordlyd i opplæringslova § 10-9 tredje ledd og friskolelova § 4-3 tredje ledd. Dette er ei omskriving av det som i dag står i folkehøgskolelova § 6 første ledd andre punktum. Det er berre ei språkleg endring, inga realitetsendring.

Departementet understrekar at «dømd for» òg skal omfatte vedteke førelegg.

11.4 Endringar i yrkeskvalifikasjonslova

Til § 2 andre ledd

I *første punktum* blir det presisert at for yrke som er omfatta av helsepersonellova og dyrehelsepersonellova, gjeld berre reglane i §§ 22 til 24 om koordinator, assistansesenter og statistikkrapportering. Desse føresegnene gjeld uavhengig av sektortilknytning, og det er krav som er sette til myndighetene. Godkjenning av helsepersonell og

dyrehelsepersonell er regulert av *forskrift om autorisasjon, lisens og spesialistgodkjenning for helsepersonell med yrkeskvalifikasjoner fra andre EØS-land eller fra Sveits og forskrift om rett til å arbeide som dyrehelsepersonell eller seminpersonell etter EØS-avtalen*.

Til § 20 første ledd

Plikta til å varsle alle andre statar i EØS om vedtak om avgrensingar, permanent eller mellombels, i ein person si yrkesutøving gjeld for vedtak både frå nasjonale domstolar og frå nasjonale myndigheter. Departementet viser elles til merknadene til § 20 i Prop. 139 L (2015–2016), kap. 6.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (samleproposisjon).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (plikt til å tilby skoletur med overnatting, skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring, opplæring i kvensk, samansetjing av yrkesopplæringsnemnder, politiattest i vidaregåande skole m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (plikt til å tilby skoletur med overnatting, skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring, opplæring i kvensk, samansetjing av yrkesopplæringsnemnder, politiattest i vidaregåande skole m.m.)

I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir desse endringane gjorde:

§ 2-7 overskrifta og første ledd skal lyde:

§ 2-7 *Kvensk- eller finskopplæring for elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn*

Når minst tre elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark krev det, har elevane rett til opplæring i *kvensk eller finsk*. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa *blir fastsett* i forskrifter etter § 2-2 og § 2-3 i denne lova. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv om dei vil ha *slik* opplæring.

§ 2-12 tredje ledd skal lyde:

For private grunnskolar gjeld også §§ 2-2, 2-5 første, andre, tredje og sjettede ledd, 2-11, 8-2, 9-1, 9-2, 9-3, 9-4, 9-5, 9-6, 9-7, kapittel 9 A, §§ 10-1, 10-2, 10-6, 10-6a, 10-9, 11-1, 11-2, 11-4, 11-7, 11-10, 13-3b, 13-5, 13-7a, 13-10, 14-1, 14-4, 15-3 og 15-4.

§ 4-5 tredje ledd første punktum skal lyde:

Lærlingar og praksisbrevkandidatar som har fylt 21 år og som inngår lærekontrakt eller opplæringskontrakt med full opplæring i bedrift, jf. § 3-3 *fjerde* leddet, skal ha ei prøvetid på seks månader.

§ 8-1 fjerde ledd blir oppheva.

§ 9 A-6 fjerde ledd tredje punktum skal lyde:

Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 9 A-12.

Ny § 9 A-12 skal lyde:

§ 9 A-12 *Skolebyte*

Ein elev i grunnskolen kan flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven elles har rett til å gå på, dersom oppførselen til eleven i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Skolebyte skal likevel ikkje skje dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar.

Om vilkåra i første ledd er oppfylte, kan ein elev i vidaregåande opplæring flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven er teken inn på. Eleven har rett til å halde fram på same utdanningsprogram og programområde.

Skolebyte etter første og andre ledd skal ikkje skje dersom eleven må flytte ut av heimen, eller om dagleg skyss ikkje er forsvarleg.

Kommunen gjer vedtak for elevar i grunnskolen. Fylkeskommunen gjer vedtak for elevar i vidaregåande opplæring.

Før det blir gjort vedtak om skolebyte, skal den som gjer vedtak, rådføre seg med rektor og lærarane til eleven og sørge for at eleven blir høyrd.

Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i vurderingane etter første og andre ledd og i saksbehandlinga.

Noverande §§ 9 A-12 til 9 A-15 blir §§ 9 A-13 til 9 A-15 og ny § 9 A-16.

§ 10-9 overskrifta skal lyde:

§ 10-9 *Politiattest og forbod mot tilsetjing*.

§ 10-9 tredje ledd første punktum skal lyde:

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller melombels i grunnskolen, i den vidaregåande skolen

eller i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga, for å gi leksehjelp eller i skoleliknande aktivitetstilbod som nemnt i første ledd.

§ 12-3 andre ledd skal lyde:

Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og selselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. *Alle organisasjonar som er representerte i organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa jf. § 12-1, har rett til å vere representerte i nemnda.* Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst éin representant for elevar, lærlingar, *praksisbrevkandidatar* eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.

Ny § 13-7 b skal lyde:

§ 13-7 b *Plikt for kommunen til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur*

Kommunen skal som ein del av grunnskoleopplæringa tilby elevane leirskoleopphald eller annan skoletur med minst tre overnattingar.

§ 15-2 andre ledd skal lyde:

Departementet er klageinstans for enkeltvedtak om inntak og spesialundervisning i den vidaregåande opplæringa, enkeltvedtak om opplæring i inntil to år ekstra etter § 3-1 femte ledd, enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, *enkeltvedtak* om fysiske miljøforhold etter § 9 A-7 og *enkeltvedtak om skolebyte* etter § 9 A-12.

II

I lov 6. desember 2002 nr. 72 om folkehøgskoler skal § 6 lyde:

§ 6 *Politiattest og forbud mot ansettelse*

Den som skal ansettes fast eller midlertidig ved en folkehøgskole, skal legge fram politiattest som nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd. Personer som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikke ansettes fast eller midlertidig i slike skoler. I andre tilfelle må konsekvensene av merknader på politiattesten vurderes konkret.

III

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar blir desse endringane gjorde:

§ 2-4 andre ledd skal lyde:

Opplæringslova kapittel 9 A om elevane sitt skolemiljø gjeld også for skolar godkjende etter lova her, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11. *I saker om skolebyte etter § 9 A-12 er det heimkommunen eller heimfylket som gjer vedtak.* Departementet er klageinstans for *enkeltvedtak* etter § 9 A-7 om det fysiske *skolemiljøet* og *enkeltvedtak* etter § 9 A-12 om skolebyte.

§ 3-3 første ledd andre til sjetten punktum blir oppheva.

§ 4-3 overskrifta skal lyde:

*§ 4-3 **Politiattest og forbud mot tilsetjing.***

§ 4-3 tredje ledd første punktum skal lyde:

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller melombels i grunnskolen, *i den vidaregåande skolen* eller i skoleliknande aktivitetstilbod eller for å gi leksehjelp etter § 7-1 e.

IV

I lov 16. juni 2017 nr. 69 om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner blir desse endringane gjorde:

§ 2 andre ledd første punktum skal lyde:

For yrker som omfattes av lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. og lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell, gjelder kun §§ 22 til 24.

§ 20 første ledd skal lyde:

Den ansvarlige myndigheten skal innen tre dager varsle ansvarlige myndigheter i samtlige øvrige EØS-stater om en yrkesutøver har fått begrenset retten til å utøve yrket av nasjonale *myndigheter* eller domstoler, både midlertidig og permanent. Dette gjelder for yrkesutøvere som utøver et lovregulert yrke med opplæring av mindreårige, herunder barnehage.

VI

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i kraft dei ulike føresegnene til ulik tid.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 04/2019

